



Vestnes kommune



Foto: Asle Klock



«Søblomsten» kom heim til Helland 12. september 2020

Årsrapport 2020



midt i blinken

Innhald

Side	5		Innleiing ved administrasjonssjefen
Side	7		Organisasjonskart
Side	8	Kap 1	Vestnes kommune som arbeidsgjevar
Side	19	Kap 2	Digitalisering av verksemda
Side	22	Kap 3	Sentraladministrasjonen
Side	27	Kap 4	Barnehagane
Side	37	Kap 5	Grunnskule og SFO
Side	45	Kap 6	Barn, ungdom og familie (BUF)
Side	57	Kap 7	Eining fag kvalifisering og integrering (EKI)
Side	63	Kap 8	Kultur og fritid
Side	77	Kap 9	Helse, omsorg og velferd
Side	90	Kap 10	Bu- og habiliteringstenestene
Side	100	Kap 11	Tekniske tenester
Side	108	Kap 12	Eining for Eigedomsdrift
Side	116	Kap 13	Politisk verksemd
Side	119	Kap 14	Økonomi og rekneskap
Side	142		Årsrekneskap 2020

Innleiing ved administrasjonssjefen

Covid-19

2. mars 2020 var min første arbeidsdag som administrasjonssjef i Vestnes kommune, dette var om lag samstundes som Covid-19 vart satt på dagsorden nasjonalt i Norge. På dag 2 vart det satt kriseleiing og vi stod framfor utfordringar som ingen hadde vore borti før og det var såleis ikkje fasitsvar på løysingane. 2020 vart eit krevjande år for Vestnes kommune. Heldigvis har vi dyktige tilsette som har stått på, vore framoverlent og gjort ein fantastisk jobb! Eg takkar de alle for den innsatsen som de har lagt ned i 2020 både i høve covid-19, men også at vi i ein vanskeleg situasjon har klart å levere gode tenester til våre innbyggjarar.

Utfordringar med økonomi og sjukefråvær

Vestnes kommune har over fleire år hatt eit stort press på økonomien og vi har ikkje klart å skape overskot. Budsjettet for 2020 var stramt og kravde store reduksjonar i driftsutgiftene. Dette var ei stor utfordring og Covid-19 gjorde utfordringa enda større. Omsynet til smittevern gjorde at det var vanskeleg å få til gode prosessar, ressursane gjekk i stor grad med til arbeidet med covid-19 og vi kan ikkje på kort sikt omstille ein organisasjon som «står i krigen». Dette, saman med reduksjon i inntekter, gjorde (kort oppsummert) at vi fekk eit stort overforbruk i 2020 på ca. 18 millionar.

I tillegg ser vi at sjukefråværet har over tid vore for høgt og har auka i 2020. Samla sjukefråvær i 2020 var 10,4 %. Vi har eit mål om at det ikkje skal vere høgare enn 8 %. Mykje av auka skuldast nok Covid-19, då tilsette har opplevd høgt arbeidspress, samstundes som ein må halde seg heime med teikn på Covid-19 symptom.

Omstilling

Vestnes kommune må med bakgrunn i ovannemnde utfordringar, inn i ei større omstilling. Bakgrunnen er som følgjande (oppsummert):

*Det har over år etablert seg eit mishøve mellom kommunen sine inntekter og kommunen sine kostnader som ikkje er berekraftig. Dersom vi ikkje snarleg gjer grep, vil dette kunne utvikle seg til ei økonomisk krise for kommunen. **Vestnes kommune må difor gjennom ei større omstilling for at vi også i framtida skal sikre gode tenester til våre innbyggjarar og for å kunne investere for framtida.***

Her er det ingen «quick fix». Dette vil vere ei krevjande omstilling, men saman skal vi løyse dei utfordringane vi står ovanfor.

Næring

Covid-19 har for næringslivet vore svært krevjande med fleire permitteringar. Ei anna utfordring har vore smittevern. Her opplever administrasjonssjefen at næringslivet har arbeida godt og det har vore eit godt samarbeid med kommunen.

Det har vore etterspurnad etter næringsareal i 2020, spesielt på Gjermundnes og Trohaugen. Dette er eit viktig fokusområde for kommunen. Vi ønskjer å vere framoverlent og på tilbodssida når aktørane ser til Vestnes etter næringsareal.

Det er gledeleg at vi i Vestnes har hatt auke i talet på butikkar. Dette som einaste kommune i Romsdal. I tillegg har det vore vekst i handelen i 2020.

I 1864 vart galeasen «Søblomsten» bygd i Vestnes. I 2020 kom den tilbake til oss og blir ein attraksjon i kommunen.

Digitalisering

Covid-19 har auka digitaliseringstakta i Vestnes kommune. Digitale flater har gjort at mange tilsette har kunne hatt heimekontor, vi har til dømes gjennomført brukarsamalar digitalt og vi har gjennomført heimeundervisning i skulen. I 2020 har vi fått ei påminning kor viktig digitaliseringa vil vere framover og vil vere ein viktig del av omstillingsprosessen vi no skal gjennom. Dette både for å legge til rette for ei effektiv forvaltning gjennom auka verdiskaping og auka produktivitet, men også ha innbyggjarfokus gjennom å tilby nye og betre tenester som er effektive og enkle å nytte.


2020 har vist oss at vi ikkje veit kva framtida bringer og har vore eit år med mange utfordringar. Eg er difor glad eg har dyktige tilsette på laget for å møte dei utfordringane som vi står ovanfor i 2021.

Vestnes. 28. mars 2020



Kristian Skålhavn
Administrasjonssjef

Vestnes kommune - organisering



Kap 1 Vestnes kommune som arbeidsgjevar

Visjon:

- Vestnes kommune er ein arbeidsgjevar som er «midt i blinken» for tilsette som vil arbeide i ein framtidretta og utviklingsorientert organisasjon.
- I Vestnes kommune tek medarbeidarar og leiarar eit felles ansvar for å skape gode og effektive arbeidsplassar.

1.1 IA avtalen

Vestnes kommune har inngått IA-avtale for perioden 2019-2022.

Dette inneber at kommunen har plikter og rettar etter IA-avtalen og har tilgang på ordningar og tiltak som t.d. eigen IA-kontakt og økonomisk støtte frå NAV. Den nye IA-avtalen bygger på tidlegare avtale når det gjeld å samarbeide om reduksjon i sjukefråværet og hindre fråfall frå arbeidslivet. Målet for IA-avtalen er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom førebyggjande sjukefråværsarbeid og samtidig oppnå auka trivsel og nærvær og hindre fråfall frå arbeidslivet.

1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

Dei to delmåla i IA-avtalen for perioden 2019 - 2022 er:

1. Reduksjon av sjukefråvær
2. Personar med redusert funksjonsevne

I mål- og handlingsplan for 2019 - 2022 har Vestnes kommune fokusert på delmål nr. 1, reduksjon av sjukefråvær. Delmål 2 er integrert i tilrettelegging for tilsette med nedsett funksjonsevne.

Sjukefråvær 2020

Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (mindre einingar kan få høg fråværsprosent dersom t.d. éin tilsett har langtidsfråvær).

Fráværsprosent 2015	Fráværsprosent 2016	Fráværsprosent 2017	Fráværsprosent 2018	Fráværsprosent 2019	Fráværsprosent 2020
9,7	10,3	8,9	8,9	9,9	10,4

Totalt for kommunen	Eigenmeldt sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Sjukefråvær Totalt 2020: 10,4 %	Sjukefråvær Totalt 2019: 9,9 %
Eining for eigedomsdrift	0,9	4,0	4,9	4,0
Tekniske tenester	1,0	10,2	11,2	5,2
Barn, Ungdom og familie	0,7	6,6	7,3	6,9
Kvalifisering & integrering	0,8	2,8	3,6	13,0
Heimetenestene	0,8	12,9	13,7	10,2
Sjukeh/Trygdeh/sent.kj	1,4	15,9	17,3	16,4
Hellandtunet	1,0	9,4	10,4	6,2
Bu- og habilitering	1,4	11,4	12,8	11,4
Kulturskule/bibl/frivillig	0,6	4,1	4,7	7,7
Helland skular/SFO	0,8	6,9	7,7	7,6
Tresfjord barnehage - eiga eining fom 01.08.20	2,8	14,6	17,4	-
Tomrefjord skule/SFO	1,2	3,5	4,7	6,3
Fiksdal Oppvekstsenter	0,6	5,2	5,8	8,5
Helland barnehage	2,4	13,1	15,5	9,7
Tomrefjord barnehage ogGardstunet barnehage	1,4	2,9	4,3	10,4
Legesenter, Fysio, PPT NAV kommune	0,9	8,3	9,2	12,1
Sentraladministrasjon	0,5	4,7	5,2	7,6

Tiltak i 2020 for å redusere sjukefråværet

Covid-19 pandemien er sannsynlegvis noko av årsaka til at sjukefråværet har auka. Pandemien har medført låg terskel for å halde seg heime frå arbeid grunna gjeldande smittevernreglar

I 2020 var det planlagt oppstart for lokalt tilpassa bransjeprogram for barnehagar og institusjonar. Heimetenestene og Helland barnehage hadde oppstart av ein lokal variant av bransjeprogrammet i 2020 og vil halde fram med arbeidet i 2021.

IA-avtalen for 2019 - 2022 set arbeidsplassen i sentrum. Organisering og verkemiddel gjennom bransjeprogramma skal støtte arbeidet som leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette gjer i den enkelte eining. Eksterne støttespelarar i bransjeprogramma er NAV Arbeidslivssenter, Nav lokalt og Bedriftshelsetenesta.

Sjukefråvær er eit samansett fenomen og forskning viser at det i det førebyggjande sjukefråværsarbeidet er viktig å fokusere på samspelet mellom ulike faktorar.

Vestnes kommune har gjennom fleire år hatt systematisk fokus på reduksjon av sjukefråværet. For å forankre og systematisere sjukefråværsarbeidet vart det i 2020 oppretta eit eige IA-utval som er samansett av aktuelle leiarar, avdelingsleiarar, tillitsvalde, verneombod, NAV, Bedriftshelseteneste og administrasjon. Utvalet skal fungere som styringsgruppe og er organisert som ein prosjektorganisasjon.

Tabell sjukefråvær heiltid og deltid 2020

Arbeidsdag_heiltid_deltid	Sjukefråværsgruppe	1 - 50%	51 – 99%	100%	Total
	Måltal	Andel	Andel	Andel	Andel
0	Ukjent	0,03	0,08	0,00	0,11
1	Heiltid	9,80	7,66	39,91	57,37
2	Deltid	5,25	4,14	33,13	42,52

Statistikken viser forskjellen mellom heiltidstilsette og deltidstilsette når det gjeld sjukefråvær. Den største forskjellen finn vi ved gradert sjukefråvær. Forskjellen er mindre vesentleg ved 100 % fråvær.

1.3 Budsjett- og premissavvik for kommunestyret sine bevillingar for 2020

Vestnes kommune hadde i 2020 eit meirforbruk i høve budsjett på ca. 18,7 mill. kroner. Dette er i hovudsak knytt til eit overforbruk i drifta med ca. 16 mill. kroner. Dei fleste sektorane hadde overforbruk, men i prosent var det størst i grunnskulen.

Netto driftsresultat, vart minus 14 694 086,- kroner, og tilsvarar minus 1,8 % av driftsinntektene. Teknisk berekningsutval rår til at vi skal ha eit mindreforbruk på 1,75 % av brutto driftsinntekter, noko som for 2020 ville betydd eit mindreforbruk på ca. 10 mill. kroner. Det er altså eit gap her på ca. 24 mill. kroner. Den økonomiske handlingsevna er såleis trua og dette vil påverke drift og investeringar framover.

Utviklinga av nettodriftsresultat dei siste åra er som følgjande:

År	Netto driftsresultat
2008	-51 758 000
2009	11 450 000
2010	16 430 000
2011	-8 320 000
2012	32 406 000
2013	-870 000
2014	6 631 000
2015	-4 894 000
2016	1 508 000
2017	4 611 000
2018	6 971 000
2019	-5 675 000
2020	-14 694 000

Vestnes kommune må med bakgrunn i ovannemnde utfordringar, inn i ei større omstilling. Bakgrunnen er som følgjande (oppsummert):

*Det har over år etablert seg eit mishøve mellom kommunen sine inntekter og kommunen sine kostnader som ikkje er berekraftig. Dersom vi ikkje snarleg gjer grep, vil dette kunne utvikle seg til ei økonomisk krise for kommunen. **Vestnes kommune må difor gjennom ei større omstilling for at vi også i framtida skal sikre gode tenester til våre innbyggjarar og for å kunne investere for framtida.***

Vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap, og vesentlege avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av bevillinga:

Rammeoverføring:

Kommunen fekk omleg 12 mill. kroner meir i rammeoverføring knytt til Covid-19. I tillegg vart arbeidsgjevaravgifta satt ned og gav ei innsparing på 3,6 mill. kroner. Covid-19 gjorde også at vi fekk eit lønsoppgjør som var ca. 5 mill. kroner lågare enn budsjettet, men dette skulle inngå som ein del av kompensasjonen knytt til Covid-19. Samla dekte nok ovannemnde store delar av dei direkte utgiftene, men ikkje alle dei indirekte utgiftene som til dømes at vi ikkje fekk sett i verk innsparingstiltak, ressursar som gjekk med til Covid-19 m.m.

Utbytte av VEAS:

I budsjettet for 2020 var det lagt til grunn eit forventta utbytte frå VEAS med 4,7 mill. kroner. Generalforsamlinga i VEAS (kommunestyret) vedtok etter råd frå styre eit utbytte på 3,2 mill. kroner.

Havbruksfond:

Vi fekk 1,8 mill. kroner mindre enn budsjettet, noko som skuldast at Stortinget vedtok nye retningsliner for utbetaling frå Havbruksfondet.

Skatt og skatteutjamning:

I opphavelag budsjettvedtak for 2020 vart det budsjettet med skatteinntekter på 203,7 mill. kroner. I sak kring budsjettendringar i junimøtet (kst 45/20) vart budsjettet redusert med 3,97 mill. kroner, og i samband med driftsrapport for 3. kvartal 2020 (kst 117/20) vart den ytterlegare redusert med 1,7 mill. kroner. Budsjetterte skatteinntekter enda då på 198 mill. kroner, medan faktiske skatteinntekter blei 196,2 mill. kroner. Budsjettet var basert på KS og

regjeringa sine anslag for skatteinngang i kommunane. Som følgje av Covid-19 var dette særleg usikkert og endra seg mykje i løpet av 2020.

Føring av variabelløn:

Variabelløn for desember er utbetalt i januar det neste året. Derimot skal det periodiserast for desember, noko Vestnes kommune ikkje har gjort. Vi gjennomfører dette for 2020. Vi fekk ikkje rekna i detalj på kor stort dette beløpet er og har difor gjort eit anslag på ei estimert avsetning på kr 5 millionar for 2020. Beløpet er nok ein del høgare og vi vil nytte 2021 på å arbeide fram konkrete talet. Dei 5 millionane vart utgiftsført for 2020 under fellesutgifter i sentraladministrasjonen. Dette er grunnen til meirforbruket på dette området.

Bu- og habiliteringstenestene:

Kommunestyret la til grunn ei redusert budsjetttramme på 3,2 mill. kroner frå 2019 til 2020. Meirforbruket på eininga vart 3,8 mill. kroner. Det hadde samband med at brukarar knytt til ansvarsreforma vert, ved naturleg avgang, redusert kvart år. I 2020 vart det 4 færre. Derimot har vi fått fleire nye brukarar og brukarar med auka behov. Det har difor ikkje vore mogleg å omstrukturere bustadane og halde dei tom. Dette medførte store auka utgifter og er ein av hovudgrunnane til meirforbruk. Covid-19 førte også til høgare sjukefråver, sidan ein må vere heime om ein har symptom. Dette, samt at turnusar ikkje har vore oppdatert, har ført til stort bruk av overtid. På slutten av året vart fleire turnusar oppdatert for å møte desse utfordringane. Det var vanskeleg å gjennomføre gode tiltak i løpet av året grunna Covid-19, sidan mykje av ressursbruken blei brukt på å gjennomføre smitteverntiltak.

Helse, omsorg og velferd:

Her er det eit samla meirforbruk på 3,4 mill. kroner. Kommunestyret la til grunn i budsjettet ei innsparing på 1,3 mill. kroner. I budsjettsaka var det ikkje synleggjort korleis ein skulle ta inn innsparinga. I tillegg var det budsjettert med kraftig reduksjon i overtid. Covid-19 gjorde det vanskeleg, om ikkje umogleg, å gjennomføre gode prosessar for å avdekke og gjennomføre aktuelle tiltak. Området hadde store utfordringar gjennom Covid-19 grunna låg terskel for å halde seg heime med symptom. Dette gjorde at å redusere overtida var vanskeleg. Likevel ser vi at meirforbruket knytt til heimetenestene og institusjon ikkje blei spesielt høgt. Meirforbruket er i hovudsak knytt til fellesutgifter, eining for integrering og kvalifisering (EKI), barnevern og NAV.

Meirforbruket knytt til fellesutgiftene er i hovudsak knytt til elevar frå andre kommunar som bur på internat ved Gjermudnes VGS. Her må Vestnes kommune dekke utgiftene og dette var ikkje medrekna i budsjettet. I tillegg låg det inne eit uspesifisert innsparingstiltak. EKI mottok færre flyktningar enn venta grunna Covid-19. Barnevernet er ei vanskeleg teneste å budsjettere, vi hadde heller ikkje fått eit konkret budsjettforslag (frå vertskommunen) når budsjettet vart lagt. Dette og naturlege variasjonar knytt til tiltak utanfor heimen var medverkande til eit meirforbruk på omlag 1,4 mill. kroner. NAV hadde høgt overforbruk på økonomisk sosialhjelp som følgje av fleire brukarar som følgje av situasjonen med Covid-19. I tillegg har endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar gjort at det vert fleire som mottok økonomisk sosialhjelp. BUF hadde derimot eit klart mindreforbruk grunna reduksjon i tenesteyting til brukarar, som til dømes omsorgsstønad, støttekontakt og besøksheim. I tillegg var behovet knytt til bustadtiltaket redusert.

Barnehage:

Tilskott til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og/eller spesial pedagogisk hjelp utgjorde 4,3 mill. kroner i 2020, ein auke på 2,5 mill. kroner frå 2019. I budsjettet var det ikkje teke høgde for slik stor auke. Det var vanskeleg å gjere grep for å dempe utgiftene i løpet av året, noko som skuldast kravet om bemanningsnorm. Vidare så har kommunestyret

vore tydeleg på at kommunen skal ha open barnehage om sommaren og kunne ta imot barn i løpet av året utover ordinære søknadsfristar.

Grunnskule og SFO:

Grunnskulane har hatt meirforbruk i fleire år, i 2020 var overforbruket på 3,5 mill. kroner. Dette var størst av alle området sett i prosent. Kommunestyret la til grunn ei innsparing på 1,7 mill. kroner knytt til bruk av Tresfjord skule som ungdomsskule. Dette gjaldt frå hausten 2020.

Overforbruket er knytt til kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar. Det har vore ei auke på 23 elevar som har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning. Kommunen tok og imot elevar frå Vågstranda frå hausten og utgiftene her må sjåast i samanheng med drifta. Til dømes vart det oppretta ein ekstra klasse på barneskulen som ikkje var tatt høgde for når elevane frå Vågstranda kom. Vi auka administrasjonsressursen i delinga av Helland skule. Dette låg ikkje i budsjettet. PPT hadde derimot eit klart mindreforbruk, noko som skuldast vakanse.

Tekniske tenester:

Tekniske tenester hadde eit meirforbruk på 1,2 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at gebyrinntektene på oppmåling var mindre i 2020 enn tidlegare.

Investering:

Ein del av investeringsprosjekta i 2020 vart ikkje starta opp og ein del vart ikkje ferdig, dette er nærare beskreve i kap. 14. Unytta løyvingar på 98 mill. kroner er overført til 2021 og gjaldt i hovudsak Stella Maris, jf. KST 9/21. 2020 var eit spesielt år både med Covid-19 og ferdiggjering av Stella Maris. Eigedomsavdelinga har hatt mykje arbeid med planlegging og gjennomføring av helsehuset og har ikkje hatt kapasitet til å fullføre alle andre prosjekt.

Vi har vurdert om det er vesentlege avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av bevillingane. Konklusjonen er at ein kan ikkje sjå at det er vesentlege avvik utover dei innsparingstiltaka som er lagt til grunn og som kommunen av ulike grunnar ikkje har klart å realisere. I tillegg vart ein del investeringar ikkje ferdig eller påbegynt som følgje av situasjonen med Covid-19, samt at mykje tid og ressursar blei brukt i arbeidet med Stella Maris. Begge desse momenta er kommentert ovanfor.

Vestnes kommune hadde ikkje satt økonomiske måltal for 2020. Dette er gjort i 2021 i tråd med oppdatert økonomi- og finansreglement. Måltala er knytt til netto driftsresultat, storleik på disposisjonsfondet og gjeldsgrad.

For meir detaljert informasjon, sjå under kvart område (avsnitt om økonomisk resultat 2020) og under kapittel 14 Økonomi og rekneskap.

1.4 Uttak av pensjon

Pensjonstype	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Alderspensjon	10	16	18	11	14	10	19	10
AFP	10	13	10	9	9	16	9	9
Uføre- /attføringspensjon KLP	19	36	32	27	11	11	18	8

Talet på tilsette som har tatt ut alderspensjon i 2020 er redusert samanlikna med 2019, medan talet på AFP-pensjonistar er det same som i 2019. Av tilsette som tok ut AFP, var det 4 som tok ut delvis AFP.

Talet på tilsette som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er redusert frå 2019 til 2020. Av dei 8 som søkte uførepensjon var det 3 som søkte delvis uførepensjon.

1.5 Verneteneste

Vestnes kommune er delt inn i 32 verneområde med eitt verneombod for kvart verneområde. Vigdis Lenning begynte som nytt hovudverneombod (HVO) i 2020.

HVO er representant for arbeidstakarar og verneombod i sentrale saker som vedkjem arbeidsmiljøet i tillegg til å samordne, støtte og rettleie verneomboda i deira arbeid. HVO skal sjå til at arbeidsgjevar følgjer arbeidsmiljølova sine forskrifter slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik for den einskilde arbeidstakar blir ivaretatt.

HVO er fast representant i AMU og deltek i dei månadlege møta mellom administrasjonen og hovudtillitsvalde, har vore med i prosjektstyret for Helsehuset Stella Maris, deltek i nettverk for hovudverneombod i Møre og Romsdal og er kommunen sin AKAN-kontakt. HVO er deltakar i IA – utval som part i Inkluderande Arbeidsliv (IA).

1.6 Tillitsvalde

Vestnes kommune har 12 ulike tillitsvald-organisasjonar og 4 organisasjonar har tilsette med frikjøp av tid.

Tillitsvalde har delteke i tillitsvaldoppøring, AMU, månadlege møte med administrasjons-sjefen, utarbeiding av turnusplanar, turnusprosjekt, arbeidsplassbesøk, einingsvise møte, byggeprosjekt, lønsforhandlingar, ROR IKT prosjekt, IA-arbeid og administrasjonsutval.

1.7 BHT (bedriftshelseteneste)

Vestnes kommune sin leverandør av bedriftshelseteneste er Medi3.

Overordna samarbeidsplan for perioden 2019 – 2020 vart utarbeidd i 2019. Medi3 har i 2020 deltatt i AMU og IA – utval, gjennomført risikobasert helsekontroll, deltatt i sjukefråværsprosjekt, deltatt på vernerunde med fokus på ergonomi, gjennomført Covid-19 testar, vaksinert tilsette med influensavaksine og gjennomført 40t bedriftsinternt grunnkurs i arbeidsmiljø (GKA) for verneombod og medlemmar av AMU. Medi3 har hatt oppfølging av tilsette og gjennomført kurs i risikovurdering og tilbakeføring av tilsette til kontorarbeidsplass. Medi3 har gjennomført kurs i opplæring med asbestarbeid.

Bedriftshelsetenesta sine tilrådingar til kommunen for 2021:

Nytt samarbeidsmøte i 2021. Utarbeide ny samarbeidsplan for einingar for 2021. Deltaking i tidleg fase i sjukefråværsoppfølging.

1.8 Avvik

Avvik blir registrert i internkontrollsystemet Risk Manager. Nedgang i registrerte avvik i Risk Manager skuldast eit systematisk arbeid for å skilje ut avvik som skal inn i fagsystem.

År	Registrerte avvik RiskManager
2020	434
2019	470
2018	460
2017	706
2016	196
2015	21
2014	11

Personskademeldingar

Alle personskadar som skjer i arbeid blir registrert.

År	Tal meldte skadar	Tal til legebehandling	Fråværsdagar grunna skade
2020	1	1	0
2019	3	2	1
2018	5	2	17
2017	7	2	0
2016	24	5	24
2015	41	9	14
2014	11	Manglar data	42

1.9 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Etter ny kommunelov § 14-7 skal kommunen i årsrapporten gjere greie for:

- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

Tal på tilsette i Vestnes kommune

Tal på kvinnelege tilsette er nokså likt som i 2019, medan mannlege tilsette har auka noko. Stigninga i tal på tilsette skuldast auke i ressurskrevjande brukarar.

Kjønn	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Årsverk 2019	Årsverk 2020
Kvinner	482	483	489	490	488
Menn	105	105	108	112	119
Sum	587	588	597	602	607

Deltid

Totalt er det tilsett 415 personar i deltidstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeider i pleie og omsorg. Frå 2019 til 2020 har talet på kvinner i arbeid gått litt ned, medan talet på menn har auka tilsvarande. Det er ønskeleg, der det er mogleg, at faste tilsette får auka si stilling før vi går til utlysing. På slutten av året vart det endra fleire turnusar der det var fokus på langvakter. Langvakter på helg gjer at det er enklare å få til heiltidsstillingar.

Stillingsprosent

	Menn					Kvinner				
	2016	2017	2018	2019	2020	2016	2017	2018	2019	2020
Fulltid	70	66	71	73	94	218	239	248	253	250
Deltid	56	60	56	65	49	419	392	374	369	366
Totalt	126	126	127	138	143	637	632	622	622	616

Likestilling

Kvinner utgjør 81,8 % av dei tilsette. Vel 2,7 % av dei har leiande stilling. Menn utgjør 18 % av dei tilsette. Her har 2,9 % leiande stilling.

	Kjønnsbalanse		Sum kvinner og menn
	Menn	Kvinner	
Totalt	143	616	759
Leiarnivå	6	17	22

Kommunen vil i 2021 kartlegge om det er risiko for diskriminering og om det til dømes er lønsforskjellar mellom kjønna, Jf. likestillings- og diskrimineringslova §26. Vi har ikkje vurdert at ein bør vektlegge eitt av kjønna ved tilsettingar i 2020.

1.10 Betryggande kontroll og høg etisk standard

Etter kommunelova §14-7 skal årsrapporten omtale følgjande forhold:

d) tiltak som er iverksett og tiltak som planleggast iverksett for å sikre en høy etisk standard

Vestnes kommune sine “**Etiske retningslinjer**” vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Det er truleg at desse bør reviderast i inneverande kommunestyreperiode. Særleg bør auka bruk av sosiale media synleggjerast i større grad i reglementet.

Kommunen har eigne interne retningslinjer for “**Handtering av inhabilitet i administrasjonen**”. Desse retningslinjene vert gjennomgått med ujamne mellomrom for einingsleiarar og tilsette, spesielt når habilitetsutfordringar blir synlege.

Ny kommunelov medfører endringar i reglement for tilsette. Administrasjonssjefen har i ny kommunelov mynde i alle personalsaker.

1.11 Internkontroll

I ny kommunelov er det gjort ei presisering knytt til internkontroll, jf. § 25-1:

§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Vi arbeidar no med å lage eit overordna dokument for styring og kontroll, både i høve internkontroll og GDPR (snart ferdig). Vi har eit eige digitalt system for å organisere og oppfølging av rutiner, arbeide med ROS – analyse og avvik. Same system nyttar vi for å dokumentere internkontrollen i den forma og omfanget som er naudsynt.

Vestnes kommune har ulike rapporteringskanalar. Hovudrapporteringa gjer vi i Årsmeldinga. Her synleggjer vi året som har vore på overordna og ned på einingsnivå. Vidare ser vi på utfordringane framover. I kommuneplanen sin handlingsdel (dette dokumentet), rapporterer vi korleis vi ligg an i høve mål og strategiar som ligg i kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel). Som ein del av oppfølgingsansvaret knytt til skule, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, det vil sei kommunestyret og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane. I driftsrapporten synleggjer vi status kring økonomi og eventuelle tiltak, sjukefråver og oppfølging av politiske saker. Driftsrapporten er til politisk handsaming kvart kvartal i motsetnad til mange kommunar som har tertialrapportering.

1.12 Rekruttering og kompetanse

Vestnes kommune har ikkje deltatt på messer og arrangement i 2020 grunna Covid-19.

Kommunestyret vedtok i 2020 overordna Strategisk kompetanseplan for Vestnes kommune. Strategisk kompetanseplan er eit styringsdokument som skal gi føringar for kompetansearbeidet i kommunen og bidra til at kommunen mobiliserer, utviklar og skaffar rett kompetanse. Arbeidet med rekruttering og kompetanse blir gjort greie for av den einiskilde sektor.

1.13 Medarbeidarundersøking (10-faktor)

Medarbeidarundersøking vart ikkje gjennomført i 2020, men skal gjennomførast i 2021.

Kap 2 Digitalisering av verksemda

Vestnes kommune deltek i interkommunalt IKT-samarbeid, ROR IKT, med følgjande Romsdalskommunar: Aukra, Molde og Rauma.

Det vil bli lagt fram eigen årsrapport frå ROR IKT. Dette kapittelet i kommunen sin eigen årsrapport er eit supplement for å synleggjere status på dette strategisk viktige feltet.

Visjon:

Romsdalskommunane skal bli e-kommunar der gode og digitale tenester styrkar dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gir gode lokalsamfunn.

Overordna målsettingar:

1. God digital kompetanse hos tilsette og innbyggjarar
2. Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
3. Betre tenester og meir effektiv ressursbruk
4. Informasjonssikkerheit og personvern skal ivaretakast på alle område

Det er utarbeidd eigen strategi med handlingsplan (2018- 2021) for ROR IKT-kommunane. Denne er å finne på Vestnes kommune sine nettsider.

Administrasjonssjefen har oppretta ei eiga intern digitaliseringsgruppe samansett av deltakarar frå alle sektorar. Gruppa skal fungere som eit koordinerande og rådgjevande administrativt organ.

2.1 Utviklingstrekk og utfordringar

Digitalisering av offentlege tenester har eit tosidig fokus:

- Innbyggjarfokus:
Tilby nye og betre tenester som er enkle å bruke, effektive, og pålitelege.
- Effektiv forvaltning:
Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å auka produktiviteten. Dette forutset i stor grad omstilling i ein organisasjon. På sitt beste kan digitalisering forenkle kompliserte regelverk og fornye gamal og tungvint forvaltningspraksis.

Covid-19 gjorde at ROR-IKT og kommunane måtte prioritere utrulling av Teams. Utstyr og tilrettelegging for digitale møte, lagring og heimekontorløysingar måtte på plass.

I samband med utrulling av Teams fekk ROR-IKT på plass suksesspådrivarar i dei ulike kommunane. Ein suksesspådrivar er ein person som bistår si avdeling ved utrulling/opplæring av Teams applikasjonen. Totalt i ROR-IKT var det nesten 200 suksesspådrivarar som var med i innføringa og utrullinga av Teams. Teams for politakarane kom på plass for gjennomføring av politiske møte.

Koronasituasjonen gjorde også at det vart problem med å skaffe nok PC 'ar.

2.2 Kva har vi oppnådd i 2020?

Lagringsstrategi

Arbeidet med Felles lagringsstrategi for ROR-kommunane nær slutført. Overgang frå lokal datalagring til skylagring. Skyløysing er mindre sårbart og gjer data lettare tilgjengeleg for tilsette. Har erstatta gamla fellesområde med til dels dårleg tilgangsstyring

Teams

Teams innført som eit ledd i lagringsstrategien. Teams lettar den interne samhandlinga og har eit intuitivt brukargrensesnitt for til dømes nettmøte. Har spart organisasjonen for mykje reisetid sidan innføringa

Koronasituasjonen gjorde at Teams vart rulla ut i rekordfart. Teams er eit verktøy for enkel kommunikasjon og samhandling på tvers av grupper og enkeltpersonar. Det vart oppretta om lag 30 Team i løpet av 2020.

Portal

Vi har vidareutvikla MinSide-funksjonen med brannforebygging. Her kan innbyggjarane kommunisere med feiarane om feiing og tilsyn.

Fleire papirskjema er erstatta med digitale skjema og overført til fag- og sak-arkivsystema via integrasjonar.

Det har vore mykje arbeid med å bygd opp sidene med informasjon om koronapandemien. Dette arbeidet har pågått kontinuerleg med stadig oppdatering av informasjon, nyheiter og pressemeldingar.

eDialog

Vi har lagt til rette for å sende sikker digital post til kommunen. Denne tenesta krev ID-porten pålogging. Ved å bruke eDialog kan innsendar vere sikker på at sensitive og teiepliktige opplysningar blir ivareteke på ein trygg måte.

SvarUT /SvarInn

NAV gjennom sitt fagprogram Sosio tok i bruk SvarInn og digitale skjema i 2020.

Vi har teke i bruk SvarUT for utsending av Skattesetlar for eigedomsskatt.

Nytt sak- arkivsystem og eByggesak tok i bruk SvarInn og SvarUt ved innføring av systema.

eLæring

Visma eLæring vart teke i bruk.

GDPR – personverndirektivet

Det er gjennomført fleire møte med personvernombodet. Organisasjonen treng meir kompetanse, og opplæring. Grunna covid-19 og kapasitet har det blitt utsett.

Administrasjonssjefen vil sette saman ei arbeidsgruppe for å få på plass kommunen sitt arbeid med personvern.

Det er utarbeidd fleire GDPR-rutine. Eige styringsdokument som legg føringar for kommunen sitt arbeid med personvern og datasikkerheit er nesten ferdig.

Personvernombodet hadde i 2020 revisjon på kommunen sitt arbeid med personvern og datasikkerheit – GDPR. Revisjonen fant manglar i samband med kommunen si personvern-erklæring samt enkelte mangelfulle eller manglande behandlingsprotokollar. Dette avviket er lukka

Kommunen har representant i faggruppa for informasjonssikkerheit.

2-faktor pålogging

2-faktor pålogging for tilgang til Office 365 produkt for å auke sikkerheita for brukarkontoen for dei tilsette kom på plass.

Pålogging VismaWeb med ID-porten

Tilsette kan no logge seg inn i Visma web via ID-porten. Her får dei tilgang til m.a. lønsslipp.

Trådlause nett

Det er blitt bygd ut trådlause dekning til Ivartun, Myra kulturhus og brannstasjonen. Arbeidet med fiber til fleire eksterne lokasjonar samt trådlaut nett til barnehagane vart fullført.

AV-utstyr

AV-utstyr kom på plass i formannskapssalen og på møterom 210.

Easy Cruit

Vi tok i bruk det nye rekrutteringsvertøyet Easy Cruit i 2020. Dette er integrert med sak-arkivsystemet vårt.

Telefoni

Kommunen sitt sentralbordsystem var utdatert, og kommunen gjekk over til mobiltelefonar og mobilt bedriftsnett. I samband med dette fekk vi på plass nytt reglement.

Velferdsteknologi

102 tilsette i pleie og omsorg har fullført velferdsteknologiens ABC gjennom KS-læring.

Lokalt har vi gjennomført 8 webinar, alle tilsette i pleie og omsorg har delteke via Teams.

Heimetenesta førebudde utskifting av gamle tryggleiksalarmar i heimane til ny GX8. Tryggleiksalarmane blir knytt til same type mobilt vaktrom og same type alarmsmykke som inne på Stella Maris. Dette arbeidet held fram 2021.

Heimetenesta hadde 5 stk Pilly medisindispenserar, 9 av 10 Evondos medisindispenserar i bruk i 2020.

Nytt sak- og arkivsystem

Nytt sak- arkivsystem kom i drift frå 1. januar 2020. Vi tok i bruk eSignering i løysinga. Her har vi fått på plass ein del integrasjonar frå ulike fagsystem.

eByggesak

Nytt system for eByggesak kom i drift frå 1. januar 2020. Dette er eit nytt fagsystem for behandling av bygge-, plan- og oppmålingssaker.

Lokasjonsbasert varsling

Det er innført lokasjonsbasert varsling – SMS. Systemet varslar alle som oppheld seg innanfor eit geografisk område.

Visma Flyt barnehage

Hovudopptaket for barnehagar blei gjennomført i nytt fagsystem, Visma Flyt Barnehage. Heile opptaket er no digitalt, med digitale tildelingsbrev om barnehageplass, og svar frå føresette digitalt. Dette fører til eit effektivt opptak.

Vi har tatt i bruk kommunikasjonsplattforma i Visma Flyt Barnehage, kommunikasjonen med føresette er no digital. Dette går på meldingar til enkelt føresette, beskjedar til nokre eller alle, samtykker, dagbok, bildedeling m.m.

Kap 3 Sentraladministrasjonen

3.1 Oversikt over sektoren

Løns- og personalkontor, administrasjonssjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord, kundemottak, egedomsskattekontor, bustøttekontor.

Rekneskap, skatt og IKT blir kjøpt av Molde kommune, vertskommunesamarbeid.

Tal på tilsette	Tal Årsverk 2019	Tal Årsverk 2020	Ev. merknader
Sentraladministrasjonen	22,4	17,2	Differanse frå 2019 skuldast at tenestekontoret er teke ut

3.2 Resultatmål

Sentraladministrasjonen

Målområde	Styringsindikatorar	Status 2020	Mål 2021
Teneste “objektiv kvalitet”	Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist: <ul style="list-style-type: none">BustøtteStartlånTilskott til etablering/tilpassingDrosjelapparInfolandsakerSkjenkesaker <ul style="list-style-type: none">Avlevering IKA – personalsensitive sakerAvlevering RiksarkivetAvlevering gammalt saksarkivAvlevere Digitalt byggesaksarkivNytt sak/arkivsystem	100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 % Ikkje avlevert Ikkje fullført Avlevert Avlevert 27 hyllemeter Start 01.01.20	100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 %
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær sentraladm: Antal brannøvingar rådhuset	5,2 0	5,0 1

3.3 Sentraladministrasjonen sine utviklingstrekk og utfordringer

- Hovudansvar for innføring av digitale løysingar, m.a. sjølvbeteningsløysingar
- Grunna Korona har servicekontoret endra opningstid frå kl. 09:00.- 15:00 til kl. 10:00.- 12:00 dagleg
- Mange har i periodar hatt heimekontor
- Planlagt innføring av innval- telefonløysing og stenging av telefonsentral

3.4 Kva har vi oppnådd i 2020?

- **Personalavdelinga** har totalt gjennomført 111 tilsettingssaker i 2020.
- Innført nytt rekrutteringssystem – Easycruit.
- Personalavdelinga har fokus på systematisk sjukefråværsarbeid. Gjennomført oppfølgingsarbeid via «Møteplassen» og oppretta IA-utval som utvida leiarstøtte for det systematiske sjukefråværsarbeidet.

- **Bustønad/startlån/tilskot til etablering**

Bustønad: 56,7 mottakarar pr måned, ein oppgang på 10,3% frå 2019.

I 2020 tok kommunen i bruk Startskudd som er Husbanken sitt saksbehandlingssystem for startlån og tilskott. Startskudd er integrert mot kommunen sitt saks- og arkivsystem. Opplån frå Husbanken utgjorde i 2020 kr 12 millionar. Det er inkludert eit ekstra låneopptak som blei gjort for å møte koronakrisen kor ein forventa at fleire blei permittert eller arbeidslaus, og det var grunn til å frykte at fleire kunne få problem på bustadmarknaden.

Kommunen har endra reglane for tildeling og det er administrasjonen som gjer vedtak i alle sakene. Tidlegare blei startlånsaker med søknadssum over kr 500.000 behandla i formannskapet.

I 2020 mottok kommunen 21 søknadar. Det blei utbetalt 4 startlån, samt 2 som blei registrert på 2019 då dei blei behandla i anna system - total utbetaling kr 3,3 mill. 5 saker er aktive førehandsgodkjenningar – totalt kr 8,25 mill. 5 saker har fått avslag. I 6 saker er det av ulike årsaker ikkje gjort vedtak. Manglande vedtak kan t.d. skuldast at søkjer ikkje har levert den dokumentasjonen som trengst for å behandle søknaden. Det er realisert 2 tap på startlån i 2020. Tildelingsutvalet har hatt 11 møte i 2020.

Tilskott til etablering: I 2020 ligg det 2 aktiv førehandsgodkjenning. Når ein søker startlån søker ein automatisk om tilskott til etablering samtidig, desse sakene blir behandla saman med søknad om startlån.

Tilskott til tilpassing: Det er ei aktiv førehandsgodkjenning som ikkje er nytta i 2020.

- **Eigedomsskattekontoret**

5 klager på eigedomsskatten i 2020.

Vestnes kommunestyre bestemte at Skatteetaten sitt formuesgrunnlag skulle nyttast som takst på bustadar og fritidsbustader frå 01.01.2020. Eigedomsskattekontoret tilpassa systemet for eigedomsskatt for denne endringa.

Frå 01.01.21 vart Vågstranda og Hjelvika ei del av Vestnes kommune. Eigedomsskatten for desse eigedommane måtte difor tilpassast Vestnes kommune sine rammer og retningslinjer. Alle eigedommane som skulle ha kommunal takst måtte difor synfarast og data korrigerast i Matrikkelen og eigedomsskattesystemet. Dette var eit omfattande arbeid som eigedomsskattekontoret sjølv utførte.



Frå synfaring vedk. eigedomsskatt på Vågstranda/Hjelvika
Foto: Reidun Bølverud



Arkiv/postmottak

- **Nytt sak-/arkivsystem og ebyggesak.** Oppstart som planlagt 01.01.2020. Arkivleiar var frikjøpt 20 % i første halvår av ROR IKT for å delta frå fagområde arkiv i hovudprosjektgruppa. Det har vore lagt ned mykje arbeid i mottaksgruppa med oppstart, kursing og integrasjonar.
- Nytt system har kravd tett oppfølging av brukarar og mot leverandør. I 2020 har vi journalført og kvalitetssikra ca. 18 000 dokument. Dette er ein nedgang frå 2019. Men kan forklarast i at det nye systemet tek med seg alle vedlegg under same dokumentet. Talet på filer har auka.
- Arkivet svarte ut om lag 1 600 førespurnader om innsyn.
- Vi har utvikla skjemaløysinga og laga mange elektroniske skjema tilpassa integrasjon mot sak- arkivsystemet.
- SvarInn og SvarUt er teke i bruk i det nye sak-/arkivsystemet, noko som gjer at vi får dokument direkte inn i P360. SvarUt gjer at mesteparten av utgåande brev blir sendt digitalt til dei som ikkje har reservert seg mot dette.
- **Meklaropplysningar**
Behandla 100 førespurnader, alle levert innafor tidsfristane. Nedgang på 25% samanlikna med 2019. Det vart i 2020 inngått avtale med Norkart om levering av eigedomsinformasjon via Norkart Produktportal. Dei leverer ei meir digital løysing for formidling av eigedomsinformasjon til marknaden. Denne løysinga var tatt i bruk 01.07.2020. Kundar kan bestille eigedomsinformasjon og meklaropplysningar via Infoland, ePlassen og Vestnes e-torg. Alle bestillingar vert levert gjennom Norkart Produktportal. På Vestnes e-Torg kan det også kjøpast produkt til prosjektering og byggesøknadar

- **Sals- og skjenkeløyve for alkohol**
Behandling 8 søknader. Gjennomført 21 kunnskapsprøver sal, og 5 kunnskapsprøver skjenking.
- **TT-kort/transportteneste for funksjonshemma i 2020**
37 nye personar har får TT-kort/transportteneste for funksjonshemma i 2020. 27 er innvilga ledsagerbevis, og det er fatta 44 vedtak om parkeringsløyve for forflyttingshemma.
- **Beredskapskoordinering og kriseleiing**
Covid-19 har medført stor aktivitet knytt til arbeidet med beredskap. Det var spesielt krevjande den første tida då det ikkje var sentrale føringar i korleis ein skulle handtere smittesituasjonen. Vestnes kommune har sidan Covid-19 hatt jamlege møte i kriseleiinga for å vurdere aktuelle tiltak, delta i møte med Statsforvaltaren, i møte med næringslivet med meir.
 - Det vart etablert sak i CIM (system for bruk knytt til beredskap) 30.01.2020. Det er pr. 17.03.21 641 loggpunkt. I same periode har det vore 111 rapportar (til Statsforvaltaren) og møterefereferat frå kriseleiingsmøte
 - Det har vore naudsynt med små revideringar av beredskapsplanen gjennom heile året, til dømes endring av kontaktpersonar
 - Covid-19 har bidratt til stor auke i talet på rutinar, risikoanalysar og kontinuitetsplanar

I tillegg har det vore to **ammoniakkhendingar**, først ved Solstrand Verft AS i september og deretter ved Vard Langstein i oktober. Ved begge høve vart det satt kriseleiing.

Det er innført lokasjonsbasert varsling – SMS. Systemet varslar alle som oppheld seg innanfor eit geografisk område.

3.5 Rekneskap 2020

Eining	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Politisk styring, næringsutv.	7065	8910	1685	7225	7007	218	3,1
Sentraladministrasjonen	16543	19646	2304	17342	17267	75	0,4
Fellesutgifter	13558	24909	3586	21323	19490	1833	9,4
	37166	53465	7575	45890	43764	2126	4,9

Fellesutgifter

Fellesutgiftene har eit meirforbruk på vel 1,8 mill. kr.

Det er derimot nokre store avvik mellom rekneskap og budsjett, nemner:

- Refusjon arbeidsgjevaravgift, som eit av fleire Covid-19 tiltak vart det redusert arbeidsgjevaravgift i ein termin i 2020 (2 mnd.). Vi betalte som vanleg og utgiftsførte «normal» avgift, og fekk tilbakebetalt summen som innsparinga utgjorde. Vi hadde budsjettert med at det ville utgjere ei inntekt på 1,9 mill. kr, summen vi fekk

tilbakebetalt vart knapt 3,6 mill. kr. Vi hadde nok ikkje rekna med at ein termin er 2 månadar.

- Pensjonsutgifter, ved avrekning av pensjonskostnadane vart det tilbakeført 4,25 mill. kr. Dette var ikkje budsjettet og vart såleis ei ekstraintekt.
- Utgifter til Covid-19 tiltak, vart 2,1 mill. kr høgre enn budsjettet. Vi hadde ingen erfaring med kor mykje dette kunne bli så budsjettanslaget var nok svært usikkert.
- Variabel løn for desember vart utbetalt i januar. Det er krav frå revisjonen at det bør førast i same år som det vert utbetalt. Dette vart gjort første gong i 2020-rekneskapet, og då utgiftsført 5,0 mill. kr. I 2021 vil vi føre resten, noko usikkert kor mykje men truleg er restsum også omlag 5,0 mill. kr.

Kap 4 Barnehagane

Visjon:

Midt i blinken for lek, læring og utvikling

4.1 Oversikt over sektoren

Kommunale barnehagar	Tal på barn	Årsverk	Tal tilsette	Godkj. plassar	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Heiltids plassar (omrekna)	Kostnad Pr. plass
Fiksdal barnehage	23	5,87	10	*30	17	6	19,4	162 371,-
Tomrefjord barnehage	36	9,60	10	48	22	14	34,3	136 880,-
Gardstunet barnehage	32	9,19	12	42	24	8	31,7	152 934,-
Helland barnehage	116	34	37	174	68	48	114,0	141,360,-
Tresfjord barnehage	28	6,6	9	42	19	9	27,1	129 188,-
Totalt kommunale bh	235	65,26	78	330	150	85	226,5	142 645,-
Private barnehagar								
Vike Montessoribarnehage	30	9.68	12	42	22	8	29,0	170 251,-
Tryggheim barnehage	35	9.68	12	48	20	15	33,0	172 726,-
Totalt private bh	65	19,36	24	90	42	23	62,0	171 569,-

Tal frå årsmelding i Basil (Undervisningsdirektoratet sitt rapporteringssystem) pr.15.12.2020.

Kostnad pr. plass er eks. spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt barnehage tilbod.

*Fiksdal oppvekstsenter, barnehage har mellombels godkjenning for 30 plassar.

Tilskott til dei private barnehagane er også inklusiv kapital kostnadar på kr 9 500 pr. plass ved Tryggheim barnehage og kr 16 700.- pr. plass ved Vike Montessoribarnehage. Kapital kostnadane er basert på årstalet på bygget, difor ulike satsar her.

Alle som søkte til hovudopptaket 01.03.2020 med rett til plass, fekk tilbod om barnehage plass. Det blei sendt ut 66 tilbodsbrief.

4.2 Resultatmål for barnehagane

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Brukarar – Brukarundersøking “opplevd kvalitet”	Opplevd kvalitet - brukarundersøking (foreldre).	Nasjonalt nivå 2019		Nasjonalt nivå 2020
	Totalresultat, kor tilfreds er foreldra:	4,5	4,5	4,5
	Enkeltindikatorar: Skala 1-5, der 5 er best.			
	• I kva grad opplever foreldra at barnehagen legg til rette for barnet si språkutvikling	4,6	4,7	4,6
	• I kva grad opplever foreldra at barnehagen legg til rette for allsidig leik og aktivitet	4,7	4,7	4,7
	• I kva grad har foreldra inntrykk av at barna deira har venter i barnehagen	4,8	4,8	4,7
	• I kva grad opplever foreldra at personalet oppmuntrar til nyskjerrigheit og lærelyst	4,7	4,7	4,7
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektivt målt kvalitet			
	• Andel barn med vedtak om spes.ped. hjelp i kommunale og private barnehagar pr.15.12.2020	4,0 %	7 %	5,0 %
	• Andel pedagogiske leiingar i kommunale barnehagar med mellombels dispensasjon pr. 15.12.2020	8,4 %	17,6 %	12 %
	• Andel tilsette med pedagogisk utdanning kommunale barnehagar Pr.15.12.2020	45 %	38 %	45 %

4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Språk og tilrettelegging

Det er mange to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane. Det er utarbeidd rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn. Det er ei utfordring at det ikkje lenger er tilskott for å styrke den norskspråklege utviklinga.

Sektoren må bruke interne ressursar på å lære barna best mogeleg norsk før skulestart. Kommunikasjon med føresette blir opplevd som utfordrande, mykje møter og tolkesamtalar knytt til dei minoritetsspråklege barna.

Pr 15.12.2020 blei det innrapportert 30 barn som minoritetsspråklege i dei kommunale barnehagane og 7 i dei private.

For barn som treng spesialpedagogisk hjelp kjøper vi tenester frå PPT, dei fleste vedtaka går på språk og logopedhjelp.

Rett til redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Ordninga med redusert foreldrebetaling på bakgrunn av inntekt er godt innarbeidd. Pr 15.12.2020 har Vestnes kommune fatta vedtak som gjeld 30 barn. Det blei frå hausten 2020 elektronisk søknadsskjema.

Sjukefråvær

Høgt sjukefråvær pregar sektoren, spesielt langtidsfråværet. Mykje av fråværet er dokumentert ikkje arbeidsrelatert. Sektoren ønskjer framover å ha meir fokus på nærvær.

Hausten 2020 blei det satt i gang eit prosjekt ved Helland barnehage der vi vil sjå på korleis eit utvida 3-partssamarbeid kan bli ei leiarstøtte i utviklinga av arbeidsmiljøet og få ned sjukefråværet.

Dispensasjonar, pedagognorm og norm for grunnbemanning

I dei kommunale barnehagane var det pr.15.12.2020 innvilga dispensasjon frå utdanningskravet for 5 personar i til saman 4,2 årsverk som barnehagelærer/pedagogisk leiar. Alle med dispensasjon er under utdanning til barnehagelærer. I dei private barnehagane er det innvilga dispensasjon i til saman 1 årsverk. Vi har ingen dispensasjonar frå utdanningskravet som styrar.

Det er ikkje gjeve dispensasjon frå norm for grunnbemanning eller norm for pedagogisk bemanning.

Gjennomføring av ubunden tid/plantid er framleis utfordrande å få til. Alle barnehagelærarar i 100% stilling har rett på 4 timar ubunden tid samstundes som barna er der og drifta skal gå sin gang.

Opptak og kapasitet

Alle med rett til barnehageplass fekk tilbod. Til hovudopptaket 01.03.2020 kom det inn 70 søknader .

Etter hovudopptaket var det 20 barn på ventelista. 10 av desse stod på ventelista pga. at dei ikkje hadde fått innvilga 1. prioriteten sin, medan 10 barn der pga. ønskje om oppstart i 2021.

2 klager måtte handsamast.

15 barn fekk plass frå januar – mars 2021

Brukartilpassing

Det har vore ein auke i barn som søker barnehageplass frå nyttår. Det er og auke i søknadar som kjem inn fortløpande gjennom året. Utfordringa her har vore at vi har bemanna etter barnegruppene i august. Fortløpande inntak og inntak av barn frå nyttår løyse ut behov for fleire pedagogar og fagarbeidarar.

Sommaren 2020 var første sommaren med sommaropne barnehagar. Vedtektene legg til grunn at alle barnehagane skal vere sommaropne, samarbeidsutvalet ved barnehagen har fått mynde til å vedta sommarstengt. Resultatet blei at Helland barnehage hadde sommaropent, medan dei andre kommunale barnehagane hadde sommarstengt i 4 veker.

4.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

Den «Gode barnehage i Vestnes» - Prosjekt for fagleg utvikling

Utviklingsprosjektet er lagt opp som barnehagebasert kompetanseutvikling for alle i barnehagesektoren i Vestnes, der alle får auka sin kompetanse innanfor eit fokusområdet.

Vi ser på prosjektet som ei langsiktig satsing der siste fokusområdet blir sett i samanheng med implementering av ny rammeplan. Arbeidet blir etterspurt på kommunenivå og er tema på styremøta. Det er utarbeidd rettleiande tidslinje.

I 2020 har vi framleis arbeidet med standard nr. 4: « Barnehagen sin digitale praksis.» I tillegg har vi starta opp arbeidet med neste fokusområde «Psykososialt barnehagemiljø» Her har vi starta opp arbeidet med revidering av «Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i Vestnes kommune».

Digital praksis

Hovudopptaket blei gjennomført i nytt fagsystem, Visma Flyt Barnehage. Heile opptaket er no digitalt, med digitale tildelingsbrev om barnehageplass, og digitale svar frå føresette. Dette fører til eit effektivt opptak.

Vi har tatt i bruk kommunikasjonsplattforma i Visma Flyt Barnehage, kommunikasjonen med føresette er no digital. Dette går på meldingar til enkelt føresette, beskjedar til nokre eller alle, samtykker, dagbok, billedeling m.m.

Personalet har tatt i bruk Teams som kommunikasjonsplattform. Leiargruppene og pedagogane brukar og teams til dokumentdeling. Dette opplevast positivt og gjer det enklare for barnehagane å kommunisere med tilsette og mellom barnehagane.

Dei fleste barnehagane har fått bytta ut dei eldste maskinene, men dette er eit kontinuerleg arbeid. Det er og behov for fleire nettbrett til avdelingane no når kommunikasjon og dokumentasjon er digital.

Kunnskapsnett Romsdal og Regional kompetanseutvikling

Kunnskapsnett Romsdal er ein regional samarbeidsarena mellom oppvekstområda i kommunane: Aukra, Hustadvika, Molde Rauma og Vestnes.

Kommunane nyttar Kunnskapsnett Romsdal aktivt for å styrkje samarbeidet og fagleg kompetanse på kommunenivå. Vi utarbeider felles rutinar og skjema. Øvste organet er Arbeidsutvalet (AU)

Kunnskapsnett Romsdal har fått ansvar for ordninga: Regional kompetanseutvikling.

Regional kompetanseutvikling i barnehage skal bidra til at barnehagane i regionen utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Regional ordning for kompetanseutvikling følgjer strategiperioden for «Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022»

Den regionale ordninga skal stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemynde, barnehage-eigarar, universitet, høgskular, Statsforvaltaren og andre aktørar. Ordninga skal sjåast i samanheng med andre satsingar, og skal bidra til å støtte implementering av rammeplan.

Samarbeidsforum i Romsdalsregionen skal innstille til Statsforvaltaren som fordeler kompetansemidlane til bruk i barnehagane. Vestnes kommune har med kommunalsjef for oppvekst og barnehagerådgjevar i samarbeidsforumet.

Arbeidet i Vestnes med «Den gode barnehage i Vestnes» blir vidareført innanfor rekompordninga.



Foto Susann Skavnes

Kompetanseutvikling

Fem tilsette tek barnehagelærerutdanning på deltid ved Høgskulen i Volda og Dronning Mauds Minne Campus Kristiansund Ein tilsett tek utdanning i småbarnspedagogikk ved Oslo Met for å bli godkjent som barnehagelærer.

Våren 2020 var de 4 lærlingar i sektoren, hausten 2020 var det 3.

Vasstilvenning

Gardstunet og Tomrefjord har nytta tilskott frå Statsforvaltaren til symjing for førskulebarna. Helland fekk og midlar, men har overført desse til 2021.

Tresfjord og Fiksdal har ikkje gjennomført symjing.

Rettleiing nyutdanna barnehagelærarar

Barnehagesektoren har eige lokalt opplegg for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar. Dei private barnehagane får tilbod om å delta.

I 2019 vart det utarbeidd ny plan : «Ny som barnehagelærer i Vestnes? Plan for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar»

For barnehageåret 2019/2020 fekk 2 nyutdanna rettleiing. For barnehageåret 2020/2021 er ingen nyutdanna som får rettleiing. Vi har inngått avtale med rettleiar med rettleiar kompetanse på masternivå.

Vestnes kommune som barnehagemyndde

Det er utarbeidd ny plan for tilsyn med barnehagane i Vestnes kommune 2019-2023. I tråd med denne planen blei det hausten 2020 gjennomført eigenmeldt tilsyn i alle barnehagane. Tilsynet blei gjennomført etter systemrevisjonsmetoden, og var eit instrumentelt tilsyn som skulle avdekke om drifta var i samsvar med lov og regelverk.

Tilsynet avdekkar nokre manglar som barnehagane fekk rette opp før rapport blei skriven. 2 barnehagar måtte sende inn rapport over korleis dei skulle lukke avvik. I tillegg har barnehagemyndigheita vore på eit tilsynsbesøk på bakgrunn av ei bekymring.

Oppløysing av oppvekstsenter

Frå august 2020 skifta Tresfjord oppvekstsenter, barnehage namn til Tresfjord barnehage og det blei tilsett eigen einingsleiar for barnehagen. Einingsleiar er og einingsleiar for Vågstranda barnehage, hausten 2020 leigde vi ho ut til Rauma kommune i 35% stilling.



Foto: Camilla Hole

Covid-19

Barnehagesektoren har med bakgrunn i nasjonal rettleiar utarbeidd lokale retningslinjer for raudt nivå, gult nivå og eit ev nytt raudt nivå.

Raudt nivå :

Barnehagane blei stengt frå 13.03. 2020

Gjenopning av barnehagane 27.04. Sårbare barn og barn av føresette med samfunnskritiske funksjonar hadde heile perioden tilbod om tilsyn. Barnehagane var no på raudt nivå med inndeling av små kohortar og kortare opningstid og ikkje pauser eller plantid. 1 vaksen pr. 3 små barn eller 6 store barn. Barna blei levert og henta ute. Det var og påskeberedskap i barnehagane som elles var stengt.

Gult nivå :

Frå juni gjekk vi over til gult nivå. Vi hadde ordinær opningstid, ordinært vaktssystem, innførte pauser og plantid igjen. Møter måtte takast som overtid. Ei avdeling blei no definert som ein kohort. Ikkje matsservering eller tannpuss.

Hausten 2020 er vi framleis på gult nivå.

Ev. nytt raudt nivå:

Sektoren har utarbeidd «Handlingsplan for rask overgang til raudt nivå» i tillegg til reviderte lokale retningslinjer for raudt nivå.

Generelt har det vor mykje justeringar av tiltak som reinhald og inndeling av kohortar undervegs, mykje informasjon skulle ut til personal og føresette.


Utfordrande å ha nok vikarar, vanskar med å drive utviklingsarbeid når ein ikkje kan møtast i større grupper og på tvers av avdelingar.



4.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Livsmestring og helse har komme inn i rammeplanen som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag
- Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiar ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema
- Fokus på sunt kosthald i tråd med dei nye retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring
- Uteleik og turar i naturen til alle årstider
- Aktivitetar i idrettshall/gymsal/symjebasseng. Musikk, rørsle, dans, drama og leik
- Nokre avdelingar køyrer programmet "Mini-Røris" som er eit rørsleprogram for barn i barnehage
- Alle barnehagane har Henry-dokka, førstehjelp for førskulebarn
- Nokon av dei kommunale barnehagane tilbyr vasstilvenning for førskulebarna
- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet
- Fokus på psykososialt arbeidsmiljø

4.6 Tal frå Barnehagefakta.no

Statistikk frå www.barnehagefakta.no basert på årsmelding i Basil 15.12.2020 og foreldreundersøking på Udir.no. Tala gjeld både kommunale og private barnehagar i Vestnes.





4.7 Tal frå KOSTRA 2020

KOSTRA		Møre og	Landet				
- barnehage	Vestnes	Romsdal	eks. Oslo	Rauma	Stranda	Molde	Hustadv.
Nto. driftsutg pr innb. 1-5 år	171 525	172 441	167 588	181 939	164 641	175 349	176 979
Brutto dr. utg pr. oppholdstime, komm. barneh.	71,3	76,6	76,7	86,7	70,3	76,1	80,4
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	93,4	94,6	92,9	92,3	92,8	94,8	92,8
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	84,9	88,4	85,5	79,8	84,6	90,3	84,7
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	99,0	98,4	97,4	98,4	99,2	97,8	97,5
Andel barn i kommunale barnehagar	78,3	46,7	48,9	48,0	64,8	47,9	49,9

Nokre KOSTRA tal - barnehage							Endring i %
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	15 - 20
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	91,5	88,3	89,6	93,2	93,9	93,4	2,1
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	76,1	75,6	77,9	93,2	84,9	84,9	11,6

Barnetal i barnehagane

	Antall barn							Omrekna til heiltidsplassar						
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
0 - 2 år	106	96	90	100	103	96	102	96,6	88,5	83,9	94,3	97,0	89,3	97,6
3 - 6 år	213	205	200	193	194	195	196	200,0	195,6	191,1	183,0	187,4	193	192,8
Sum	319	301	290	293	297	291	298	296,6	284,2	275,0	277,3	284,4	282,3	290,4



Snøleik Foto: Lene Otterlei

4.8 Økonomisk resultat 2020

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Tomrefjord barnehage	4 855	6 335	1 640	4 695	4 637	58	1,3
Tresfjord barnehage	3 746	4 800	1 299	3 501	3 782	-281	-7,4
Helland barnehage	15 875	22 517	6 402	16 115	16 328	-213	-1,3
Fiksdal barnehage	2 823	4 028	878	3 150	2 856	294	10,3
Gardstunet barnehage	4 710	6 570	1 722	4 848	4 578	270	5,9
Fellesutgifter	1 311	3 849	720	3 129	2 631	498	18,9
Private barnehagar	11 241	12 550	0	12 550	11 728	822	7,0
Sum barnehage	44 561	60 649	12 661	47 988	46 540	1 448	3,1

- Utgiftene i barnehagesektoren auka med over 3,4 mill. kr, eller 7,7%, frå 2019. Dette er mykje og langt meir enn lønsauken utgjør.
- Barnehagesektoren har eit meirforbruk på kr 1.448.000,-, eller 3,1%. Til samanlikning var det meirforbruk på kr 166.000,- i 2018 og kr 876.000,- i 2019.
- Sjøelve drifta av dei kommunale barnehagane var nokolunde i balanse, varierte noko mellom barnehagane.
- Tilskott til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og eller spesial pedagogisk hjelp utgjør 4,3 mill. kr i 2020, ein auke frå 2,5 mill. kr i 2019. I budsjettet var det ikkje teke høgde for slik stor auke og det er nok grunnen til stort meirforbruk i sektoren.
- Ordinært driftstilskott til Tryggheim barnehage var 5,7 mill. kr og Vike barnehage vel 4,9 mill. kr, i tillegg får dei ekstra tilskott til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn eller spesial pedagogisk hjelp.

Kap 5 Grunnskulane og SFO

5.1 Sektoren sine hovudoppgåver

Kommunale grunnskular	Tal på elevar pr.01.10.2020			
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter/SFO	17	15		11
Tomrefjord skule/SFO	55	72	82	38
Helland barneskule/SFO	156	134		93
Helland ungdomsskule			160	
Totalt elevtal kommunale grunnskular	228	221	242	

Private grunnskular	Tal på elevar pr.01.10.2020			
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Vike Montessoriskule/SFO	36	33		19

Ansvar	Tal årsverk *	Tal årsverk	Tal årsverk
	Undervisning/adm.	Assistentar	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter	5,57	1,77	0,69
Tomrefjord skule/SFO	24,35	4,67	2,07
Helland skule/SFO	26,53	7,32	5,5
Helland ungdomsskule	20,82	2,36	

PP-tenesta		Det er 3,8 stillingar knytt til ped.psyk.rådgjevar. Av desse kjøper fylkeskommunen teneste i 0,5 stilling til PPT i vidaregåande skule
Merkantilt tilsett		50% stilling som sekretær.
Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder		Spesialpedagog/ logoped. Ligg under fagansvar PPT.
Logopedteneste til grunnskulen		Logoped. Ligg under fagansvar PPT.

Utvikling i elevtal

Skuleåret	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020/2021
Talet på elevar	709	689	696	690	691

5.2 Resultatmål grunnskule og SFO

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Elevar/ foreldre “opplevd kvalitet”	Opplevd kvalitet – brukarundersøking Skala 1-5, der 5 er best.	Nasjonalt nivå Resultat	Resultat 2020	Nasjonalt nivå
	Elevundersøkinga (95,4% deltaking) Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg			
	<ul style="list-style-type: none"> • Trivsel på skulen • Fagleg rettleiing • Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga 	4,1 4,1 3,9	3,7 4,0 3,8	
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektiv målt kvalitet – skule	Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2020	Nasjonalt nivå
	Talet på elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast.(1%)			
	<ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale prøver, lesing 5.klasse • Nasjonale prøver, rekning 5.klasse 	76,9 76,3	70,5 54,1	
	Talet på elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast. (1%)	Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2020	Nasjonalt nivå
	<ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale prøver, lesing 8.klasse • Nasjonale prøver, rekning 8.klasse • Spesialundervisning, Kommunale skular (1%) • Grunnskulepoeng • Standpunktarakterar - Norsk hovudmål, skriftleg - Norsk sidemål, skriftleg - Engelsk, skriftleg - Matematikk, skriftleg 	72,9 68,8 7,8 43,1 4,0 3,9 4,1 3,8	58,5 52,5 15,8 41,9 4,0 3,9 4,0 3,7	

5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

I grunnskulane i Vestnes må utviklinga sjåast over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå KOSTRA, GSI og Skoleporten.

Utvikling i talet på elevar som har spesialpedagogiske vedtak

År	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Prosent av elevane som mottek spesialundervisning	7,9	9,0	10,1	11,4	13,1	15,8

Vi ser ein auke i talet på elevar som tek imot spesialundervisning for kvart år dei siste fem åra. 110 elevar har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning skuleåret 2020/2021 på dei kommunale grunnskulane. Dette er ei auke på 23 elevar frå førre skuleår og eit signal om at det er mange elevar som treng hjelp og oppfølging. Det må arbeidast systematisk og godt med tilpassingar av den ordinære undervisninga i tida som kjem. Dette krev ein gjennomgang av ressursbruken og ein må sjå på budsjetteringa i skulesektoren. Eit grep for å få ned spesialundervisninga er å styrke det ordinære opplæringstilbodet. Dette vil vi arbeide med i 2021 gjennom prosjekt «spesialundervisning». Skulane arbeider med å implementere og nytte nye digitale hjelpemiddel for å gi god tilpassa opplæring som kan vere med på å styrke det ordinære.

Resultat

Dei nasjonale prøvene viser at det er variasjon i resultatata frå år til år. 5. årssteg skårar under det nasjonale snittet i både i matematikk og lesing. Resultata i matematikk er svakast og det må arbeidast systematisk med faget gjennom heile grunnskulen. Elevane på 8. årssteg har òg resultat som er noko lågare enn det nasjonale snittet.

Det må arbeidast systematisk med basisferdigheiter som lesing og rekning. Systematisk bruk av kartleggingsprøver for å kunne gjere gode tilpassingar er viktig. Skulane har hatt ein gjennomgang av rutinane i forhold til førebuing og gjennomføring av dei nasjonale prøvene. Dette blir òg tema på skulebesøka våren 2021.

Elevundersøkinga viser at det er lågare trivsel blant elevane for skuleåret 2020/21 enn førre år. Det kan i stor grad skuldast pandemien med strengt smittevern og inndeling av elevane i kohortar. Skulen ønskjer å jobbe med at elevane skal bli kjent på tvers av stega. Det er viktig for å skape eit godt og trygt miljø, men i denne perioden har fokuset vore på å halde dei adskilt

Utfordringane som grunnskulane har, og vil møte framover

- Drive effektivt og nytte knappe ressursar på ein god måte. Trass i knappe rammer er det ei likevel ei forventning til at kvaliteten i opplæringa skal utviklast.
- Nye læreplanar må tilpassast lokale forhold. Fagfornyninga legg mellom anna opp til større grad av utforsking, kreativitet og problemløysing i skulen
- Finne nye måtar å budsjettere på. Vi ser at spesialundervisninga ligg høgt i Vestnes. Det må leggjast opp til ein måte å budsjettere på som gir skulane incentiv til å finne gode løysingar for elevane innanfor den ordinære opplæringa. Eventuelle reduksjonar i spesialundervisninga må overførast til den ordinære opplæringa, slik at skulane beheld ressursane og kan gi god tilpassa opplæring. Auken i spesialundervisninga er eit signal om at det er mange barn og unge i Vestnes som har behov for hjelp og oppfølging. Dette viser òg den kartlegginga som psykisk helseteam for barn og unge har gjort.
- Skuleutbygging/renovering: Dei neste åra skal bygningane på Helland skule byggjast saman og eit omfattande renovering av ungdomsskulen skal gjennomførast. Dette er

krevjande prosessar, då det må gjerast tilpassingar og midlertidige løysingar må innførast inntil eit nytt og moderne skulebygg er på plass.

- Utfordrande å planleggje fram i tid med tanke på at det føreligg usikkerheit knytt til ein langsiktig skulestruktur.

5.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

Frå hausten 2020 har Helland barneskule og Helland ungdomskule blitt eigne separate einingar. Skulen har hausta gode erfaringar knytt til å drifte ein rein barneskule og ein rein ungdomskule både organisatorisk og pedagogisk. Vestnes kommune har fått tilføring av nye elevar frå Vågstranda. Det har vore ein god prosess og elevane har blitt godt inkludert på Helland barneskule og Helland ungdomsskule.

Det tverrfaglege arbeidet i kommunen er stadig i utvikling. Med etableringa av eit psykisk helseteam for barn og unge er det eit auka fokus på barn og unge si psykiske helse. Det er eit godt samarbeid mellom dei ulike hjelpeinstansane i kommunen som ber preg av «barnets beste-mentalitet». Vestnes kommune vil jobbe vidare med for lage ein overordna kommunal plan knytt til det tverrfaglege samarbeidet.

Kompetanseheving

Dei seinare åra har mange lærar i Vestnes tatt vidareutdanning. Dei siste 4 åra har 15 lærarar fått vidareutdanning gjennom ordninga «Kompetanse for kvalitet». Lærarane har tatt vidareutdanning i faga engelsk, norsk, matematikk, tysk og IKT. Skuleåret 2020/2021 var det to lærarar som vart tatt opp til vidareutdanning. Eine læraren starta på engelsk og den andre på profesjonsfagleg digital kompetanse. Den siste utdanninga er særst relevant med tanke på ny læreplan som tredde i kraft hausten 2020. Den legg opp til emne som til dømes koding og programmering. Skulane i Vestnes vil i 2021 vere med på ei desentralisert kompetanseheving knytt til programmering gjennom høgskulen i Volda.

Hausten 2020 vart det oppretta ei prosjektgruppe som skal jobbe med å utarbeide ei felles kommunal strategiplan for digital kompetanse. Digitalisering er noko som har vore eit tema over lengre tid i Vestnes, og våren 2020 var det planlagt at ei utvald gruppe frå kommunen skulle delta på NKUL (Nasjonale konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring) våren 2020, men pga. covid-19 vart det avlyst.

I tillegg til strategiplan for digital kompetanse er det nedsett ei gruppe som skal jobbe med ein lesestrategiplan. Dette er eit viktig arbeid med tanke på å kunne sikre god og lik leseopplæring for alle elevar i kommunen, samt at det kan bidrege til å få redusert noko av spesialundervisninga.

Det har vore arbeidd godt på tvers av skulane med innføringa av den nye læreplanen. Hausten 2019 arbeidde skulane med den nye overordna delen av læreplanverket. Arbeidet vart vidareført våren 2020 med fokus på fagplanane og innhaldet i dei. Modellen med å arbeide på tvers av skulane i faggrupper er vidareført. Skulane i Vestnes hadde eit samarbeid på tvers av skulane i arbeid med ny læreplan fram til mars. Grunna koronapandemien måtte det arbeidet leggest vidare til den enkelte skule. Dette har blitt løyst på ulike måtar. I tillegg til arbeidet med fagplanane har skuleleiarane i kommunen utarbeidd ei plan for vurderingspraksis som skal vere lik for alle.

Med covid-19 sitt inntog fekk elevar og tilsette ei bratt læringskurve i bruk av digitale verktøy i undervisninga grunna koronapandemien. Teams vart innført og all kommunikasjon skjedde via digitale læringsplattformer som Skooler og Showbie. Mange lærarar jobba godt for å få til gode digitale undervisningsøkter. Dei delte opplegg seg imellom, og vi kunne sjå at dei vart veldig kreative i måten å planleggje undervisninga på.



*Foto: Kreativ heimeundervisning før påske. Når elevane ikkje kunne kome på skulen, måtte påskeharen ut og levere «påskeverkstad-utstyr»
Foto: Elisabeth Selnes.*

Viktige tiltak som vert vidareførte for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i opplæringa

- Skulane bruker den digitale plattformen «Kartleggeren» til å kartlegge elevane i basisfaga engelsk, norsk og matematikk
- Skulane registrerer kartleggingsresultata til elevane i systemet *Conexus engage*. Det gir god oversikt for lærarane og er til god hjelp i arbeidet med å tilpasse opplæringa til den enkelte elev
- PPT er tett på skulane i forhold til utarbeidinga av sakkunnige vurderingar og rettleiing
- Lesestrategi

Felles satsingsområde for å styrke det psykososiale miljøet i skulen

- MOT-arbeidet har vore utfordrande å gjennomføre i ungdomsskulen, men kommunen er i gang med å få det opp å gå igjen. Det er lagt opp til ei innføring av programmet igjen over 3 år
- Markeringa av «Partnerskap mot mobbing» på alle skular

- Skulane brukar «Leikepatruljen» sitt program. Programmet er organisert av Sunnmøre Friluftsråd. Dette er eit viktig program for å leggje til rette for positive aktivitetar i friminutta
- Helsestasjonen/psykisk helseteam har halde kurs i psykisk helse på barneskulen
- Det nyetablerte psykisk helseteam for barn og unge har gjort eit flott kartleggingsarbeid og kome med god rettleiing til lærarane knytt til oppfølginga av einskildelevar.

5.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- MOT kjem på plass i ungdomsskulen og blir gjennomført på 8. og 9. årssteg
- Haldningsskapande klasse miljøprogram som til dømes «Det er mitt val» blir brukt
- Partnerskap mot mobbing, markering på alle skulane
- Fokus på sunn mat og uteaktivitet i SFO.
Tema: Gi elevane god rettleiing i forhold til ernæring og at dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppsøving og mat og helse
- Det tverrfaglege skuleteamet skal vere med å samordne tenestetilbodet til elevar med samansette behov
- Skulane kartlegg skulemiljøet med ulike former for trivselsundersøkingar. Dette er viktig for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Kommunen gjekk til innkjøp av Klasse trivsel som er med på å kartlegge det psykososiale miljøet på skulen
- Alle skulane deltok i årets TV-aksjon «Plast i havet» og plukka søppel i fjøra. Det var eit positivt samarbeid mellom skulane og det lokale næringslivet



Foto: Tv-aksjonen 2019 «Plast i havet»
Foto: Elisabeth Selnes

5.6 Tal frå KOSTRA 2020

- skule, SFO m.m.	Vestnes	Møre og	Landet	Rauma	Stranda	Molde	Hustad- vika
		Romsdal	eks. Oslo				
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	13 830	14 803	14 146	14 357	16 574	13 694	18 257
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	120 573	123 130	116 610	121 059	159 073	118 406	142 351
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	10 572	6 024	6 170	3 571	4 767	6 924	9 880
Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år	1 835			3 042	1 369	7 094	5 942
Gjennomsnittleg gruppestørrelse	12,3	12,1	12,8	11,5	8,2	13,2	12,6
Andel elevar som får spes undervisn	15,8	9,5	7,8	8,1	11,1	11,1	11,0
Gj. Snitt grunnskulepoeng	41,8	43,1	42,9	43,1	42,6	43,1	42,8
Andel lærarar som er 40 år og yngre	43,4	44,3	45,1	35,1	40,0	42,4	46,3
Andel lærarar som er 60 år og eldre	15,2	9,4	9,1	9,3	6,3	10,4	10,3

Nokre KOSTRA tal - skule, SFO m.m. - utvikling siste 6 år	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring
							i % 15 - 20
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	12 141	12 646	13 132	13 508	14 360	13 830	13,9
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	103 032	108 014	114 848	114 958	123 098	120 573	17,0
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	4 224	8 253	7 633	7 533	10 451	10 572	150,3
Elevar pr komm skule	181	177	172	174	172	173	-4,4
Andel elevar som får spesialunderv.	7,9	9,0	10,1	11,4	13,1	15,8	100,0

5.7 Økonomisk resultat 2020

Driftseining	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020			Budsjett 2020	Avvik 2020	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Fiksdal skule	6 065	7 255	1 263	5 992	6 342	-350	-5,5
Tomrefjord skule	26 800	28 054	1 577	26 477	25 505	972	3,8
Helland barnesk./ H. ungd.sk	37 886	51 709	9 858	41 851	38 689	3 162	8,2
Tresfjord skule	4 535	2 792	138	2 654	2 822	-168	-6,0
PPT	2 538	4 336	2 348	1 988	3 138	-1 150	-36,6
Fellesutg undervisning	10 318	13 143	3 046	10 097	9 004	1 093	12,1
Sum grunnskule	88 142	107 289	18 230	89 059	85 500	3 559	4,2

- Samla meirforbruk på knapt 3,6 mill. kr, tilsvarende 4,2 %. I 2019 var det eit meirforbruk på 1,7 mill. kr. Grunnskule er ein av sektorane med størst meirforbruk.

- Grunnskulane har hatt meirforbruk i fleire år. Tilbakemeldingane frå einingsleiarane er at det ikkje er fagleg forsvarleg å redusere meir enn det som er gjort innanfor noverande struktur.
- Elevane ved Tresfjord skule vart overført til Helland barneskule frå 1. august i 2020. Samstundes vart ungdomsskuleelevane frå Helland krins flytta til Tresfjord skule. Ungdomsskuledrifta vart samtidig skilt ut som eiga driftseining. Det er difor noko vanskeleg å samanlikne 2020 mot 2019, og i dei økonomiske oversiktane har vi sett desse skulane i lag.
- Kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar, går på spesialskeule (Tøndergård) og spesial pedagogikk til Vike skule utgjør 7,5 mill. kr. Det er ein auke på kr 820.000,- frå 2019, eller 12,2%. Det er knapt 1,0 mill. kr meir enn budsjettert og ei av årsakene til stort meirforbruk i sektoren.
- Utgifter til skuleskyss er 2,7 mill. kr, det same som i 2019. Årsaka til at det ikkje er auke no når ungdomsskuleelevane vert køyrd til Tresfjord, er at skulane var stengde i 1,5 månad grunna Covid-19.
- Det er ein auke på 23 elevar som har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning skuleåret 20/21. Snittet ligg på ca. 90.000 kr per elev og nærare ei auke på 2,1 mill frå 2019. Det er også ei av årsakene til meirforbruket
- På fellesutgiftene er det inntektsført knapt 1,3 mill. kr som Rauma kommune betalte for at barneskuleelevane frå Vågstranda/Hjelvika gjekk på Helland barneskule hausten 2020. Utgiftene har barneskulen og vi må sjå denne inntekta saman med drifta av Helland skule. Til dømes vart det oppretta ein ekstra klasse på barneskulen som ikkje var tatt høgde for når elevane frå Vågstranda kom. Vi auka administrasjonsressursen i delinga av Helland skule, då vi ikkje hadde detaljplanlagt den i budsjetteringa for 2020.
- PPT hadde innsparing på over 1,5 mill. kr, hovudsak grunna vakansar i stillingar. Det medverka til at meirforbruket i sektoren ikkje vart enno større.

Utvikling 2015 - 2020

Driftseining	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2015 - 2020	
							Sum	i %
Fiksdal	5 827	5 549	5 403	5 640	6 065	5 992	165	2,8
Tomrefjord	23 786	23 231	24 669	26 567	26 800	26 477	2 691	11,3
Helland	32 025	33 585	33 198	34 639	37 886	41 851	9 826	30,7
Tresfjord	5 541	5 394	5 574	5 010	4 535	2 654	-2 887	-52,1
PPT	2 595	2 788	2 688	2 981	2 538	1 988	-607	-23,4
Fellesutgifter	7 000	8 147	10 678	10 218	10 318	10 097	3 097	44,2
SUM	76 774	78 694	82 210	85 055	88 142	89 059	12 285	16,0

Kap 6 Barn, ungdom og familie

Visjon:

Meistring og motivasjon for alle

Basert på kjerneverdiane: trygg, raus og engasjert

6.1 Oversikt over sektoren

Barn, ungdom og familie (heretter kalla BUF) var i 2020 samansett av tenestene Helsestasjon, Myra aktivitetssenter, Psykisk helseteam og Bustadtiltak.

Eininga har brei helsefagleg kompetanse, der dei fleste tilsette har ei spesialisering/etterutdanning. Eininga har eit førebyggjande og helsefremjande familieperspektiv for barn, vaksne og familiar med behov for hjelp og støtte.

Ansvar	Årsverk 2019	Årsverk 2020	Ev. merknad
Adm. Leiing	1,0	1,0	
Psykisk helseteam	5,0	5,0	Inkl. avd.leiar
Helsestasjonen	5,75	5,65	Inkl. familierettleiar og jordmorressurs
Myra aktivitetssenter	2,0	2,0	
Sosiale tenester barn og unge	12,86	9,00	Bustadane eks. pårørandestøtte tiltak
Tilsynsførar	0,2	0,2	
Prosjektstillingar	4,0	3,5	Styrka skulehelseteneste og helsestasjon og kommunalt rusarbeid.
Psykolog i kom. helse og omsorgsteneste		1,0	Lovpålagt 01.01.2020
Totalt	36,51	27,35	Inkl. prosjektstillingar

Prosjekt – Førebyggjande styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta:

Styrking: 50% jordmorressurs, 50% sjukepleiar ressurs, 50% fysioterapeut

Prosjekt – Kommunalt rusarbeid

Styrking 200% stilling spesialsjukepleiar

6.2 Resultatmål – Barn, ungdom og familie

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2019	Status 2020	Mål 2021
Teknologi/ IKT	Helsestasjonen <ul style="list-style-type: none"> Implementere bruken av «Stine Sofie stiftelsen» app. Verktøy i foreldrestøttande rettleiing HSPRO oppgradering 		Gjennomført	
	BUF <ul style="list-style-type: none"> Ressurspersonar i eininga får oppfriskingskurs i kvalitetssikringssystemet riskmanager Fokus på funksjonalitetar og bruken av teams 		Gjennomført	
	Psykisk helse <ul style="list-style-type: none"> Ta i bruk digitale kartleggingsverktøy 		Fortløpande	
			Under arbeid	
Teneste “objektiv kvalitet”	<ul style="list-style-type: none"> Breitt fokus på systemarb, revidere og utarbeide rutinar, samt byggje opp kvalitetssikringssystemet RiskManager. Auka fokus på avvik og avvikshandtering Alle nyttilsette skal gå gjennom opplæringslogg m/rutinar ved oppstart 		Godt i gong med arbeid, men framleis forbetningspotensialet	At alle fagområda får lagt inn sine rutinar i Riskmanager
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær <ul style="list-style-type: none"> Eigenmeldt Legemeldt 	0,5	0,7	0,5
	Kompetanseplan <ul style="list-style-type: none"> Eininga utarbeider kompetansebeholdning og deltek i felles kompetanseplan for helse og omsorg 	6,45	6,60	6,0
				Kartlegge kompetansebehov og utfordringar

6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Kommunen står overfor eit paradigmeskifte for kva retning ein skal ta i framtida. Velferdssamfunnet utfordrar oss i måtar å tenke på når det gjeld ressursar, kultur, nytenking og samhandling. I tråd med samhandlingsreforma bygger spesialisthelsetenesta framleis ned sine tenester og gir eit større ansvar til kommunen. Vi opplever auka press i form av komplekse samansette oppgåver og kommunen blir utfordra til å gjere strengare prioriteringar. Krav til omstilling i organisasjonen har meldt seg for alvor. Ut i frå eit helsefagleg perspektiv må kommunen framover legge til rette for at ein kjem i posisjon til å yte meir førebyggjande helsehjelp, og på denne måten får til å redusere omfanget av ressurskrevjande tenester. I dette arbeidet må fagområda i større grad sikre systematisk tverrsektorielt samarbeid. Problemstillingane kan ikkje eigast av den einskilde eller fagområdet, men må løftast og løysast i fellesskap med ulik tilnærming og tiltak.

Covid-19 pandemien

Covid-19 pandemien har prega eininga som heilheit. Mykje ressursar har gått med til å sikre at barn og unge, samt enkeltindivid skal få adekvat oppfølging. BUF har opplevd å måtte ta større ansvar når spesialisthelsetenesta har satt ei strengare prioritering for kven som får kome til behandling. Dette har medført ei auka belastning i krisetid på kommunen. Vi ser fleire tilviste saker knytt til psykisk helse barn og unge og vaksne. Vi er bekymra for langtidsverkningane av pandemien sett ut i frå eit familie og folkehelseperspektiv.

Psykisk helseteam for barn og unge (PHBU)

Psykisk helsetenester til barn og unge har dei siste åra fått auka fokus og kommunane større ansvar etter samhandlingsreforma. Prioriteringsrettleiar – psykisk helsevern barn og unge og pakkeforløp innan psykiske helse for barn og unge pålegge kommunen i betydeleg grad auka behandling og oppfølgingsansvar. Lette og moderate psykiske lidningar skal behandlast i kommunen. Berre tyngre psykisk lidningar skal tas hand om av spesialisthelsetenesta. I forkant av ei henvisning må kartleggingar/utredningar og tiltak vere godt dokumentert før den kan sendast over til spesialisthelsetenesta. Per i dag er det berre psykolog og fastlegar som har eit formalisert behandlingsansvar.

Prosjekt finansiering «kommunalt rusarbeid»

Vestnes kommune søkte Statsforvaltaren om tilskott gjennom «Kommunalt rusarbeid» også i 2020. Kommunen fekk tildelt 1 210 000. Tilskotet har vore nytta til å finansiere prosjektstillingar. Prosjektmidlane kan tildelast over fire år - beløp vert redusert med kr 110 000 kvart år. PHBU består per i dag av psykolog, familierettleiar og spesialsjukepleiar. Teamet er både kommunalt og prosjektfinansiert.

Status - tilbod og teneste

Vestnes kommune opplever ei auke i psykiske helseutfordringar knytt til barn og unge, særleg saker relatert til åtferdsvanskar, emosjonelle reguleringsvanskar, skulevegtring, angstproblematikk og nedstemtheit hos barn og unge. Teamet har stort fokus på familieperspektivet og tverrsektorielt samarbeid. PHBU tilbyr utredning, kartlegging, samtaleoppfølging og systemretta tiltak inn i familien. Pasientar/familiar blir vurderte gjennom ein kartleggingsfase på inntil tre månader. Etter avslutta kartleggingsfase har behandlar vurdert aktuelle tiltak som kan vere støttesamtalar, utredning av åtferd og familjestøttande rettleiing gjennom COS-P (tryggleikssirkelen).

I løpet av 2020 har PHBU sitt hovudfokus vore:

- Tilby oppfølging til barn og deira familiar i 2020 - 64 saker
- Tilby konsultativ bistand til grunnskulane
- Deltaking i tverrfagleg skuleteam/barnehageteam
- Etablere prosedyrar og rutinar

Psykisk helseteam

I høve Covid-19 har det vore eit spesielt år å drive psykisk helsearbeid. Konsultasjonar frå psykisk helseteam har vore gjennomført på ulike arena som ved, digital oppfølging, gjennom «Walk and talk» (terapeutisk oppfølging utandørs) og telefonoppfølging har vore ein del av kvardagen. I tillegg til oppfølging i heimen for ekstra sårbare grupper. Når samfunnet stengde ned i første del av pandemien opplevde teamet at spesialisthelsetenesta reduserte sin tilgjengelegheit.

Innan psykisk helse og rus er det framleis eit auka behov for hjelp i form av samtaleoppfølging, praktisk hjelp og bistand og i stor grad ambulant teneste som vert ytt til ulike tidspunkt på døgnet etter behov. Spesialisthelsetenesta skriv ut pasientar tidlegare enn før og ein ser difor at einkilde individ har behov for meir hjelp og støtte enn om dei hadde fått ved ein lengre innlegging eller eit opphald på ein DPS i ein overgang til kommunal teneste. Vi ser også pasientar som vert utskrivne utan å vere ferdig kartlagt eller behandla, desse sakene er også svært krevjande å følgje opp for å gi rett behandling og rette tiltak.

Myra aktivitetssenter

I samband med Covid-19 og pandemien har Myra aktivitetssenter vore tilgjengeleg og open for brukarane heile 2020. Tilrettelegging og inndeling i kohortar for å overhalde smittevernstiltaka har vore naudsynt. Det var mange av brukarane som ikkje ville nytte tilbodet ved Myra aktivitetssenteret ved starten av pandemien. Tilbakemeldingane frå brukarane under pandemien har vore at mange følte seg engsteleg og isolert. Difor måtte vi legge om drifta ein periode og tenke annleis for korleis imøtekomme behova. Dei brukarane som hadde behov fekk tilbod om telefonsamtalar dagleg. Myra aktivitetssenter har gjennom 2020 hatt fokus på helsefremjande tiltak som aktivisering, kosthaldsrettleiing og økonomi.



Foto: Synnøve Lange. Produksjon av basargevinstar

Helsestasjonen

Vårt overordna mål er at alle barn i Vestnes kommune skal få eit kvalitetssikra tilbod, som styrkar den fysiske og psykiske helsa og som skal gjere dei i stand til å meistre livet.

Status:

- Det blei fødd 60 barn i Vestnes i 2020.
- Busette flyktingar - barn med familiar i 2020:
 - 2 stk. under 18 år frå Kongo med mor
 - 4 stk. under 18 år frå Syria med mor og far
 - 1 stk. barn født i 2020 med berre mor frå Kongo
 - 1 stk. barn født i 2020 med mor og far frå Kongo
 - **Altså: 8 barn under 18 år som er busett i 2020, i tillegg til 6 vaksne**
- Helsestasjonen opererer ikkje med venteliste, og skal ta i mot alle i alderen 0-20 år. Talet på barn i målgruppa er i underkant av 20% av Vestnes kommune sine innbyggjarar.
- Helsestasjonen sitt fokus er utvikling av gode tenester og tidleg innsats for barn og unge med familiar.
- Det primærforebyggjande arbeidet er ei av hovudoppgåvene for helsestasjonen, men tenesta har også gjennom familierettleiar, hatt ei kartlegging og behandlande funksjon av milde og moderate psykososiale vanskar.

Prosjekt «styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta»

Helsestasjonen har også i 2020 hatt prosjektmidlar, 50% jordmor og 100% helsesjukepleiar, der midlane i stor grad har gått til gjennomføring av lovpålagte oppgåver, som økte treff-tider, gjennomføring av helsesamtalar til alle 8.kl.elevar, deltaking på foreldremøte i 1.og 8.kl. Utover dette har vi også gjennomført undervisning i psykisk helse til ungdomsskuleelevar 9. kl. ved Tomrefjord skule. Denne undervisninga har blitt gjennomført årleg sidan 2018 ved begge ungdomsskulane i Vestnes. Planen er å implementere dette som ein del av det ordinære tilbodet, men vi ser det er svært sårbart i høve tilgjengelege ressursar.

Oppvekstsektoren melder om «tunge» og kompliserte saker som krev høg kompetanse for å handtere. Det er saker som alvorleg spisevegring, skulevegring, angst, depresjon, sjølvordstankar. Vi registrerer at spesialisttenesta i større grad utreiar og stillar diagnose og kommunen skal ha ansvaret for behandlinga.

Vidaregåande skule har også vore ein del av prosjektet, noko som har vore udelt positivt i den forstand at vi ser ved auka tilgjengelegheit blir vi meir brukt både av elevar og tilsette. Det er komplekse og samansette problemstillingar som krev tverrfagleg tilnærming, der den helsefaglege kompetansen er viktig.

Flyktingarbeid: Vi har tatt opp igjen helseteamet som samarbeidsarena, etter at det vart utfasa når asylmottaket vart avslutta i 2016. Målet med teamet er å jobbe både på system og individnivå. Eit viktig forum for å oppretthalde kompetansen på fleirkulturell forståing som fag i den kommunale organisasjonen. Flyktingarbeidet er komplekst samansett- og det er eit fagleg krevjande arbeid. Derfor er helseteamet som arena viktig. Vi erfarer at direktebusetting (kvoteflyktingar) er ressurskrevjande når det gjeld oppfølging. Dette av naturlege grunnar, men desto viktigare blir det med tett oppfølging og tett samarbeid på tvers av tenester og sektorar for å få ein god start for nye borgarar i Vestnes kommune.

Koordinatorrolla: Til brukarar med samansette og langvarige tenester. Eit arbeid som ligg i all hovudsak til helsestasjonen og helsesjukepleiar. Dette er også eit krevjande arbeid som må takast opp til evaluering og som bør fordelast på fleire tenester.

Systemarbeid: Barnehage og skular. Vi manglar eit forum på systemnivå for samarbeid med barnehagar og skular. Vi har tverrfaglege team, som fungerer godt på individnivå, men vi bør med fordel ha eit forum for overordna samarbeid.

Covid-19: Har utfordra oss i 2020. Vi har likevel heile tida følgt nasjonale og lokale retningslinjer som for oss har betydd gjennomføring av tenester som normalt både ved helsestasjonen og skulehelsetenesta, då med fokus på smittevern. Det har også utfordra oss på auka tidsbruk grunna tilrettelegging av smittevern, både før og etter konsultasjonar.

Barnevernet

Frå 01.01.2020 inngår Molde, Aukra og Vestnes i felles interkommunal barnevernteneste, der Molde er vertskommune for samarbeidet. Med bakgrunn i kommunesamanslåinga frå 01.01.20, er tal frå tidlegare år ikkje samanliknbare med den nye kommunestrukturen. Vi kjem tilbake med meir utdjupande informasjon i tilstandsrapporteringa for 2021. Dette gjeld også tal til rapportering for undersøkingar, då ny organisering og dokumentering av dette er ny praksis frå 01.01.20.

Då pandemien starta i mars, arbeida tilsette frå heimekontor. Våren 2020 hadde barneverntenesta auka fokus på å halde kontakt med familiar, barn og unge på telefon, gjennom auka digitale møteplassar, i tillegg til å møte foreldre og barn utandørs med god avstand. Barneverntenesta opplevde eit tett og godt samarbeid med andre samarbeidsinstansar.

I starten av pandemien var mange ungdommar mykje heime, avskore frå sosiale møteplassar og skule. Fleire ungdomsskoleelevar og elevar på vidaregåande mista den daglege kontakta med jamnaldrande. Mange barn og unge mista viktig vaksenkontakt med til dømes lærarar og helsesjukepleiarar. Vi stiller spørsmål om dette kan vere ein medverkande årsak til at vi hausten 2020 såg auke knytt til ungdom som hadde utfordringar med rus og psykisk helse.

Ansvar for barnevernet er delt mellom stat og kommune. Ei rekke utredningar og evalueringar av barnevernet har peika på at dagens ansvarsdeling er ei kime til utfordringar, og at enkelte avgjersler blir teke langt frå brukarane. Uklare ansvarsforhold kan medføre uforutsigbarheit i tilbodet og samhandlingsutfordringar, noko som først og fremst rammer barna som har behov for hjelp.

27.03.2020 kom det fire dommar frå Høyesterett (HR) som har skapt nye føringar og retningslinjer for norsk barnevernspraksis. HR si behandling i fire saker var ein direkte konsekvens av EMD sine dommar mot Noreg. I juni 2020 kom det nye retningslinjer frå Regjeringa. Barneverntenestene har tatt føringane på alvor, det har vore gjennomført kurs i juss i regi av direktoratet og forsamlingar med kommuneadvokatane om konsekvensar i barneverntenesta sin praksis. Det blir arbeida med rutinar og praksis i kommunane si barnevernteneste for å rette seg etter HR sine dommar.

Hausten 2020 starta barneverntenesta med ny intern organisering. Som følgje av Covid-19 vart arbeidet noko forsinka. Vi har nå eit nytt team som skal følgje opp spesifikt barn som for ein lengre periode må bu utanfor heimen. Ved å gjennomføre denne omorganiseringa har vi eit heilskapleg fokus på å betre kvalitet i tenestene og betre oppfyljing av lovkrav, og at fristar blir følgt etter lov om barneverntenester.

Barnevernreforma: Ny barnevernreform trer i kraft 01.01.2022. Delar av ny barnevernlov er allerede vedteke og trådd i kraft. Dette gjeld bruken av samtaleprosess i Fylkesnemnda og at alderen for ettervern er auka frå 23 år til 25 år. Krav om tilstandsrapport er også lovfesta og skal årleg leggast fram for kommunestyret jf. Lov om Barneverntenester § 2-1, 8.ledd. Reforma utfordra kommunen på tidleg innsats og evidensbaserte tiltak på alle nivå - for å sikre at ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet blir meir effektiv. Bakgrunnen for å flytte meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, er kommunen sin nærleik til familiane og innsikta i barnas og foreldra sine behov. Barnevernsreforma skal styrke

kommunen sitt førebyggjande arbeid med fokus på tidleg innsats og ha fokus på tverrfagleg samhandling.

Med barnevernsreforma får kommunane auka økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar, samt høgare eigenandel for statlege barnevernstiltak. Kommunane får også eit auka fagleg ansvar, mellom anna gjennom eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar. Endringane skal samla sett gi eit betre barnevern, der flest mogleg barn får tilpassa hjelp innafor dei ressursane barnevernet og kommunen til ei kvar tid disponerer. Endringane vil også gi kommunane sterkare insentiv til å arbeide forebyggjande. Auka økonomisk ansvar vil bli kompensert gjennom ei auke i rammetilskotet.

6.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

- Vestnes kommune deltok i oppstartsmøte ved Fylkesmannen for MUST 2020 – eit samarbeid på tvers av tenester og nivå ved gjennomføring av pakkeforløp i psykisk helse og rusarbeid for vaksne. Det vart gjennomført 2 samlingar før mars månad, då MUST vart vidare utsett grunna Covid-19 situasjonen. Kommunen meldte seg seinare av vidare deltaking, då det ikkje lenger var kapasitet i arbeidsgruppa grunna nye prioriteringar som følge av pandemien.
- Psykisk helseteam gjennomførte første meistringskurs i tankevirus, der siste kursdag vart avlyst grunna Covid-19.
- Det vart haldt kurs i belastningsmestring (KIB), med oppstart i oktober. Det vart gjennomført 8 kursdagar (av tot.10) i 2020.
- BUF inviterte RVTS til fagdag i Vestnes den 12 oktober, med tema førebygging av sjølvskading og sjølvskading, der 40 tilsette frå ulike tenesteområde deltok. Foredragshaldarar var Julia Hagen (NTNU) og Rita Småvik (RVTS Midt). I det vidare arbeidet med førebygginga av sjølvskading er ressurspersonar i BUF og BUHAB peika ut til å delta i regionalt nettverk i Møre og Romsdal.



*BUF inviterte RVTS til fagdag
Foto: Elly V. Slettvoll*



*Vestnesavisa intervjuar psykisk helseteam om korleis dei
arbeider under pandemien
Foto: Vestnesavisa v/Trine Risvik*

Arbeid med handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2017-2020:

Vestnes kommune har sidan 2013 vore med i arbeid med kommunal/interkommunal handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Planen er politisk forankra og intensjonen er at planen skal vere eit «levande dokument». Som ein del av planen vart det utarbeidd ein tiltaks- og handlingsdel. I 2019 starta referansegruppa representert ved (Aukra, Vestnes, Molde krisesenter IKS og Høgskolen i Molde) ein framdriftsplan for rullering av handlingsplanarbeidet. Rulleringa baserer seg på anbefalingar frå NKVTS rapport nr.3/2019.

Det er framleis ei forventning om god administrativ og politisk forankring i kommunane. På grunn av pandemien blei arbeidet utsett store delar av 2020. Arbeidet starta opp igjen i desember, og målet er å få på plass ein revidert plan i løpet av 2021. 7 kommunar skal rullere handlingsplanen mot vald i nære relasjonar. Vestnes er representert i arbeidsgruppa v/BUF og i styringsgruppa v/oppvekst.

Kompetanseheevande tiltak i eining – Utdanningar (etter-/vidareutdanningar)

1 tilsette har starta opp med etterutdanning i psykisk helse, graviditet og barselstid

1 tilsett starta opp med psykososialt arbeid med barn og unge (2018-2020)

1 tilsett starta opp med ernæring og fysisk aktivitet

1 tilsett starta opp med politikk, helse og livsløp

1 tilsett starta opp med helsefremmande lokalsamfunn-samhandling

2 tilsette starta opp med traume, tilknytning og samspill

6.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Tilbod om influensavaksining for alle tilsette i eininga
- Primære forebyggjande fokus i helsestasjonen, graviditet/svangerskap og etter fødsel
- Starta opp med foreldrestøttande rettleiing på individnivå
- Fokus på psykisk helsearbeid i befolkninga

6.6 Tal frå KOSTRA 2020

Nøkkeltal - barnevern	Enhet	Vestnes	Kostragruppe 04	Landet utan Oslo	Møre og Romsdal
		2020	2020	2020	2020
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år (kr)	Kr	9 217	9 204	8 042	6 658
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	5,5	5,2	5	4,5
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	4,7	4,9	4,6	4
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	4,6	4,3	3,7	3,9
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	Kr	50 342	55 154	56 207	57 447
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	Kr	36 522	45 500	44 521	31 916
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	Kr	288 600	397 595	433 312	387 531

Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall)	antall	16,9	17,2	17,5	20,5
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar (prosent)	prosent	90	88	90	87
Nøkkeltal – helsestasjon/ skulehelseteneste					
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år (årsverk)	årsverk	36,7	52,9	45,7	48,5
Andel heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødte (prosent)	prosent	95	86,8	77	92,7
Nøkkeltal - rus og psykisk helse					
Brutto driftsutg. til tilbod til personar med rusproblem pr. innb. 18-66 år (kr)	Kr	176,2	221,9	616,9	344,8
Netto driftsutg. til tilbod til personar med rusproblem pr. innb. 18-66 år (kr)	Kr	176,2	164,6	529	301,9
Andel netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem (prosent)	prosent	8,1	5,1	14,4	11,2
Årsverk av psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar (helse- og omsorg) (antall)	antall	13,7	0,1	4,3	3,2
Årsverk av personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggjarar (helse og sosial) (antall)	antall	15,5	0,2	8	5
Årsverk av personar med vidareutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggjarar (helse og sosial) (antall)	antall	1,5	0	2,8	1
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukarar av aktørar utanfor komm per 10 000 innbyggjarar 18-66 år (antall)	antall	0	2,3	3	0,7
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukarar av aktørar utanfor komm per 10 000 innbyggjarar (antall)	antall	0	1,4	1,9	0,5
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukere per	antall	0	10,7	3,6	0,7

10 000 innbyggjarar 18-66 år (antall)					
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukarar per 10 000 innbyggjarar (antall)	antall	0	6,4	2,2	0,5
Andel nyinnflytta med psykiske lidingar og / eller rusmisbrukarar (prosent)	prosent	:	14	20	12

6.7 Økonomisk resultat 2020

Tal i tusen kr	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kr	i %
Psykolog	460	1 035	216	819	887	-68	0
Prosjekt BUF -Styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta	0	1 067	1 067	0	17	-17	-100
Helsestasjon	2 939	3 277	55	3 222	3 464	-242	-11
Jordmorteneste	266	435	143	292	327	-35	-13
Myrateigen	7 942	7 835	475	7 361	7 642	-281	-6
Myra Aktivitetssenter	1 295	1 282	13	1 269	1 374	-105	-8
Psykisk helse og rus	3 528	3 831	88	3 743	3 349	394	-1
Administrasjon BUF	943	836	0	836	928	-92	-32
Familierettleiar BUF	484	414	0	414	389	25	8
BUF - helse og omsorgsteneste	3 510	1 653	31	1 621	3 039	-1 418	-34
BUF - Prosjekt psykisk helseteam barn og unge	0	1 131	1 131	0	205	-205	-100
Tilsyn fosterheim	28	147	149	-2	99	-101	-103
Prosjekt BUF - jordmor	1	0	0	0	0	0	0
TOTALT	21 397	22 943	3 368	19 574	21 720	-2 145	-10

- Som det går fram har eininga eit mindreforbruk i forhold til budsjett på 2,1 millionar kroner i 2020.
- Innsparinga kjem i hovudsak som følge av reduserte utgifter knytt til tiltak både i butilbod og utanfor (helse- og omsorgstenester). Behovet for tenester vil naturleg variere noko over tid basert på samansetjing av brukargruppa.

Utvikling 2015 – 2020 for Barn, ungdom og familie

	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Tal i tusen kr	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Psykolog	463	388	287	230	460	819
Prosjekt BUF - Styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta	0	0	0	-9	0	0
Helsestasjon	2 754	2 833	3 210	3 218	2 939	3 222
Jordmorteneste	262	269	280	254	266	292
Kommunalt rusarbeid	384	1 343	0	0	0	0
Myrateigen	1 925	2 956	7 615	9 788	7 942	7 361
Myra Aktivitetscenter	1 317	1 323	1 188	1 073	1 295	1 269
Psykisk helse og rus	0	0	3 210	3 280	3 528	3 743
Administrasjon BUF	0	0	587	860	943	836
Familierettleiar BUF	0	0	277	484	484	414
BUF - helse og omsorgsteneste	0	0	0	571	3 510	1 621
BUF - Prosjekt psykisk helseteam barn og unge	0	0	0	0	0	0
Tilsyn fosterheim	116	50	17	64	28	-2
Prosjekt BUF - jordmor	0	0	5	0	1	0
TOTALT	7 220	9 161	16 676	19 814	21 397	19 574

- Eininga har endra seg mykje over desse åra, både som følge av organisasjonsendringar og auke i behov og ressursbruk.
- Dagens eining vart etablert i 2016, og hadde sitt første heile driftsår i 2017. Seinare har tilbodet vore utvida med eigen bustad med heildøgns tenester og helse- og omsorgstenester for born og unge. I 2018 var rustenesta som tidlegare låg til NAV-kontoret slått saman med tenester for psykisk helse som låg i Heimetenestene, til «Psykisk helse og rus» i BUF.
- Frå 2019 har eininga hatt eit eige prosjekt knytt til psykisk helseteam for barn og unge. Dette prosjektet vert vidareført i 2020.

Barnevern

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Tal i tusen kr	2020	2020	
Barnevern m.v.	15 901	14 500	1 401
T O T A L T	15 901	14 500	1 401

Barneverntenestene kjøper vi av Molde som er vertskommune. I tillegg til Vestnes, så deltek også Aukra kommune i samarbeidet. Som tabellen, viser var det i 2020 eit meirforbruk på 1,4 millionar kr i forhold til budsjett. Budsjettet her var nok for stramt i utgangspunktet og vi håpa at utgiftene til plasseringar utanfor heimen skulle bli lågare enn dei vart.

Barnevern – utvikling i utgiftene i perioden 2015 - 2020

	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Tal i tusen kr	2015	2016	2017	2018	2019	2020
T O T A L T	14 631	11 902	13 223	12 589	16 762	15 901

- Som det går fram av tabellen har utgiftene til barnevern variert ein del frå år til år. Det er særleg behovet for plasseringar utanfor heimen som påverkar dette i det einkilde år. Frå og med oktober 2018 har barneverntenestene vore drifta gjennom interkommunalt samarbeid, der Molde kommune er vertskommune. Utgiftene i 2019 var særleg høge fordi det vart oppdaga at det var inntektsført nær 1 millionar kr for mykje i refusjon frå det statlege barnevernet i 2018. Dette vart retta i 2019, slik at utgiftene i 2018 eigentleg skulle vore 1 million høgare, medan dei i 2019 skulle vore 1 mill. kr lågare.

Kap 7 Eining for kvalifisering og integrering (EKI)

Visjon:

«Kvalifisering og integrering i eit mangfaldig Vestnes»

7.1 Oversikt over sektoren

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2019	Årsverk 2020	Ev. merknad
Einingsleiar, avdelingsleiar	1,38	1,38	
Vaksenopplæringa, lærarar	4,8	4,48	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap, grunnskuleopplæring, spesialundervisning.
Vaksenopplæringa; støttepersonar i klasserom	1,6	0	Morsmål, mm
Flyktingtenesta: miljøarbeidar, programrådgjevar	2,3	2,2	
Flyktingtenesta: morsmålsstøtte, mm Helland skule	1,9	2,02	I tillegg til overføring på 1,7 mill. i 2020

7.2 Resultatmål 2020

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2020	Resultat 2020	Mål 2021
Brukarar - "opplevd kvalitet"	Gjennomføre ein kvalitetssikra brukarundersøking i samsvar personvernlovgjevinga og IMDi sine retningslinjer for alle deltakarar i opplæring og/ eller i introduksjonsordning.	100 %	100 %	100%
Teneste "objektiv målt kvalitet"	Vaksenopplæringa: <ul style="list-style-type: none">Innvandrarar som gjennomfører skriftleg norskprøve med resultat A2 eller høgare (lese, lytte, skrive)Innvandrarar som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgareInnvandrarar som oppnådde B1 i alle disiplinar på A2/B1 og B1/B2-prøvenInnvandrarar som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap/ statsborgarprøven og bestårKandidatar som gjennomfører grunnskuleeksamenGrunnskuleeksamen; karakteren 2 eller over (4 i 2018; 100% med karakteren 2 eller over) Flyktingtenesta: <ul style="list-style-type: none">Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avslutta (2020)Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning 1 år etter avslutta introduksjonsprogram:	90% 90% 50 % 90 % 12 67 %	80% 85,7% 100% 100% 0 (avlyst) 0 (avlyst)	90% 90% 50% 90% 12 67%



Foto: Nokre av elevane som fekk gode resultat på prøvene dei tok i 2020

7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa

- Kvar deltakar i norskopplæring og/eller i introduksjonsprogram skal ha ein individuell plan som blir utarbeidd av Vaksenopplæringa, Flyktingtenesta og deltakaren sjølv i lag. Planen skal bidra til å styrkje deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende. Det kan vere ei utfordring å halde fristane for halvårleg evaluering og justering. På grunn av fleire involverte partar var det utfordrande å halde fristane for halvårleg evaluering og justering då det på grunn koronasituasjonen var vanskeleg å møtast fysisk i periodar.
- Den individuelle planen ligg til grunn for eventuell utviding av tida for deltaking i introduksjonsordning (normalt 2 år etter busetting) og for vedtak om grunnskule.
- Samarbeidsavtale mellom NAV Vestnes og EKI (forkorting for Eining for kvalifisering og integrering) er utarbeidd og blir evaluert/ og justert ein gong i året.
- Busetting av personar frå land som ikkje kjenner til moderne standard i norske bustader, til dømes kjennskap til og bruk av elektriske artiklar i heimen, innlagt vann, regulert kloakksystem, mm. er særskild utfordrande.
- På grunn av Covid-19 blei skulen stengd i 2 månader frå mars 2020 og det blei gjennomført digital undervisning. På grunn av varierende digital kompetanse, var dette krevjande for mange.



Foto: Bilete frå siste skuledag i 2020

Flyktingtenesta

- Vestnes kommune leiger private bustader til flyktingar i tillegg til bruk av kommunale bustader. Samarbeidsavtale med Eining for eigedomsdrift er utarbeidd og blir evaluert årleg.
- Utfordring i det å gi god nok opplæring i alle sider ved det å bu og ivareta bustaden. Kommunen har utarbeidd sjekklister til bruk ved heimebesøk som også inkluderer branntilsyn.
- EKI motiverer for at flyktingar overtar leigeforhold/ kjøper privat bustad når rammene er på plass for det.
- EKI og Eining for kultur samarbeider med fokus på inkludering gjennom frivilligheita. Det er naturleg at tiltak som blir starta i EKI og er aktuelle for vidareføring, blir overtatt og koordinert gjennom Frivilligsentralen og frivillige organisasjonar. På grunn av Covid-19, blei fleire av desse tiltaka sett på vent sidan mars 2020 og ut året.
- Deltaking i lag og organisasjonar er viktig kvardagsintegrering, spesielt for barn. EKI prioriterer derfor tilrettelegging for deltaking høgt. Det er viktig at laga legg til rette for at foreldre får gjere dugnadsinnsats på lik line med dei norske foreldra, noko som kan vere ei utfordring. På grunn av Covid-19, blei mange av desse aktivitetane stansa i fleire månader.
- Tett samarbeid med NAV, legesenteret, helsestasjonen og psykisk helseteam på individplan, er viktig ved busetting og undervegs i introduksjonstida, for nokon i heile 5-årsperioden. Dei fleste fysiske samarbeidsmøta blei avlyst på grunn av Covid-19. På systemplan blir det halde halvårlege møte der alle samarbeidspartar deltek.
- EKI dekkjer 30% helsesjukepleiarstilling for å sikre ivaretaking av barn av busette flyktingar og 10% helsesjukepleiarstilling for å gjennomføre ICDP.
- Overgangen frå introduksjonsprogram med stønad til arbeid/utdanning kan vere utfordrande. EKI har rutinar for bruk av Lånekassa sine støtteordningar, slik at dei som blir utskrivne av introduksjonsordninga før dei har avslutta grunnskulen, får fullføre med statleg stipend. Nokon skaffar seg også arbeid i tillegg til stønad frå Lånekassa, jf. norske skuleelevar.
- Utfordring i å leggje til rette for arbeidsretta løp for dei som har liten eller ingen skulebakgrunn frå heimlandet og vil ha problem med å fullføre eit utdanningsretta løp. Vestnes har fått rettleiing frå IMDI m.a. på dette fokusområdet. For å lukkast må ein ha gode samarbeidsavtalar med lokalt næringsliv og aktuelle kommunale arbeidsplassar. På grunn av Covid-19, blei fleire av dei arbeidsretta tiltaka avslutta.
- Kommunestyret gjorde i 2019 vedtak om at alle einingar skal ta i mot minimum 1 flykting i ein eller annan form for praksis. Dette har ein ikkje lukkast med i 2020, mykje på grunn av Covid-19.

Vaksenopplæringa

- Kvalitetssikre at opplæringa i norsk og samfunnskunnskap til alle deltakarar blir individuelt tilrettelagt med bakgrunn i kartlegging av skulebakgrunn frå heimlandet (rett spor) og norsk-kunnskapar (rett nivå). I ein liten kommune som Vestnes må ein av og til akseptere at deltakarar med ulikt språknivå må gå i same klasse.
- Tilby grunnskule over 2-3 år der første året er på førebuaende nivå og andre året er 10. klasse med standpunktarakterar og grunnskuleeksamen tilsvarande 10. klasse i grunnskulen. Det er ei utfordring at nokon vil ta grunnskulen på eitt år sjølv om dei har lite skulebakgrunn frå heimlandet, men det er fleire no som ser at dei treng lengre tid. Dei som har rask progresjon får realkompetansevurdering i fag, slik at dei raskare kan søkje seg inn i vidaregåande skule.
- Gje god rettleiing til dei vaksne i høve innsøking til vidaregåande skule og høgare utdanning. Gje hjelp til innsending av dokument til NOKUT. Det er viktig å rettleie deltakarane slik at dei gjer val med bakgrunn i egne evner/ interesser/ føresetnader og i samsvar med arbeidsmarknadsbehovet framover.

- Grunnleggjande ferdigheiter; lesing, skriving, rekning, munnleg framstilling og digitale ferdigheiter er viktig for alle og skal inn i alle fag. Utfordring i å byggje tilbod som inneheld grunnleggjande ferdigheiter i kombinasjon med relevante tema i eit arbeidsretta løp.

7.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

Tenesteyting - Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa

- Oppnådd at 89% av dei som vart utskrivne av introduksjonsordninga i 2020 gjekk direkte over i arbeid eller utdanning.

Tenesteyting - Flyktingtenesta

- Busett 2 flyktingfamiliar i desember 2020, totalt 10 personar, - alle overføringsflyktingar der FN har godkjent asylsøknaden i flyktingleir i venteland. IMDi anmoda Vestnes om å busette 16 i 2020, men kommunen fekk nedjustert talet på grunn av Covid-19 og stengde grenser.
- Vestnes har ikkje tatt i mot sekundærbusettingar i 2020.
- Dei busette fekk ikkje starte i introduksjonsprogrammet før året var omme, pga. karantenetida og at julehøgtida stod for tur .
- 9 har avslutta introduksjonsordning i 2020. Av desse er 1 i arbeid og 7 i vidareutdanning; resultat 89%. Fleire av dei busette er i høgskuleutdanning.
- Fleire av dei som vart busett som flyktingar i Vestnes har kjøpt seg hus eller har gått over til private leigeavtalar noko som er særers positivt.
- Mange av dei busette har tatt sertifikat på bil. Frivillig innsats i køyreopplæringa frå lokalbefolkninga har vore viktig for å oppnå dette samt at Røde Kors stiller med bil. På grunn av Covid-19 blei tilbodet Habil redusert i periodar.
- Gjennomført leksehjelp i gruppe for barn og foreldre kvar veke i skuleåret, men på grunn av Covid-19 blei dette tilbodet redusert i periodar.
- Gjennomført leksehjelp til flyktingar i vidaregåande skule i skuleåret, men på grunn av Covid-19 blei dette tilbodet redusert i periodar.
- Vestnes kommune har fått fleirårig tilskot frå Bufdir til foreldrestøttande tiltak. EKI har gjennomført foreldrerettleiingsprogram ICDP som del av prosjektet i 2018, 2019 og 2020.



Foto: Tilsette ved Flyktingetenesta på flyplassen for å ta imot ein familie som blei busett i 2020

Tenesteyting - Vaksenopplæringa

- Tilbydd norskopplæring på spor 1 - 3 og på nivå A1 – B1, samt alfagruppe for dei med liten eller ingen skulebakgrunn. Delar av undervisninga gjennom året blei utført digitalt på grunn av Covid.19.
- Ordinær grunnskoleeksamen skriftleg og munnleg blei avlyst på grunn av Covid-19.
- Gir opplæring til ny avgangsklasse med 6 deltakarar frå Vestnes og Rauma der storparten av dei vil fullføre grunnskulen våren 2021.
- Gjennomført prøver i norsk skriftleg med 3 delprøvar og gjennomført munnleg norskprøve i samarbeid med Rauma kommune.
- Gjennomført samfunnskunnskapsprøver på morsmål/norsk samt statsborgarprøver, totalt 13 personar tok slike prøver i 2020 og alle bestod på prøvene.
- Tilbydd spesialundervisning etter søknad.

Kompetanseauke EKI

- Opplæring i prioriterte tema innan psykisk helsearbeid, m.a. om utfordringar som kan kome for personar som har opplevd store traume noko som òg kan hindre læring
- Opplæring i sikring som HMS-tiltak i høve bygget og personane som oppheld seg der
- Årleg vaksenopplæringskonferanse arrangert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal med prioriterte tema innan arbeidsfeltet blei avlyst i 2020 på grunn av Covid-19
- Kompetanseheving vedkomande handlingsplanen mot vald i nære relasjonar.
- Kompetanseheving gjennom deltaking i samarbeidsforum lokalt i kommunen og i ulike fylkesnettverk. Dei fleste samarbeidsforum blei gjennomført digitalt p.g.a. Covid-19.

7.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Gjennomført rettleiingsprogrammet ICDP for å støtte foreldre og omsorgspersonar til å fremme den psykososiale utviklinga hos barn og unge.
- Fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet.

7.6 Økonomisk resultat 2020

Driftseining	Tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
		2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Vaksenopplæring (2701)		2 037	5 612	2 710	2 902	1 085	1 817	167,5
Busette flyktningar (3218)		8 159	10 010	1 954	8 056	8 398	-342	-4,1
Sum		10 196	15 622	4 664	10 958	9 483	1 475	15,6

- Det er eit meirforbruk på knapt 1,5 mill. kr. I 2019 var det eit meirforbruk på 0,7 mill. kr.
- Alle utgifter til vaksenopplæring er ført på ansvar 2701, opplæring i norsk og samfunnskunnskap inkl. prøvetaking, grunnskuleopplæring for vaksne inkludert eksamensavvikling, spesialundervisning for vaksne, samt introduksjonstema som del av introduksjonsprogrammet for flyktningar.

- Det er vaksenopplæringa som har stort meirforbruk både i 2019 og 2020. Tidlegare år når det var flyktningsmottak i kommunen og vi elles hadde fleire nye busette flyktingar, fekk vi langt høgre statstilskott til vaksenopplæring. Statstilskottet er redusert mykje siste åra, og kommunen må dekke ein større del av kostnaden enn tidlegare. Budsjettet var nok sett for lågt både på utgifter og inntekter.
- Alle utgifter til busette flyktingar blir ført på ansvar 3218, m.a. etablering og busetting, grunnskuleopplæring for barn/unge (Helland skule fekk overført 1,7 mill. kr frå Flyktingtenesta i 2020 i tillegg til at Flyktingtenesta dekkjer språkassistentar over eige budsjett), introduksjonsstønad (2,7 mill. kr), helsestasjonsteneste, tolketeneste, bidrag etter sosialtenestelova (kr 1.069.000,-)
- Busetting, innlemming i introduksjonsordning og morsmålsassistentar i skule og barnehage kostar, så eininga må ha midlar til dette i samsvar med busettingstalet som kommunestyret har bestemt.
- Særskilte tilskot blir tildelt av staten gjennom året på grunnlag av søknad og gir kommunen refusjon for spesielle tiltak til personar i målgruppa.
- Prosjektrekneskapen er ført på eige ansvar.

Utvikling 2015 - 2020

Driftseining	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2015 - 2020	
							sum	i %
Vaksenopplæring	-330	176	1 803	1 062	2037	2 902	3 232	-979,4
Busette flyktingar	5 539	8 201	8 910	7 892	8 159	8 056	2 517	45,4
SUM	5 209	8 377	10 713	8 954	10 196	10 958	5 749	110,4

- Vestnes kommune har busett flyktingar i heile perioden i samsvar med anmodning frå IMDi. Første år med busetting var i 2013, årlege tal går fram av gjeldande busettingsplan. Kommunen har i perioden også tatt i mot familiegjenforeinte med busette flyktingar og personar/ familiar med sterk tilknytning til kommunen som har søkt sekundærbusetting. Personar har også flytta til andre kommunar i perioden.
- Busettingsarbeidet blir meir ressurskrevjande år for år då dei som kjem er meir utfordrande å integrere enn dei som vart busett tidlegare år.
- Kommunal andel til vaksenopplæring vart større når asylmottaket vart lagt ned, og vil nok bli det i åra framover. Tilskott til vaksenopplæring av flyktingar dekkja tidlegare år, når det var flyktningsmottak også kommunen sin andel av vaksenopplæring. Den kommunale delen av budsjettet til vaksenopplæringa er aukande då tilstrøyminga av vaksne innvandrarak som utløyser statstilskot har gått ned år for år. Det er òg naturleg då både grunnskuleopplæring og spesialundervisning er ei kommunal teneste heimla i opplæringslova.
- Kvalifiseringsarbeidet må rettast meir inn i mot arbeidsretta løp. Frå januar 2021 trer den nye Integreringslova i kraft og målet med den nye lova er at fleire skal få varig fotfeste i norsk arbeidsliv gjennom differensiering av programtid og krav til nivå i norsk

Kap 8 Kultur og fritid

Visjon:

Midt i blinken for det gode liv i Vestnes.

Opplæring, møteplassar, kultur og frivilligheit

8.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapitelet: Vestnes kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, Vestnes frivilligsentral og Vestnes folkebibliotek.

Teneste	Årsverk 2019	Årsverk 2020	Ev. merknader
Kulturskulen	9,41	9,48	0,2 årsverk er kjøp av danselærer frå Operaen i Kristiansund
Kultur i sentraladm.	0,6	0,6	
Frivilligsentral	1	1	
Biblioteket	2,1	2,1	0,1 årsverk vert brukt til vikar/sommarope bibliotek. 0,4 årsverk – ekstraressurs med lønstilskot frå NAV

8.2 Resultatmål – Kultur og fritid

Kultur i sentral-administrasjonen	Type sak – resultatmål	Resultat 2020	Mål 2021
Kulturtemaplan: «Idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, kulturbygg og kulturminne.»	Gjennomføre ei årleg temaplanrulling. Temaplanen blir tiltaksrullert og godkjend av kommunestyret i desember kvart år.	Fire nye prosjekt vart tatt inn i temaplanen. Eitt av desse var søknadsklart, medan 3 er på planstadiet og kan bli søknadsklare i 2022. I alt 4 spelemiddel-søknadar vart sendt inn. Svar kjem i juni 2021.	Gjere saksgangen frå ide til søknadsklart prosjekt meir kjent gjennom temakurs og å vere ein aktiv medhjelpar gjennom året.
Spelemiddelordning, tilskotsformidling. Idrett og friluftsliv	Forvaltningsplanlegging og saksførebuing i samarbeid med off. etatar, idrettsråd, friluftsråd m.fl. Samarbeid med idrettsrådet og musikkrådet i samband med tildeling av kommunale kulturmidlar.	Midlar til kunstgrasbane på Vågstranda vart vedtatt under behandlinga av investeringsbudsjettet for 2021. Tomrefjord kunstgrasbane har fått nytt dekke. UL Frihug har fått spelemidlar til	Gjere spelemiddelordninga og andre eksterne midlar meir kjent blant lag og organisasjonar. Vere ein aktiv medhjelpar for lag og foreiningar i prosessen med å søke eksterne midlar.

		oppgradering av ungdomshus. Turveg i Tresfjord under planlegging.	
Stadnamnlov, kulturvern, bygdebokarbeid, museum	Møte frivillige lag og organisasjonar rundt om i kommunen. Utføre og koordinere saksførebuing for adm.sjefen.	Sunnmøre museum sa opp alle driftsavtalar i 2020, og har kome med utkast til ny avtale. Må behandlast politisk i 2021.	Politisk behandling av vidare museumstilknytning. Skilting av kulturminne. Delta på kurs i stadnamnarbeid i mai.
Barnerepresentant-ordninga Koordinator for Vestnes ungdomsråd	Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningsliner.	I tillegg til møte- og talerett i kommunestyret og ad hoc utval for utvikling, er ungdomsrådet representert i utval for lærlingar.	Framleis arbeide for at ungdomsrådet får reell medverknad i saker som angår dei.
TV-Aksjonen, kommunekomiteen	Førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/frivillige.	For første gong var TV-aksjonen digital. Alle skulane i kommunen deltok på strandryddedugnad, og fleire bedrifter støtta aksjonen med ein viss sum pr. sekk elevane fylte.	Fortsette det gode samarbeidet med kommunekomiteen og frivillige enten aksjonen blir digital eller fysisk.
Tusenårsstaden/ Nyttårsmarkering 31/12 ved Sjøbua/Kataholmen.	Førebuing og gjennomføring i samarbeid med Vestnes Brannvesen og teknisk vakt.	Brannvesenet stod for oppskyting av fyrverkeri frå Tresfjordbrua for å markere at Hjelvika og Vågstranda vart ein del av kommunen frå 1. januar.	Det kan vere aktuelt å kopiere fjorårets markering dersom det på dette tidspunktet framleis må takast smittevernomsyn.
Kulturpris og næringspris	Saksførebuing, annonsering og gjennomføring i samarbeid med adm. og ordførar.	Edelgard AS fekk tildelt næringsprisen for 2020.	Kommunestyret har gjort vedtak om at prisane skal delast ut annakvart år. Kulturprisen i oddetalsår og næringsprisen i partalsår. Målet med dette er å få fleire gode kandidatar å velje mellom.

Vestnes folkebibliotek				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Brukarundersøking	Brukarundersøking (6 er beste score)	5,5	Ikkje hatt brukarundersøking	5,5
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Utlån pr innbygger	4,4	3,4 Forventa nedgang pga. Covid-19 restriksjonar og – nedstenging.	6
	Besøk pr innbygger	4,9	3,3 Forventa nedgang pga. Covid-19. Spesielt trist at skuleungdom ikkje lenger kunne bruke biblioteket som opphaldsstad etter skulen.	6,5 Meir ope bibliotek, i tillegg til at vi strekker oss lengst mogleg for å betre betjent opningstid vil, saman med betre lokalisering og innbydande lokale, auke besøket og bruken.
	Biblioteket som møteplass	15 arrangement. Redusert grunna planlegging av nytt bibliotek	17 arrangement, derav 5 i bibliotekregi. Nedgang pga. Covid-19. Kodeklubben stod for dei fleste.	25 Dei nye lokala vil gi møteplass for folk i alle aldrar. Det blir interessant å sjå i kva grad.
	Nye brukargrupper	Bygge ut makerspace-satsinga. Realisere VR-prosjektet for å visualisere Herman Lehmkuhl. Realisere ungdomsprosjekt i samarbeid med kultureininga, sjå pkt.	VR-prosjektet er under utvikling, noko forseinka pga. Covid-19 og seinare oppstart av nytt bibliotek. Kodeklubben har til ein viss grad klart å oppretthalde aktiviteten trass i avgrensingar.	Igangsetting av Crew Stella Maris og andre ungdomsarrangement i samarbeid med Kultureininga. Elles satsar vi på å nå nye brukargrupper sidan vi no har ei betre plassering og samlokasjon med kafé og legesenter. Scena vil også bidra til at vi kan spisse arrangement inn mot nye grupper. Lesesalen vil trekke studentar til biblioteket. Fokuset på skipsindustri vil vere interessant for mange, også turistar. Velkomstpakken vil føre til at tilflytta kjem til biblioteket.
Strategi	Arbeidsplan for biblioteksjef	Oppretthalde det gode samarbeidet med den øvrige kultureininga og realisere gode prosjekt i samband med innflyttinga i Stella Maris. Etablere nye samarbeidsrutinar i samband med innflytting i Stella Maris.	Innflytting er utsett til 2021. Samarbeid med Kultureininga og Næringsforum er fruktbart. Nytanking når det gjeld bruk av biblioteket under nedstenginga måtte til.	Utvikle arbeids- og ansvarsfordeling i arbeidet med iVestnes.no. Utvikle gode samarbeidsrutinar og god informasjonsflyt til brukarane i nytt bibliotek med nye naboar (kafé, helse, frivilligsentral). Arbeide for å utvikle AR-/VR-tilbodet vårt.

Vestnes frivilligsentral				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Strategi	Vestnes Frivilligsentral har ein fleirårig strategi.	Arbeide for å nå måla sett i strategien 2020-2023.	Delvis, ein del møteplassar og samarbeid har utgått pga. Covid-19.	Arbeide for å nå måla sett i strategien.
Synleg	Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, nettsider og i sosiale media.	Delvis.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, nettsider og i sosiale media.
Forankring i frivilligheita	Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbyr støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid/prosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no	Delvis gjennomført. Arrangert FrivilligForum i februar, mange gode innspel å jobbe vidare med. Ein del vidare samarbeid blei sett på vent pga. Covid-19.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbyr støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid, samarbeidsprosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Ha gode møteplassar for innbyggjarane i Vestnes med aktivitetar for ulike aldersgrupper	1)Legge til rette for gode møteplassar for innbyggjarar i ulike alder og livssituasjonar 2) Legge til rette for samarbeidsprosjekt innan for frivilligheita 3) Legge til rette for godt samarbeid mellom frivilligheit og kommune. Arr Frivillig Forum 4)Opprette Stella Maris venner 5)Opprette og drift av www.ivestnes.no i lag med resten av Kultureininga	Mykje aktivitet har blitt endra/avlyst/utsett pga. Koronapandemien. Sjå Frivilligsentralen si eiga årsmelding for betre oversikt. 1) Arrangert Aktivitetsdag på Ørskogfjellet, Full Rulle på tur, Tirsdagskafe 2) Delkoordinert Aktivitetsdag på Ørskogfjellet og Julegledeaksjon, samt Tirsdagskafe. 3) Arrangert FrivilligForum 2020, god deltaking. Frivilligdagen vart avlyst. 4) Utsett til 2021 5) Lansert juni 2020.	1)Legge til rette for gode møteplassar for innbyggjarar i ulike alder og livssituasjonar 2) Legge til rette for samarbeidsprosjekt innan for frivilligheita 3) Legge til rette for godt samarbeid mellom frivilligheit og kommune. Arr. Frivillig Forum og Frivilligdagen. 4)Opprette Stella Maris venner 5)Opprette og drift av www.ivestnes.no i lag med resten av Kultureininga
	Koordinere turkonkurransen Stikk Ut! I Vestnes	Koordinere Stikk Ut! 2020.	Gjennomført. 15 turmål i kommunen.	Koordinere Stikk UT! 2021.
	Drifte og vedlikehalde Utstyrssentralen.	Drifte utstyrssentralen, etablere samarbeid med andre. Søke om midlar til innkjøp.	Kjøpt inn utstyr etter støtte på 100.000 kr frå stiftelse. Oppretta utlån av båt/kano/SUP frå naust i Kråkvika Friluftområde.	Drifte utstyrssentralen, etablere samarbeid med andre. Innkjøp av system for organisering av større mengde utstyr.
Organisasjon	Tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Styret har hatt 2 styremøte i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.	Delvis. 100.000 kr til Utstyrssentral, støtte til Livsgledeheim-arbeid innvilga frå fylkesmannen. Søkt til SMUD, Stella Maris Ungdom og til Stella Maris venner.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.

Vestnes kulturskule				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Opplevd kvalitet frå elevar og føresette	Brakarundersøking - skala 1-6, der 6 er best	Ei forbetring frå 2018	Ikkje gjennomført pga Covid-19	Ei forbetring frå 2018
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Elevplassar ved skulen	Gjere kulturskulen meir tilgjengeleg for born i låginntektsfamiljar.	Vi har fått nokre elevar som har fått friplass gjennom kommunen sin støtteordning, samt gjennom private aktørar.	Målet er å auke elevtalet.
	Grunnprogrammet	Vidareførast og vil bli justert litt etter evaluering til våren	Gjennomført - mindre gruppe - i ein grunnskule	Å få fleire til å delta på dette tilbodet
		Å auke talet på medlemmar på barnekor	Talet har tredobla seg samanlikna med året før	Vidareføre barnekolet med eit nytt mellomstegskor
	Kjerneprogrammet	Å samarbeide om teaterkurs - med Gapskrattfestivalen.	Blei ikkje gjennomført pga Covid-19.	Ingen satsing
		Vidareføre dersom det er nok påmeldte.	Blei avlyst pga få påmeldte.	Undersøke om det er grunnlag for å starte opp igjen.
		Arrangere kursrekker i visuell kunst vidare.	På grunn av Covid-19 måtte vi avlyse eit kurs i visuell kunst. Ingen nye kurs blei starta.	Få visuell kunst inn som fag i kulturskulen
	Fordjupingsprogrammet	Musikk: Vidareføre og utvikle tilbodet. Satse på UMM som arena for utvikling	Meget vellukka satsing. To av elevane våre gjekk vidare til finalen som blir avholdt digitalt våren 2021.	Vidareføre og utvikle tilbodet. Satse på UMM som arena for utvikling.
		Dans: Vidareføre og utvikle tilbodet. Gå ut av avtalen med Operaen, heller samarbeide med andre kulturskular i Romsdalsregionen om felles stillingsressurs.	Gjennomført - god utvikling i dansegruppene. Ny avtale er laga med Romsdalsregionen som vi kjøper inn danselærar frå.	Vidareføre og utvikle tilbodet.
	Verkstader i grunnskulen Den kulturelle skulesekken – og samarbeid med grunnskulen elles.	Vidareføre eksisterande verkstader – og produsere ein ny om konfeksjonsindustri i Vestnes.	Gjennomført følgande: - Animasjonsverkstad - Danseverkstad - Maritimt kulturlaug i samarbeid med biblioteket - Det blir premiere på konfeksjonshistorien i april 2021.	Vidareføre eksisterande verkstader – og produsere gjennomføre konfeksjonsindustri i Vestnes.
		Korps i skulen: Vidareførast - men truleg som kortare økter. Ikkje heile skuleåret. Vurdere fleire skular – kjem an på finansiering av tilbodet.	Måtte avlysast pga. Covid-19	Vidareførast - men truleg som kortare økter. Ikkje heile skuleåret. Vurdere fleire skular – kjem an på finansiering av tilbodet.

	Kulturtilbod for eldre. Den kulturelle spaserstokken (DKSS)	Gjennomføre planlagde produksjonar. Søke om nye midlar i 2020.	Gjennomført - har fått midlar til produksjon om konfeksjonsindustri i Vestnes.	Gjennomføre planlagde produksjonar. Søke om nye midlar i 2021.
		Vidareføre det gode samarbeid med pensjonistlaga om DKSS	Gjennomført - har jamlege møte.	Vidareføre det gode samarbeid med pensjonistlaga om DKSS
	Rammeplan og lokalt læreplanarbeid	Fullføre arbeidet med å lage lokal læreplan	Ikkje gjennomført – Kapasitetsutfordring	Vurdere rettleiing frå Norsk Kulturskoleråd i 2021
	Lokale fagplanar	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringar	Ikkje gjennomført - Kapasitetsutfordring	Vurdere rettleiing frå Norsk Kulturskoleråd i 2021
	UKM Ung Kultur Møtes	Fortsette arbeidet- Ungdomsrådet skal frå no av stå som hovudarrangør.	Gjennomført. Vellukka.	Fortsette arbeidet- Ungdomsrådet skal frå no av stå som hovudarrangør.

8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Felles for kultureininga

- Basert på dei erfaringane vi har gjort oss gjennom samarbeid, meiner einingsleiar at det hadde vore ein fordel om alt kulturarbeid i kommunen hadde vore samla som ei eining. Dette ville styrka sektoren.
- Det er utfordrande for leiar å skulle både handtere stillinga som rektor for kulturskulen og einingsleiar for kultureininga.

Kultur i sentraladministrasjonen

- Stillingsarbeidet i sentraladministrasjonen femnar vidt ved at ein både har fagleg kontakt med kultureininga, og samstundes har tett kontakt med økonomiavdeling, planavdeling, tekniske tenester og eining for eigedomsdrift.
- Å vere barnerepresentant og koordinator for ungdomsrådet og idrettsrådet er delegerte tilleggsoppgåver. Det same gjeld mellom anna årleg arbeid med kulturprisen, næringsprisen, nyttårs- og 8.mai markering og TV-Aksjonen. Når det gjeld dei 3 sistnemnde arrangementa, vart det i 2020 i ulik grad nytta digitale løysingar under markeringane grunna smittevernomsyn. Erfaringane herifrå vil komme til nytte med tanke på fornying/utvikling av desse arrangementa.
- Nye retningslinjer i spelemiddelordninga forenkla arbeidet frå kommunen si side, men oppfølging og tett dialog med søkar er framleis viktig.
- Det har i fleire år vore ressursmangel knytt til slutføring av bygdebokarbeidet i kommunen.

Vestnes folkebibliotek

- Arbeidet med å utforme det nye biblioteket, samt innflytting, vil prege 2021.
- Utlånssystemet vi nyttar i dag vil bli fasa ut, og vi håpar å få til ein felles innkjøpsavtale saman med andre bibliotek i fylket for å redusere kostnader. Arbeidet er i gang.
- Den felles nettportalen for bibliotek i Møre og Romsdal er utdatert og vil bli fasa ut i løpet av året, og det ser ikkje ut til at det denne gongen blir eit fellesløft for fylket. Ny løysing må på plass.
- Det nye biblioteket vil føre til stor auke i besøk og bruk, noko vi ikkje har ressursar til pr i dag.
- Vi opplever auke i bruken av e-bøker og e-lydbøker, noko som fører til auka utgifter til innkjøp, utan at behovet for innkjøp av papirmedium går ned. CD-formatet, derimot, forsvinn.

Vestnes frivilligsentral

- Pga. Covid-19 har mange aktivitetar, møteplassar og samarbeidsprosjekt blitt avlyst eller utsett. Mykje godt arbeid står på vent, og mykje vil krevje at ein må starte opp på nytt. Det vil krevje ein del resursar og arbeidsinnsats.
- På Årsmøte 2020 vart det vedtatt ny strategi for Frivilligsentralen sitt arbeid for perioden 2020-2023. For komande strategiperiode vert det viktig å bli endå tydelegare på kva Vestnes Frivilligsentral skal vere. Det har skjedd store endringar sidan sentralen vart oppretta, både når det gjeld retningslinjer for frivilligsentralane, men også politikken rundt frivilligsentralar og frivilligheit generelt.
I stortingsmeldingar og reformer vert det lagt inn forventningar til at frivilligheita i større grad skal bidra til å løyse ulike samfunnsutfordringar og problemstillingar. Det er viktig i dette å hugse at frivilligheita sin aktivitet har ein verdi i seg sjølv, og at frivilligheit må skje på frivilligheita sine premiss. Forsking syner også at for at frivilligheita skal blomstre treng ein både ein sterk velferdsstat som gjer at folk har kapasitet til å vere frivillige, og at ein må inkludere frivilligheita på dei premissane den sett. God dialog og koordinering, samt ressursar til dette, er ofte avgjerande faktorar for å få til gode synergjar mellom det frivillige og offentlege. Frivilligsentralen må sjå på korleis ein kan styrke rolla som eit bindeledd mellom det frivillige og det offentlege, på frivilligheita sine premissar. Eit verkemiddel er å arrangere årleg treffpunkt for frivilligheita, både gjennom frivilligdagen og FrivilligForum. Ein bør sjå nærare på å etablere ein frivilligplan.
- For å oppnå større deltaking og eigarskap til frivilligsentralen, vil det bli arbeidd med å etablere Frivillig Forum, eit rådgjevande organ beståande av frivilligheita. Første vart gjennomført februar 2020.
- Statsstøtte til Frivilligsentralane er igjen gått over til øyremerka tilskot frå 2021. For 2020 var støtta på 427.000 kr.

Vestnes kulturskule

- Det har vore utfordringar med drifta i året som har vore på grunn av Covid-19, men vi har i all hovudsak klart å oppretthalde eit bra undervisningstilbod med fleire små konsertar og framsyningar gjennom året. Utfordringane som følgje av Covid-19 er venta å prege delar av drifta også i 2021.
- Vi treng nye lokale, og dette har vore prekært i fleire år. Vi satsar på at 2021 blir det året då det blir tatt ei avgjersle på kvar vi skal halde hus dei neste åra.
- Det er sterke føringar frå Norsk kulturskoleråd om å tilsette fagpersonar med pedagogisk utdanning i kulturskulane. Ved eventuelle nye utlysingar vil vi ta høgde for dette.

- Dei som allereie er tilsett som manglar pedagogikk må få høve til å ta PPU- utdanning. Det blir arbeidd med å tilby fleire studieplassar for kulturskulelærarar som manglar dette i si utdanning.
- Framtidas kulturskule krev ein skuleleiar som er tett på personalgruppa, og som har tid og rom nok til å drive godt utviklingsarbeid. Dette lar seg vanskeleg gjennomføre med rektor for kulturskulen og einingsleiar for kultur i ei og same stilling.

8.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenestyting og kompetanseauke

Felles for kultureininga

- Kultureininga samarbeider med næringslivet, mellom anna om ny nettstad – www.ivestnes.no. Nettstaden blei lansert juni 2020.
- Kultureininga arbeider aktivt for å få til meir samarbeid med dei andre sektorane i kommunen.
- Kultureininga søker prosjektmidlar til prosjekt som femner tverrfagleg.
- Kultureininga har vore med i OU prosjektet kring Stella Maris – og er med på å etablere livsgledekommunen Vestnes, samt få til ei ordning der Stella Maris blir sertifisert som «livsgledehem».
- Kultureininga har oppretta, og tatt ansvar for Facebooksida Stella Maris- som følgjer huset i byggeperioden.
- Kultureininga er tildelt ansvaret for arbeidet med den kunstnarlege utsmykkinga av Stella Maris

Kultur i sentraladministrasjonen

- Etter søknad til fylkeskommunen, fekk kommunen tildelt 200 000 kroner i postvegmidlar. Fylkeskommunen skal over ein treårsperiode løfte fram historia om postvegen gjennom ei øyremerka tilskotsordning. Midlane kommunen har fått tildelt (steg 1) skal gå til gjennomføring av eit vandreteater i september 2021 i samarbeid med profesjonelle kulturutøvarar og frivillige lag.
- Søknad ligg inne hos fylkeskommunen og Riksantikvaren om midlar til steg 2: skilting av postvegen gjennom sentrum og til VR-produksjon av vegen frå kyrkja til Remmem slik den såg ut rundt 1860.
- Kunstgrasbana ved Tomrefjord idrettsbygg har fått nytt dekke.
- Midlar til kunstgrasbane ved tidlegare Vågstranda skule er avsett på investeringsbudsjettet for 2021.
- Nyttårsmarkering frå Tresfjordbrua for å ønske Vågstranda og Hjelvika velkomne til kommunen.
- Kulturrådgivar har vore sekretær i ad hoc-utval for reiseliv og turisme.
- Nytt turvegprosjekt er under planlegging i Tresfjord.



Ei prosjektgruppe er i gang med planlegging av vandreteater langs postvegen gjennom Vestnes sentrum. Det er også søkt midlar til skilting av traséen og VR- produksjon av vegen anno 1860.

Foto: Fjordnorway.com

Vestnes folkebibliotek

- Å spele inn digitalt arrangement var ei ny utfordring. Møre og Romsdal fylkesbibliotek fekk midlar frå Nasjonalbiblioteket, og det var spelt inn fire arrangement frå Møre og Romsdal, der eitt av dei var frå Veøya med Edvard Hoem.
- Vi iverksette to rundar med heimkøyring av bøker, noko som vart godt motteke. Her fekk vi god hjelp frå Kultureininga.
- Vi opplevde at brukarane våre sakna biblioteket under nedstenginga, og vi er spesielt lei oss for at ungdom mista ein viktig møteplass.



Edvard Hoem under innspelinga av eit digitalt arrangement sommaren 2020, eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Vestnes folkebibliotek. Foto: Vigdis Ødegård

Vestnes frivilligsentral

Koronapandemien rammar frivilligheita på mange måtar, smitteverntiltak har ført til avlyste aktivitetar, få møteplassar og fråfall av aktivitetar. Frivilligsentralen har forsøkt å informere ut om dei ulike ordningane som har kome for frivilligheita, både reglar og kompensasjonsordningar. Sidan mars 2020 har mange av dei faste aktivitetane til Frivilligsentralen vore avlyst. I periodar har møteplassen Tirsdagskaffen og Strikketreff vore ope, Full Rulle vart omgjort til uteaktivitet, Aktivitetsvenn for demente har vore delvis i gang og Utstyrssentralen har stort sett vore open. Frivilligdagen 2020 vart avlyst. Før mars og Covid-19 vart det første FrivilligForum for kommunen arrangert, og det vart gjennomført ein større aktivitetsdag på Ørskogfjellet i samarbeid med fleire aktørar.

Frivilligsentralen etablerte handleteneste som ein del av beredskapen til kommunen, og gjennomførte aksjonen Juleglede i samarbeid med Røde Kors Tresfjord og Vestnes. Dagleg leiar arbeidde med digital 17. mai feiring og hadde kontakt med lag og organisasjonar for bidrag i dette.

Frivilligsentralen og Kultureininga har jobba saman om mange prosjekt, og med å få økonomisk støtte til å gjennomføre desse. Mange av prosjekta er knytt til det nye bygget Stella Maris. Prosjekta handlar mellom anna om å få til gode samarbeidsformer mellom frivilligheit og kommune, både når det gjeld arbeid med eldre og ungdom, og møte mellom generasjonar. Dagleg leiar har også vore involvert i arbeidet med Livsgledeheim, ei sertifiseringsordning for sjukeheimen som mellom anna vektlegg samarbeid med frivilligheita og nærmiljøet.

I tillegg har det blitt arbeidd mykje med organisering og koordinering av informasjon, med bruk av Facebook-sider, i tillegg til eiga side og «Det skjer i Vestnes» har Kultureininga oppretta side for Stella Maris. Sida www.ivestnes.no vart lansert juni 2020. iVestnes gir mellom anna oversikt over frivilligheita i kommunen, sida gjer det lett for innbyggjarar å finne fram til aktivitet og korleis dei kan delta i samfunnet. Her er det aktivitetskalender, organisasjonsoversikt og mykje meir. Pga. lite aktivitet som følgje av korona har ikkje ein oppnådd det som er målet med sida endå, og arbeidet fortset.

Vestnes Frivilligsentral har arbeid med å finne ei form på organiseringa som gjer at frivillige organisasjonar er meir involvert i arbeidet og utviklinga av frivilligsentralen. Dette gjenspeglar seg i ny strategi og vedtekter som vart vedtatt på årsmøtet 2020.

Vestnes kulturskule

Kulturskulen har nådd dei fleste av måla sine i 2020, vi endte med nokre endringar som ein følgje av Covid-19. Vi vil trekkje fram følgjande som gode eksempel:

- Storsatsinga Nøtteknekkaren, som i 2019 gjekk for tre fulle hus på Idahall, blei omgjort til å lage ein dansefilm som blei sendt til foreldra i staden for førestilling.
- Florian Rademacher Krogsæter og Emil Rademacher Krogsæter gjekk til finalen i Ungdommens musikkmeisterskap. Ungdommens musikkmeisterskap blei gjennomført digitalt.
- Vi fekk gjennomført førestilling for Ungdomsgruppa
- Vi har gjennomført mange mindre konsertar i staden for dei største konsertane.
- Vi har gjennomført DKS turné med Animert Spenning.
- I mars etter nedstenginga fekk alle instrumentalelevane ved kulturskulen tilbod om digital undervisning, noko vi gjennomførte heilt fram til i starten av mai, da vi kunne starte opp igjen med delvis vanlig undervisning.



Bilder frå fylkesmønstringa UKM i Ålesund, deltakarane frå Vestnes: Bendik, Sophie, Hedda Lyneé og kunsten til Eljana Ann.
Foto: Vestnes kulturskule

8.5 Tiltak for å fremme folkehelse

Felles for kultureininga

Det ligg eit stort potensiale i auka samarbeid mellom kulturfeltet og dei andre tenestetilboda i kommunen. Einingsleiar og leiar for frivilligsentralen ska frå 2020 vere med i ei arbeidsgruppe for folkehelse i kommunen, og dette arbeidet blir det spanande å følgje framover. Dette arbeidet har store delar av året blitt utsett på grunn av korona.

Kultursektoren er ein viktig aktør i arbeidet for god folkehelse. Sektoren forvaltar kompetanse og kunnskap, legg til rette for læring, skapande og utøvande kulturaktivitet, og tilbyr eit bredt spekter av opplevingar og eigenaktivitet som er vesentleg for ei god folkehelse.

Kultur i sentraladministrasjonen

Spelemiddelordninga er ein viktig støttespelar ved bygging og vedlikehald av idretts- og nærmiljøanlegg i kommunen.

Gjennom den årlege utlysinga av kommunale aktivitetsmidlar, bidreg kommunen til å legge til rette for eit variert tilbod innan kultur, idrett og fysisk aktivitet.

Vestnes folkebibliotek

Det å ha ein fysisk møteplass blir stadig viktigare i ei digital verd. Det å ha ein uavhengig møteplass er av stor verdi for folk i alle aldersgrupper. Biblioteket er gratis, det jamnar ut økonomiske skilnader. Biblioteket er for alle, uavhengig av morsmål og etnisitet, og er ein viktig integreringsarena. Under nedstenginga mista mange eit viktig tilbod.

Vestnes frivilligsentral

Frivilligsentralen huser og administrerer Utstyrssentralen. Utstyrssentralen låner ut gratis utstyr til alle, det bidreg til at fleire får tilgang på utstyr for deltaking i fritidsaktivitetar og friluftsliv. Ved skidagar på skulane er alt utstyr utlånt. Vi ser det er behov for meir utstyr. I tillegg har Frivilligsentralen friluftsutstyr som lag og organisasjonar kan låne gratis. Vestnes frivilligsentral koordinerer også Turregistreringa Stikk UT!. Desse tiltaka stimulerer til meir fysisk aktivitet og ei betra folkehelse. Aktivitetsvenn for demente bidreg også til betra folkehelse, både for den med sjukdomen og for aktivitsvennen.

Det er også mykje god folkehelse i ein sterk frivillig sektor. Kultur og frivilligheit står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosial lim som bidreg til å styrke samholdet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Kultur og frivilligheita har ein verdi i seg sjølv, men er også ein dørøpnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforskap, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse.

Vestnes kulturskule

I kulturskulane sin rammeplan, Mangfald og Fordjuping, står det følgande:

“Kulturskulen tar vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse, uttrykksevne, kreativitet, kritisk sans og kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning” (Innleiinga s. 5)

Det er ei stor kraft som ligg i kunst- og kulturfaga når det kjem til god psykisk helse, kjensle av meistring, tilhørigheit og deltaking. I kulturelle fellesskap utviklar vi tryggleik og forståing for kva det vil seie å vere menneske, aleine og saman med andre.

8.6 Tal frå KOSTRA 2020

Nokre KOSTRA tal	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Stranda	Molde	Hustadvika
<u>Kultursektoren, samla</u>							
Nto dr. utgift kultur pr. innbyggjar	<u>2 474</u>	<u>1 971</u>	<u>2 510</u>	<u>2 064</u>	<u>1 439</u>	<u>2 109</u>	<u>1 377</u>
<u>Kulturskule</u>							
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	6 639	3 446	2 619	3 659	5 833	3 124	3 321
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	34,9	20,4	13,6	17,3	32,0	20,7	14,6
<u>Kyrkje</u>							
Br. utg. kyrkje pr innbyggjar	784	763	676	874	984	807	590

KOSTRA tal - utvikling siste 6 år							Endring
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	i % 15- 20
Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar	<u>1 555</u>	<u>1 722</u>	<u>1 753</u>	<u>1 828</u>	<u>2 415</u>	<u>2 475</u>	59,2
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	4 831	5 834	6 117	5 908	5 966	6 639	37,4
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	37,4	36,8	36,6	34,9	49,4	34,9	-6,7

8.7 Økonomisk resultat 2020

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Kultur	3 356	5 073	1 763	3 310	3 485	-175	-5,0
Kulturskulen	5 030	8 370	3 255	5 115	5 205	-90	-1,7
Bibliotek	1 661	1 791	132	1 659	1 594	65	4,1
Frivillighetssentral	810	1020	139	881	905	-24	-2,7
Kyrkjelege føremål	5 199	5361		5 361	5 240	121	2,3
Sum	16 056	21 615	5 289	16 326	16 429	-103	-0,6

- Denne sektoren er samansett av 3 einingar, kultur, kyrkjelege føremål og Kulturskulen (Kulturskulen, bibliotek og frivillighetssentral).
 - Samla var det eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr, eller 0,6 %.
- Det er positivt at også kulturskulen no har balanse i drifta, det har tidlegare år ofte vore meirforbruk her.

Utvikling 2015 – 2020

Driftseining	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2 015 - 2020	
							kroner	i %
Kultur	1960	2 120	2 340	2 548	3 356	3 310	1 350	68,9
Kulturskulen	4740	4 773	4 932	4 993	5 030	5 115	375	7,9
Bibliotek	1 277	1 245	1 448	1 496	1 661	1 659	382	29,9
Frivillighetssentral	406	564	734	816	810	881	475	117,0
Kyrkjelege føremål	4290	4441	4764	4897	5199	5361	1 071	25,0
	12 673	13 143	14 218	14 750	16 056	16 326	3 653	28,8

- Kultur auka forbruket mykje i 2019, det gjeld husleige i Tomrefjord idrettsbygg etter at det var ferdig renovert.
- Tilskott til kyrkjelege føremål er auka i takt med løns- og prisauke.
- Utgiftene til frivilligsentralen auka mykje i 2017, grunna at tilskott som tidlegare vart gjeve som øyremerka tilskott direkte til frivilligsentralen frå 2017 vart innarbeidd i rammeoverføringane til kommunen.

Kap 9 Helse, omsorg og velferd

Visjon for tenestene:

Vestnes kommune tilbyr tenester av god kvalitet: på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse

9.1 Oversikt over sektoren

Kapittelet omhandler einingane Heimetenestene, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet, Legesenter og NAV kommune.

Teneste/ansvar	Årsverk 2019	Årsverk 2020	Ev. merknad
Heimesjukepleie	36,8	36,8	Inklusiv einingsleiar og avdelingsleiar
Rehabilitering, fysio-/ergo-/fotterapi, praktisk bistand, heimehjelp, støttekont, BPA, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktm, tryggleiksalarm	12,7	12,7	
Tresfjord trygdeheim	22,5	22,5	Inkl. reinhald(byrå)
Sentralkjøkken	7,7	7,7	
Vestnes sjukeheim	45,7	45,7	Inkl. einingsleiar, merkantil og reinhald. Full drift korttidsavd.
Mariebo	10,0	10,0	
Oppigarden	9,7	9,9	
Ivartun	14,9	14,9	Inkl. einingsleiar merkantil, reinhald, tilsynslege
Vestnes legesenter	7,5	7,7	stillingen til kommuneoverlegen økt fra 20 % til 40 %.
NAV kommune	3,5	3,5	
Tenestekontoret	3,5	4,0	Inkl. 50% prosjektstilling

9.2 Resultatmål - Helse, omsorg og velferd

Målområde	Styringsindikator	Mål 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Teknologi/ IKT	Ferdigstilling Arbeidslister på CosDoc i Heimetenesta.	x	x	
	Oppgradere informasjon på kommunens heimeside	x	x	
	Gjennomføre nye statlege krav i IPLOS som ;			
	<ul style="list-style-type: none">LegemiddelgjennomgangOppløving av trygghet	x	x	x

	Utprøving av digital verktøy /Velferdsteknologiprojekt <ul style="list-style-type: none"> • Medisindispenser • GPS Opplæring i velferdsteknologiens ABC Opplæring i velferdsteknologi i Stella Maris og HBO Felles kartleggingsverktøy / rutinar for heilskapleg pasientforløp _ Implementering Utskifting av analoge tryggleiksalarmar til digitale	x x x x	x x x x	x x x
Brukarar “opplevd kvalitet”	Brukarundersøking (partalår) Hellandtunet Vestnes sjukeheim / Tresfjord trygdeheim Heimetenestene: Undersøking ikkje gjennomført i 2020 grunna covid-19 pandemien. NAV – eiga brukarundersøking <ul style="list-style-type: none"> • Ikkje gjennomført brukarundersøking i 2020 Nav Andel brukarar i avtalt aktivitet Institusjonane og Heimetenesta <ul style="list-style-type: none"> • Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus Dekningsgrad institusjon <ul style="list-style-type: none"> • Tresfjord trygdeheim • Vestnes sjukeheim Post 3 Post 2 + Korttidsavdeling • Oppigarden • Ivartun • Mariebo 		64%	100% 100 %
Teneste objektiv kvalitet	Institusjonane har jamt over høg dekningsgrad. Bakgrunn for lav dekningsgrad ved post 2 i sjukeheimen, er at Korttidsavdelinga i ei periode vart tømt og førebudd til å bli nytta som eiga avdeling for evt. Covid-19 pasientar. I denne perioden var det også låg aktivitet i planlagde innleggingar i sjukhus, og kommunen hadde difor ikkje same pågang på korttids plassar. Ein del heimebuande sa også frå seg plasstilbod, mtp usikre tider i høve pandemiutviklinga. Utfordringsbilete endra seg utover sommar og haust, i tråd med endra aktivitet totalt. Covid-19 plassar vart redusert til to i korttidsavdelinga, og ut frå stor etterspørsel etter ordinære plassar, vart så heile avdelinga nytta til tradisjonell drift. Men ordna slik at det lett kan riggast ved eventuelle behov i høve Covid-19.		100 % 100 % 94 % 100 % 98,7% 99 %	100 %

9.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Tenestekontoret

Etter omorganisering i 2019 blei tenestekontoret ei samla forvaltning. Tenestekontoret arbeider etter målsetting om at alle innbyggjarar i kommunen skal sikrast lik tilgang til naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Tenestekontoret sine oppgåver er mellom anna:

- Gje informasjon, rettleiing, motta, kartlegge og saksbehandle søknader om helse- og omsorgstenester. Einingsleiar for aktuell teneste fattar vedtak
- Overordna ansvar for arbeidet med individuell plan og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinator
- Ansvar for å informere om forløpskoordinator og pakkeforløp for psykisk helse og rus
- Korrespondanse med spesialisthelsetenesta/KAD for planlegging og iverksetting av tenester for pasientar etter utskrivning
- Ta imot og behandle søknader om omsorgsbustad

Fokusområde i 2020:


- Aktiv i arbeid med rapportering og revisjon av tenestene, og er involvert i ulike nettverk, grupper, og prosjekt.
- Saksbehandling av tenester etter opphaldsprinsippet har auka. Kommunen har plikt til å yte tenester etter helse og omsorgstenestelova for elevar som bur på internat ved Gjermundnes vgs.
- Sak om grensejustering Vågstranda/Hjelvika frå 01.01.2021 medførte auka planlegging, førebuing og forvaltingsarbeid gjennom delar av 2020.
- Vi ser ei utfordring ved fordeling av ressursar, og tilpassing av tenester. Det er auka saksmengd på saker innan helse- og omsorgstenester. Det er krevjande å overhalde behandlingsfrist for generell saksbehandling.
- Auka etterspørsel etter tenester ser vi spesielt innafor institusjon, demensomsorg og psykisk helseteneste for barn og unge.
- Samhandling med fastlegar og spesialisthelseteneste via elektroniske meldingar vert høgt prioritert med bakgrunn i samhandlingsavtalen. I 2020 har kommunen ei auke i talet på liggedøgn for ferdigbehandla pasientar som kommunen ikkje kan yte forsvarleg og naudsynt oppfølging til. Dette er utfordrande og ressurskrevjande med tanke på samhandling og koordinering av tenester.
- Velferdsteknologi er ei teneste i vekst. Det må arbeidast med å utvikle/vidareutvikle gode rutinar og vedtaksmalar for bruk av velferdsteknologi
- Auka etterspørsel om informasjon knytt til tenester med eigenbetaling. Kommunen manglar generell skriftleg orientering for reglane rundt eigenbetaling. Dette må utarbeidast.
- Behov for vidareutvikling og tilpassing av dagsenter og aktivitetstilbod, og gjennomgang av skyss- og eigenbetalingsordning.
- Covid-19 pandemien gav utfordringar med å gjennomføre heimebesøk og kartleggingar, i tillegg til noko ekstra saksbehandling. Det gav utfordringar for opplæring og samlingar som var planlagt, og det vart ikkje tilbod om digitalt alternativ.
- Restriksjonar som følgje av pandemien førte til ei vidareutvikling av digital kompetanse og samhandling.

Legesenteret

Rekruttering: Det var ledig fastlegeheimel for fastlege frå 1. juni. Til tross for 2 utlysingar fekk kommunen ingen kvalifiserte søkjarar til stillinga, det er framleis ikkje tilsett nokon i stillinga. Det er generelt ei stor utfordring å få tilsett i ledige fastlegeheimlar. Årsaka er samansett, men mest avgjerande er aukande arbeidsmengde for fastlegane, ler legevakt kjem i tillegg til ordinær arbeidstid.

Elektronisk kommunikasjon: Legesenteret kommuniserer digitalt med eit aukande tal av aktørar både i og utanfor for kommunen. Det gjer kvardagen enklare og vi sparer tid. Legesenteret har lenge prøvd å få til digital rekvirering av blodprøvar og andre biologiske prøver utan å lukkast. Det hadde vore ei stor avlastning, spesielt i samband med den omfattande testinga som ein gjennomfører i samband med Covid-19. Vi opplever i samband med dette at samarbeidet med ROR-IKT er utfordrande.

Covid-19: Pandemien har endra arbeidskvardagen vår totalt. Testing for covid-19 har blitt ei oppgåve i tillegg dei andre ordinære arbeidsoppgåvene. Det er oppretta eige smitterom med eigen inngang, der potensielt covid-19 sjuke gjennomfører legeundersøking. Legekantoret har hatt fokus på å ikkje få smitte inn på kantoret. Vi er tilfreds med at legesenteret har lukkast med å drift normalt i heile 2020.



Smittevern

Foto: Ann Lovis Haanes

Psykisk helse: Det er auka pågang av pasientar med psykiske helseutfordringar. Samstundes opplever fastlegane at kapasiteten innan den kommunale psykiske helsetenesta og innan 2. linetenesta er sprengt både for barn og vaksne. Da blir ofte slik at fastlegane sit igjen åleine med behandlingsansvaret for til dels dårlege pasientar. Fastlegane ser at det er behov for ein kommunepsykolog innan arbeidet med psykisk helse for vaksne.

NAV- kommune

Økonomisk sosialhjelp

NAV hadde eit overforbruk med om lag kr 800 000 i økonomisk stønad (sosialhjelp) 2020. I alt 145 personar mottok økonomisk stønad i 2020, og 50 av desse var under 30 år. I tala inngår busette flyktningar som har motteke stønad i samband med etablering. Årsakene til meirforbruk er samansett, men Covid-19 er ein stor årsak, då det i perioden mars – august var utfordringar med å få brukarane ut i arbeid/tiltak grunna smitteverntiltak og nedstenging. Andre høve som spelar inn er at ein fekk ein nedgang i arbeidsmarknaden og auka arbeidsledigheit frå hausten 2019.

Arbeidsløyse

I 2020 vart arbeidsløysa i Vestnes høg og i april var 9,3% av arbeidsstyrken heilt ledig. Det betra seg utover året og i desember var 3,0% av arbeidsstyrken heilt ledige. NAV si erfaring er at det framleis er behov for kvalifisert arbeidskraft.

Framandspråklege innbyggjarar

Kommunen har ein betydeleg del framandspråklege innbyggjarar. Dette gjeld både arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeinte. NAV- kontoret har stor pågang frå framandspråklege brukarar. På grunn av språkutfordringar er det krevjande å kunne rettleie desse på ein god måte, og det krev mykje ressursar og bruk av tolketenester, samstundes som ein del av desse brukarane slit med å kome inn på arbeidsmarknaden. Dette kan hengje saman både med manglande språkkunnskapar i norsk og lite/ingen formell kompetanse.

Brukarar under 30 år

Ein stor del av NAV Vestnes sine brukarar er under 30 år, og dei slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. NAV Vestnes vil særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak.

Digitalisering av tenestene

Tenesteytinga i NAV har endra karakter dei seinare åra. Særleg gjeld dette innan dei statlege tenestene og ytingane. Det fysiske NAV- kontoret er ikkje lenger einaste «førstelini» i etaten. Ein legg i større grad til rette for at brukarane kan finne informasjon og kommunisere med NAV digitalt eller via våre kontaktsentralar på telefon, i staden for å måtte oppsøke NAV- kontoret. Dette frigjer tid og ressursar i det lokale NAV- kontoret til å følgje betre opp dei brukarane som treng oss mest. I 2020 fekk vi ta i bruk DIGISOS som er digitale innbyggjartenester der ein kan søke økonomisk sosialhjelp. Søkarar som av ulike årsaker ikkje kan eller vil nytte seg av den digitale kanalen, kan møte opp på NAV-kontoret og/eller nytte papirsøknad.

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjokken, Hellandtunet og Heimetenestene

Mål for omsorgstenestene

Vestnes kommune sine innbyggjarar skal lengst mogeleg få kunne leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt tilvære i fellesskap med andre.



*Solhatter
Foto: Unni Eik*

Tenestetilbodet

I tråd med nasjonale føringar og kommunen sine visjonar og mål;

- Satsing på korttidsplassar i institusjon, for rehabilitering, observasjon og behandling.
- Auka tilbod om avlastning/ rulleringsopphald. Avlastar pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon, og ein kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Skape gode dagtilbod innanfor økonomisk ramme. Skape meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Førebyggjande arbeid for den einskilde, og også vere del av avlastningstilbodet for pårørande.
- Folkehelsearbeidet, plan og livsløpsperspektiv
- Nytt helse- og omsorgssenter (Helsehuset Stella Maris) under bygging, ferdigstilling 2021. Fokus på ein eldrepolitikk med aktivitet, integrering og førebygging.
- OU-prosjekt ferdig stilt og rapport utforma. Rapport til høyring og politisk behandling og vedtak våren 2020.
- Nytte Velferdsteknologi for å bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, ved at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser og dermed utsette tidspunktet dei elles måtte flytte på institusjon.
- Samt for å gi kvalitativ gevinst for brukar og deira pårørande
- Grensejusteringssak i høve Rauma/arbeid knytt til mottak av nye tenestemottakarar frå Vågstranda og Hjelvik.

Året 2020 har vore eit spesielt år, grunna i Covid-19. Satsingsområda innan tenesta er fylgt opp, men sett i høve restriksjonar ut frå smittevernomsyn har ein ikkje hatt høve til full drift.

Mellom anna opp mot dagtilbod. I tillegg har samarbeidet opp mot frivillige lag og organisasjonar blitt kraftig redusert, noko som igjen har gitt redusert tilbod til tenestemottakarar.

Konsekvensar av Samhandlingsreforma og andre tilhøve

- Store dokumentasjonskrav. Krav til auka IT kompetanse og tid til dokumentasjon.
- Vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Resurskrevjande.
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov. Samarbeid på tvers .
- Ofte behov for direkte behandling i heimen/eller på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Psykiatri/rus – pakkeforløp, krav om nye tenestetilbod i kommunen.
- Auka kommunal utfordring som konsekvens av nedbygging innan Spesialisthelsetenesta i høve Alderspsykiatri / demensoppfølginga.
- Auka utfordringar som set krav i høve juridisk bistand.
- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.
- Utgiftene til utskrivingsklare pasientar har hatt ein stor auke utover hausten og året.
 - (2018; 13 døgn/kr 62 000 //2019; 35 døgn/kr 172 000 //2020; 99 døgn/kr 515 000)

Vidare utfordringar

- Tenestetilbodet totalt sett i kommunen i framtida. Rullering omsorgsplan.
- Velferdsteknologi
 - Deltaking og avrunding av Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i Romsdal.
 - Implementering og opplæring av ulik velferdsteknologi i nytt Helse – og omsorgssenter, og vidareføring til resterande tenester.
 - Tid og ressurskrevjande som tillegg til andre arbeidsoppgåver for arbeidsgruppe.
- Digitalt verktøy for dokumentasjon og informasjon innan HBO. Nettbrett eller telefon. Utfordring i høve leverandør av fagsystem og mobil dekningsgrad i kommunen.
- Samordningsbehov for ulike kartleggingsverktøy opp mot pasientflyt. Mellom sjukhus/ spesialisthelsetenesta og kommune, samt internt mellom ulike aktørar i kommunen
- Kompetanse
 - Strategisk kompetanseplan – planlegge ut frå kommunen si behaldning av kompetanse og kommunen sitt behov for kompetanse.
 - Retningsliner for kommunal støtte/tilskot ved utdanning.
 - Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse/høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers, ev team for heile kommunen, samt interkommunalt samarbeid.
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, for å få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil også kunne redusere talet på deltidsstillingar.
- Rekruttering
 - Eigne rekrutteringstiltak, t.d. løn, arbeidstidsordningar.
- Elektronisk kommunikasjon
 - Forenklar samhandling, i/mellom kommune, fastlege og spesialisthelsetenesta.
 - Etablert system i stadig utvikling. Kontinuerleg prosess på utvikling / oppdatering av prosedyrar og samordning av rutinar mellom partane
 - Sikrar auka dokumentasjon direkte inn i pasientjournal.
 - Oppdatering/informasjon om endringar må formidlast internt i kommunen. Opplæring.
- Reforma «Leve hele livet» Ein kvalitetsreform for eldre. Krav til kommunal planarbeid.

- Helseplattformen, eit stort prosjekt i Helse Midt med mål om felles journal system for kommune, fastlege og spesialisthelseteneste. Kommunal deltaking.
- Helsehuset Stella Maris, ferdigstilling og organisasjonsutvikling.
- Utviklinga i høve talet på demente personar må følgast opp betre. Demensplan. Aukande utfordring å gi nok tilrettelagde tilbod til brukar og stette eit stort behov for oppfølging av pårørande.
- Livsgledeheim, følgje opp vedtak om å innføre ordning. Arbeid med sertifisering og tilsetning av livsgledekonsulent.

Sentralkjøkkenet:

- Varmmatproduksjon etter prinsippet med «Kok/server»
- Yter tørrmatproduksjon for sjukeheimen.
- Arbeidet bygger fagleg på Kosthandboken/veileder.no i ernæringsarbeid i helse- og omsorgstenestene. Viktige bakgrunnsdokument er Nasjonale faglege retningslinjer for å forebygge underernæring, Kostråd for å fremme folkehelsa og forebygge kroniske sjukdommar, samt Nordisk Næringsstoffanbefalinger.
- Har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten inneheld (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014).
- Nyttar eige databasert program for ivaretaking (fellesavtale innan ROR-samarbeidet)
- Tilsette ved sentralkjøkkenet innehar ein viktig kompetanse som kunne i større grad vore nytta på tvers.

Utfordring å få gjennomført ei planlagt renovering av lokalitetar. Det er store behov her, men det vart ikkje gjennomført i 2020. Føreligg vedtak om endring til kaldmat på helg og varmmat i veka. Utan renovering, er det ikkje mogleg å legge om produksjon av mat.



Svelesteiking

9.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

Tenestekontoret

- Starta utarbeiding av plan for habilitering og rehabilitering.
- Deltaking i ulike prosjekt og nettverk: Stella Maris, Helseplattforma, og Velferdsteknologi. Slutført læringsnettverket Gode pasientforløp.
- Utarbeidd digitalt søknadsskjema.
- Utarbeidd ulike rutinar som er delt via Risk Manager.
- Det er protokollert 657 vedtak i 2020.
- Auka kunnskap om bruk av Velferdsteknologi.
- Innført Teams som digitalt verktøy for samhandling både internt og eksternt.

Legesenteret

Videokonsultasjon: Legesenteret tilbyr frå 2020 videokonsultasjonar. Inntrykket er at det fungerer godt både for fastlegane og pasientane.

Digital kommunikasjon: Legesenteret er endeleg «online» med helsestasjonen av omsyn til sikker kommunikasjon knytt til pasientane.

Ny kommuneoverlege: Frå 1. juni 2020 fekk legesenteret tilsett ny kommuneoverlege, då fungerande kommuneoverlege gjekk av som pensjonist. Kommuneoverlegen har, som følgje av pandemien, hatt en svært krevjande start.

NAV- kommune

Marknadsarbeid: NAV Vestnes har og i 2020 hatt fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Samarbeid med lokale og regionale bedrifter er viktig arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet. Vi har hatt høg aktivitet på vårt marknadsarbeid og har aktivt brukt tiltaksbudsjett til å gi fleire moglegheit til arbeid og aktivitet. Vi ser diverre at personar som sto utanfor arbeid i starten på 2020 står lengre unna arbeid, grunna at det er fleire ledige. Dette er ofte personar som manglar formell kompetanse og utdanning.

Busette flyktningar: NAV Vestnes starta i 2015 eit formelt samarbeid med Flyktingtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Samarbeidet har hatt særleg fokus på arbeid og aktivitet. Vi har og i 2020 arbeidd i lag med eining for Kvalifisering og integrering for å vidareutvikle samarbeidet og klargjere korleis NAV kan bidra inn i introduksjonsprogrammet og auke graden av arbeidsretta fokus. Vi erfarer at fleire av dei busette flyktningane har hatt behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet.

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Auka kompetanse/Oppfølging gjennom Kompetanseløftet 2020.
- Praksisplass for elevar og studentar, men redusert grunna Covid-19
- Praksis og fagprøvearena for lærlingordninga/, men også redusert.
- Vidareført og auka bruk av ulike E-lærings-kurs. Teke i bruk Veilederen.no
- Auka bruk av digitalt verktøy generelt. Spesielt i høve møteverksemd.
- Tilsette ved sjukeheimen og trygdeheimen har teke del i fleire ulike arbeidsgrupper som har jobba opp mot helsehuset Stella Maris.

- Prosjektstilling i velferdsteknologi; innføring og opplæring av arbeidstakarane.
- Vidareføring av deltaking i det Nasjonale Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi saman med dei andre ROR-kommunane.
- Fokus på internkontroll/kvalitetssystem, spesielt retta mot pandemi.
- Opplæring i smittevern. Både e-læring og direkte kursing av egne tilsette, samt oppretta gruppe av hjelpepersonell.
- CosDoc fagsystem for pasient journal/dokumentasjon innan heimebasert og institusjonsomsorg (samt BUF og BuHab).
- Gjennomført eigenvurderingstilsyn/Tvungen somatisk helsehjelp (HBO og institusjonane) I regi av Fylkesmannen.
- Samarbeid med Kulturskulen, song og musikk inn i institusjon og ved dagsenter.



*Opplæring i smittevern
Foto: Ann Lovis Haanes*

9.5 Tiltak for fremme folkehelsa

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Kommunen har opprettholdt dagsentertilbod, i så stor grad det har vore mogleg ut frå gjeldande smittevernsyn.
- Tilrettelegging for besøk i institusjon ut frå gjeldande retningsliner.
- Kulturtilbod så langt det har vore råd.
- Digitalt verktøy/i-pad, kontakt mellom pårørande og tenestemottakar
- Fokus på ernæring og aktivitet.
- Risikovurderingar.
- Informerer og rettleier vedk. helse og omsorgstenester
- Formidlar vidare kjent informasjon om lag, organisasjonar og frivillig arbeid
- Utarbeiding av plan for habilitering og rehabilitering
- For legesenteret har testing for covid-19 vore det største tiltaket for å førebygge omfattande smitteutbrot, samt gjennomføre smitteverntiltak for å unngå smitteoverføring.
- Helsepersonellet tilknytt legesenteret har stort fokus på informasjon og rettleiing til den einskilde pasient for å førebyggje og redusere forverring av sjukdom.

9.6 Tal frå KOSTRA 2020

Nøkkeltall – helse og omsorgstenester	Enhet	Vestnes	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2020	2020	2020	2020
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbygger (kr)	kr	53 842	38 525	29 067	33 003
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	653,6	427,5	315,3	362,2
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	46,7	35,7	32	35,6
Andel brukerretnede årsverk i omsorgstenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	72,1	77,6	78	77,5
Årsverk per bruker av omsorgstenester (årsverk)	årsverk	0,82	0,57	0,58	0,55
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	prosent	32,1	34,1	29	33,1
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	prosent	50,6	43,3	48,5	49,6
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	prosent	18,2	11,9	11,2	11,7
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	prosent	36,4	86,8	91,6	92,2
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	kr	3 601	3 996	4 019	3 963
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0	0	5,3	0,1
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	timer	0,38	0,46	0,6	0,52
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	prosent	1,74	0,87	0,64	0,85

Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	4,3	5,6	5,5	5,2
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	12,7	12,5	11,8	12,3
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	6,9	11,4	9,6	9,4

- Samanlikning med andre kommunar innan helse og omsorg er vanskeleg grunna vårt vertskommuneoppdrag etter HVPU-reforma.

9.7 Økonomisk resultat 2020

Helse, omsorg og velferd

Tal i tusen kr	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kr	i %
Heimetenestene	42 423	46 553	4 653	41 900	41 461	439	1
Sjukeheimen/Tresfjord Trygdeheim	54 219	70 468	16 107	54 361	54 106	255	0
Hellandtunet	27 438	34 496	6 638	27 858	27 139	719	3
Felles utgifter Pleie- og omsorg	-30 211	17 883	49 286	-31 403	-33 085	1 682	5
NAV- kommune	6 523	8 912	1 109	7 803	6 965	838	11
Helse- og legesenter	11 628	16 922	5 003	11 919	12 435	-516	-4
Sum	112 020	195 234	82 796	112 438	109 021	3 417	3

Dette er ein av dei største sektorane i kommunen med netto utgifter på nær 112,5 millionar kroner. Dette etter at inntekter frå refusjon for ressurskrevjande brukarar på kr 38,7 millionar kroner er trekt frå. Sektoren hadde eit meirforbruk i 2020 i forhold til budsjett på 3,4 millionar kroner eller 3%.

Kommentarar til dei største avvika

Fellesutgifter pleie- og omsorg:

- Meirforbruk på nær kr 1,7 millionar.
- «Samle- eining» som rommar mykje: mellom anna Sentralkjøkken, utgifter til elevar ved Gjermundnes, Tildelingskontor og fellesutgifter. Refusjon for ressurskrevjande brukarar er og inntektsført her. Dette utgjorde kr 38,7 millionar i 2020, noko som var litt meir enn budsjettet.
- Meirforbruk skuldast i hovudsak eit budsjettet innsparingstiltak på 1,3 millionar kr som ikkje vart realisert då det ikkje var mogleg grunna Covid-19.
- Vidare er det meirforbruk på om lag kr 0,4 millionar kroner som gjeld betaling for utskrivingsklare pasientar i sjukehus.
- Det er utgiftsført kr 0,8 millionar kroner til utgifter knytt til elevar ved Gjermundnes i 2020.

NAV- kommune:

- Eit meirforbruk på kr 0,8 millionar.
- Skuldast meirutgifter til økonomisk stønad (sosialhjelp) på om lag kr 1 million. Denne auken må tilskrivas både endringar i regelverket for Arbeidsavklaringspengar som

gjør at fleire mistar denne ytinga og hamnar på sosialhjelp, samt at Covid-19 har ført til stor arbeidsløyse og auka behov for økonomisk stønad.

Hellandtunet:

- Eit meirforbruk på kr 0,7 millionar.
- Skuldast i hovudsak meirforbruk knytt til variable løn som til dømes ekstrahjelp og overtid. Dette igjen knytt til at det i periodar er behov for ekstra bemanning i samband med uro/utagering.
- Eininga nytta også vikarbyrå i samband med ferieavviklinga sommaren 2020 for å sikre tilstrekkeleg kompetanse.

Helsevern- og legesenter:

- Mindreforbruk på 0,5 millionar kr.
- Skuldast i hovudsak noko mindre utgifter enn budsjettert til legevaktsamarbeid og til tilskot til fastlegar.

Økonomisk utvikling 2015 – 2020

Tal i tusen kr	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Endring 2015 - 2020	
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	i kr	i %
Heimetenestene	36 222	37 671	39 341	40 471	42 423	41 900	5 678	16
Sjukeheimen/Tresfjord trygdeheim	49 639	51 590	51 586	52 831	54 219	54 361	4 722	10
Hellandtunet	24 354	24 630	25 305	26 350	27 438	27 858	3 504	14
Fellesutgifter Pleie- og omsorg	1 104	1 175	3 383	-26 557	-30 211	-31 402	-32 506	-2 944
NAV- kommune	5 463	5 928	6 259	6 270	6 523	7 803	2 340	43
Helsevern og legesenter	9 234	9 589	10 310	10 300	11 628	11 919	2 685	29
Sum	126 016	130 583	136 184	109 665	112 020	112 439	-13 577	-11

Frå og med 2018 vart inntektene knytt til refusjon for ressurskrevjande brukarar inntektsført i ansvaret for fellesutgifter pleie- og omsorg. Vi ser at det er Heimetenestene og Sjukeheimen/Tresfjord trygdeheim som har hatt den største veksten i utgifter i perioden, målt i kroner. Målt i prosent har NAV og helsevern/legesenter den høgste auken frå 2015 – 2020.

Kap 10 Bu- og habiliteringstenestene

Visjon for tenestene:

Det gode liv!

10.1 Oversikt over sektoren

Vestnes kommune er framleis ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2020 budde 36 vertskommunebebuarar, i alderen 53 til 95 år att i kommunen, ein reduksjon på 4 frå året før. 9 av desse fekk tenester frå Ivartun, som er sjukeheim for personar med utviklingshemming og organisatorisk lagt under Hellandtunet. Vertskommuneinnbyggjarane vert i større grad ei aldriingsprega gruppe.

I 2020 var det meldt inn 33 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming og tenester med heimel i HOL kap 3, med Vestnes som heimkommune til Helsedirektoratet.

Bu- og habiliteringstenestene har i 2020 gitt tenester til 51 tenestemottakarar busett i omsorgsbustad. I tillegg har ein gitt tenester i ulikt omfang/art til 14 personar busett i eigen bustad/hos føresette. Fem av tenestemottakarane har andre diagnoser enn psykisk utviklingshemming. For 7 tenestemottakarane er det inngått avtalar om kjøp av tenester gjennom ulike stall - /aktivitetstilbod. Frå april 2020 vart det også kjøpt tenester gjennom privat tilbyder til ein tenestemottakar. Tenestemottakarar er planlagd reetablert i Vestnes kommune i mai 2021.

Bu- og habiliteringstenestene består av 10 samlokaliserte bustadar med døgnbemanning. Lokalisering av bustadene til Bu- og habiliteringstenestene er i hovudsak i området rundt gamle Hellandsheimen, men består også ein samlokalisert bustad på Liaråket, Tomrefjorden. Bu- og habiliteringstenestene har også i 2020 hatt eit tett samarbeid med Eigendomsdrift knytt til ombygging av bustader. Ombygging har vore naudsynt knytt til endra behov hos tenestemottakarar og for å møte krav til tilfredsstillande oppholds- og kvilerom for tilsette.

Tenesta har eit dagtilbod der omlag 40 tenestemottakarar nyttar tilboda. Dagsenteret tilbyr ulike former for arbeid og sysselsetting, deriblant kantinedrift, vev- og tekstilavdeling. Vev- og tekstilavdelinga står for den største produksjonen av varer, som vert seld i eigen butikk og på ulike messer. I tillegg disponerer Bu- og habiliteringstenestene 6 plassar på gartneri/vedproduksjon og 10 plassar på Tremek, her 4 heile og 6 halve plassar.

Kantina måtte diverre halde stengd frå mars 2020 og ut året. Dette av omsyn til smittevern. Dette har vore eit stort sagn – og vi håper å opne opp att når restriksjonane tilet dette.

Dagsenteret har også som aktivitet matutkøyring frå sentralkjøkkenet til institusjonar og heimebuande i kommunen. Vi dekker tre soner kvar dag med middagslevering. Det å vere med på å levere ut mat er eit populært tilbod for tenestemottakarane våre.

Dei tradisjonelle tilstellingane og ulike messene Dagsenteret Strandbo normalt arrangere og deltek på har i 2020 utgått grunna Covid-19.

Bu- og habiliteringstenestene har 176,83 årsverk fordelt på ca. 300 faste tilsette og vikarar. Leiinga har i 2020 bestått av einingsleiar og 5 avdelingsleiarar. Avdelingsleiar/leiargruppa har det koordinerande ansvar for bueingane. I tillegg har dei fleste bueingane éin person med tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad "frikjøpt" tid for å ha ansvar for delar av den daglege drifta.

Tenester til personar med utviklingshemming er i stor grad heimla i lov om helse – og omsorgstenester. Lov om pasient- og brukarrettigheitar fastslår dei rettigheitar personar med utviklingshemming har i møte med tenestene. En pandemisituasjon endrar ikkje på lovverk eller rettigheiter. Det har vore eit krevjande arbeid korleis vi kan tilpasse ein ny kvardag på ein best mogleg måte for våre tenestemottakarar. Vi har hatt stort fokus på å gi fagleg gode og forsvarlege tenester. For ein del vart dagtilbod stengd på dagen. Dette medførte auka behov for oppbemanning i bustad. Det har vore auka fokus på smittevern og vore behov for nye vikarar når faste tilsette har vore heime med symptom på Covid-19 eller i karantene. Mange har ei lita personalgruppe rundt seg og reagere sterkt på endringar i dette. Det har vore gjort ein omfattande innsats for trygging og stabilisering rundt kvar einiskild tenestemottakar. Mange med ei utviklingshemming kan ha vanskar med å tolke informasjon og det kan lett oppstå misoppfatningar. Slike misoppfatningar kan gjere ein redd eller gjere at viktig råd ikkje blir fylgt. Mange av våre tenestemottakarar har hatt behov for individuelt tilpassa informasjon knytt til Covid-19. Det har vore behov for å øve på bruk av utstyr som kan bli naudsynt i ein smittesituasjon, slik at vi veit korleis tenestemottakar vil reagere. For personar som i stor grad treng rutinar og er var for endringar er det krevjande når kvardagen blir snudd på hovudet frå ein dag til ein annan.

Tenestetilbod	Årsverk 2020	Årsverk 2021	Ev. merknader	Tal på tenestemottakarar	
Bustadtilbod m/ døgnbemanning	176,83	176,83		51	
BPA/omsorgsløn/st.kont /heimebuande /andre tenester	7,99	7,99		14	
Dagsenter Strandbo	11,00	11,00		Ca 40	
Administrasjon og leing	6,40	6,40	Inkl. 4,05 ressurs reinhaldar		

10.2 Resultatmål

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
Teknologi IKT	Vidareføre bruken av elektronisk journalsystem - Cos Doc	Alle tilsette må kunne: - arbeide i tiltaks- og pleieplan -registrere tiltak etter kap.9 -avviksregistrering	Kontinuerleg opplæring/ oppdatering av tilsette /ny-tilsette	Alle tilsette må kunne: - arbeide i tiltaks- og pleieplan -registrere tiltak etter kap.9 -avviksreg.
	Opplæring av ressurspersonar i fagprogram Cos Doc, Visma Flyt	Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av	Har deltatt på opplæring Tenestekontoret	Vidareføre styrking av bruken av

Brukarar - "opplevd kvalitet"	Ressursstyring, Sampro/Samspill	2020		fagprogram – opplæring av ressurspersonar
	Dataparken tilfredsstillir behovet for god dokumentasjon. God nett-tilgang i alle bueiningar	Investere i fleire datamaskiner ute i bu- einingane, samt oppgradering av nett- tilgang	Det ikkje gjort innkjøp av nye datamaskinar grunna vanskar med å få tak. Fiber er innstallert i fleire av bueiningane.	Det skal byttes ut 23 maskiner samt tas en gjennomgang knytt til behov for trådløst nett i bueiningane
	Implementere «Teams» som en naturlig kommunikasjonsplatt- form		Starta arbeidet med å nytte Teams. Oppretta gruppa for heile Bu – og habilitering	Fleire tilsette tek i bruk Teams som en naturlig kommunikasjonspl attform
	Koordinator, individuell plan og ansvarsgruppe	100% av tenestemottakarar med vedtak etter hol. kap.9 har koordinator, IP, samt ansvarsgruppe etter lovkrava	Vi har ikkje klart å gjennomføre alle ansvarsgruppe- møter grunna Covid – 19.	Halde fram arbeidet mot å nå målet på 100 Nytte Samspill som digitalt samhandlings- verktøy. Opplæring av koordinator.
Vedtak om tenestetilbod	Sikre medverknad og evaluering av tenestevedtaka etter behov og ved fast rutine.	Alle tenestevedtak er gjennomgått og nye utarbeida der det er behov. Utarbeida rutine for behov om endring av tenestevedtak.	Minimum eitt ansvarsgruppe- møte for kvar tenestemottakar pr. år. Kontinuerleg vurdering om rett teneste vedtak. Faste møter med Tenestekontoret.	
Symjring for bebuarane Aktivering / opplæring i vatn.	5 bu-einingar opprettheld tilbodet	7 bu-einingar nyttar tilbodet	Vidareføre tilbodet	
Teneste "objektiv kvalitet"	A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen	Implementere rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling	Har utarbeidd og implementert rutine for A- meldingar	Oppretthalde rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling

Halde saksbehandlingsfristar for vedtak etter hol kap.9	Halde fristen for fornying	Målet vart innfridd	Halde fokus på fristane i eigne rutine.
Refleksjonskort kap.9	Vidareføre bruken av refleksjonskorta i alle bu-einingane	Nedprioritert p.g.a. mange nye fokusområde	Halde fokuset på bruk av tvang og makt
Alle helgestillingar og vikarar skal gjennomføre kurs/opplæring i grunnleggjande kunnskap om psykisk utviklingshemming og aktuelt lovverk	Gjennomføre nye kurs vår/haust 2020	Gjennomført vår 2020	Vidareføre opplæring kvart halvår.
Førstehjelpskurs til nytilsette / ferievikarar	Gjennomføre juni 2020	Gjennomført	Gjennomføre kurs etter rutine Vidareføre kurs kvart år Vidareføre gjennomføring av pålagte SOR-kurs
Nytilsette og tilsette skal gjennomføre SOR kurs, lese minimum kap.2 og 3 i rundskriv IS-10/2015	I løpet av 2020	Gjennomført for alle tilsette og ny tilsette	
Retningslinjer ved seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming	Implementere rutinar i kvar bu-eining	Har implementert rutinar i kvar bu-eining.	Vidareføre gjennomføring av pålagte SOR-kurs
Alle miljøterapeutar får kurs i saksbehandling kap.9	Alle nytilsette miljøterapeutar gjennomgår kurs	Rutinar er implementert.	Delta dersom Fylkesmannen arrangerer kurs
Forbygging av vald og truslar om vald.	Utarbeide og implementere rutinar Gjennomføre kartlegging, risikovurdering og utarbeide handlingsplan	Fylkesmannen arrangerte ikkje kurs i 2019 eller 2020. Alle nytilsette får SOR hefte om utfordrande åtfærd. Påbegynte arbeidet knyta til kartlegging, risikovurdering	Arrangere intern fagdag
Legemiddelhandtering	Gjennomføre kartlegging, risikovurdering og utarbeide handlingsplan		Ferdigstille arbeidet og utarbeide handlingsplan
Opplæring Kropps kunn og SexKunn			Opplæring og implementering av Kropps kunn og Sexkunn i aktuelle bustader

Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær:			
	• Eigenmeldt	1,0 %	1,4 %	1,0 %
	• Legemeldt	8,0 %	11,4 %	8,0 %
	Totalt sjukefråvær	9,0 %	12,8 %	9,0 %
	Kompetanseheving i eininga	Utarbeide ny kompetanseplan, og tilsette miljøterapeutar i tråd med den.	Har ikkje vore gjort noko med kompetanseplan i 2020.	Ferdigstille kompetanseplana, og tilsette i tråd med den.
	Etisk refleksjon	Vidareføre bruk av refleksjonskort	Grunna COVID – 19 har det ikkje vore møter.	Vidareføre bruken av refleksjonskort
	Grunnkurs / oppfriskingskurs i legemiddelhandtering	Alle tilsette skal ha gjennomført opplæringa	Tilsette har tatt kurs etter rutine	Tilsette skal ta kurs etter oppsett rutine.
Nytte E- læringskurs som kunnskapsoppdatering for alle tilsette			Utarbeide kompetanse og opplæringsplan knytt til e-læring for tilsette	
«Prosjekt Bu – og habiliteringstenestene»			Sjå på eksisterende organisering av tenestene	
Implementere kvalitetforbedringsgruppe i Bu -hab			Ha implementert kvalitetsforbedring gruppe i Bu-hab	

10.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Rekruttering og faglege utfordringar

Det er ei utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Årleg er det fleire som tek helsefagarbeidarutdanning og utdannar seg innafor helse – og sosialfag. Bu- og habiliteringstenestene held fram med å motivere og gi støtte til dette.

Det lyses ut miljøterapeutstillingar gjennom heile året. Vi får ikkje ønska søkjarmasse til stillingane, og det er særleg vanskeleg å rekruttere høgskuleutdanna personale. Ein del av dei som tek imot tenester har krav på miljøterapeutisk kompetanse på grunn av vedtak om bruk av tvang i einskilde situasjonar. Ei av bueingane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange utan relevant utdanning. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet etter Helse- og omsorgstenestelova kap.9. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet

til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre den rette kompetansen.

Bu- og habiliteringstenestene ønskjer å vere nyskapande i møte med utfordringane i framtida. Difor er vi opptekne av korleis vi heile vegen kan tenke nytt kring rekruttering og fagkompetanse. I løpet av dei siste åra har vi starta 2 langtursar, og her ser vi ei større søkjarmasse til miljøterapeutstillingane. Det er søkjarar både frå eigen kommune og nabokommunar. Vi vil held fram arbeidet knytt til turnus og korleis det kan skape meir attraktive arbeidsplassar og betre tenester for brukarane. Grunna Covid-19 har det ikkje vore arena der Bu- og habiliteringstenestene har kunne delteke knytt til rekruttering ved til dømes jobbmessar eller opne dagar på skuler. Vi vonar det igjen blir mogleg i 2021. Bu- og habiliteringstenestene har avtale med Høgskulen i Molde og Volda om å ta i mot studentar i helse- og sosial fag.

Leiargruppa

Dei siste åra har det vore ustabil innan leiinga i Bu- og habiliteringstenestene. Fleire har slutta, og fleire har hatt langtidsfråvær. Dette har ført til stor belastning for dei i leiargruppa som har teke over arbeidsoppgåvene til dei sjukmeldte. Frå august 2020 gjekk avdelingsleiar inn som konstituert einingsleiar. Ein miljøterapeut blei konstituert som avdelingsleiar for ein periode for å avlaste leiargruppa for ho gjekk ut i svangerskapspermisjon. Gjennom heile hausten 2020 gjekk leiargruppa med reduserte ressursar grunna sjukefråvær og vakanse. Vakante stillingar som avdelingsleiar vart utlyst to gongar utan at man lukkast med tilsetting. Det opplevast som krevjande å rekruttere avdelingsleiar og det er planlagt å sjå på organisering av tenestene i 2021.

2020 har i stor grad vore prega av den pågåande pandemien. Det har vore krevjande å vere leiar utan moglegheit til å vere så tett på sine tilsette som ein ynskjer. I starten av pandemien blei det bestemt at alle i leiargruppa skulle ha heimekontor. Leiargruppa hadde daglege møter på Teams, og telefonkontakt med sine bustader dagleg. Etter kvart delte leiargruppa seg, og hadde annankvar veke på heimekontor og annankvar veke på kontorene på Ressurssenteret. Det har vore svært krevjande å drive leiing gjennom telefon og digitale løysingar. Det har vært sendt ut e-post med relevant informasjon jamleg til dei tilsette samt oppretta «Korona – perm» i bustadene. Ved viktig beskjeder har også SMS vert nytta. Diverre er det ikkje alle bustader som har tilgjengeleg nok datautstyr og det har også vore krevjande å skaffe dette til veie. Det er også vanskeleg å gjennomføre møter digitalt med alle tilsette. Vi ser også at fråvær av nærleiing set preg på drifta, og vi gler oss til å igjen kunne vere meir aktivt ute i dei einskilde bustadane. Leiargruppa er svært taknemleg for den jobben kvar og ein tilsette har gjort gjennom pandemien. Det har vært utfordrande og krevjande, både for tilsette og leiarar. Vi opplever eit godt samarbeid, løysningsorientert og fleksible tilsette som strekk seg langt for å finne gode løysingar i ein heilt spesiell tid. Ein viktig oppgåve både for miljøterapeutar i bustadene og avdelingsleiarane er dialog med aktuelle samarbeidspartar til dømes verjar, fylkesmann og spesialisthelsetenesta. Dette arbeidet har ikkje vore mindre viktig i ein pandemisituasjon, og har gjort at vi har måtte omstille oss og ta i bruk nye arenaer for tverrfagleg samarbeid. Vi opplever at vi til ein viss grad har lukkast i dette arbeidet, men ser frem til at vi kan samlast til faglege møter igjen.

Fagkompetanse og utdanning hos eigne tilsette

Med bakgrunn i behovet for å auka realkompetanse vert det kontinuerleg fokus på at tilsette gjennomgår relevante e-læringskurs. Leiargruppa har fokus på å jobbe kunnskapsbasert, og halde seg oppdatert på kva kurs som er tilgjengeleg og kan vere aktuell for tilsette å teke del i. I 2020 inngjekk Vestnes kommune avtale om kjøp av veilederen.no. Bu- og habiliteringstenestene nyttar i tillegg e-læringskurs gjennom SOR og NHI. Alle tilsette gjennomgår ein fast opplæringspakke bestående av ulike kurs. Det er også utarbeide ein

eigen opplæringslogg knytt til kvar einskilde tenestemottakarar. Alle som arbeider rundt den einskilde gjennomgår denne. Dette i tråd med rundskriv knytt til rettssikkerheit ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming. Alle tilsette gjennomgår også nødvendig e-læringskurs og opplæring knytt til legemiddelhandtering før dei kan handtere legemidlar. E – læringskurs i legemiddelhandtering tas kvart 3. år.

Vestnes kommune har også i 2020 gitt støtte til relevant grunn- og vidareutdanning gjennom eigen tilskotsordning og «Kompetanseløftet 2020».

Samling tilsette med tillegg i arbeidsoppgåver: Normalt gjennomførast møter med dei tilsette med tillegg i arbeidsoppgåver 2. kvar månad. Grunna Covid-19 har det berre vore gjennomført eitt slikt møte. Dette er eit stort sagn og har gjort drifta i 2020 meir krevjande.

Temakafé og miljøterapeutmøter: Under medarbeidarundersøkinga kom det fram at tilsette ønskjer meir fagleg påfyll. Vi starta derfor opp med temakafé i 2018, som er meint å vere fagleg påfyll kombinert med sosialt samvær. Diverre har det ikkje vore mogleg å gjennomføre tema kafé i 2020 grunna Covid-19. Av same årsak har det berre vore gjennomført eitt miljøterapeutmøte i 2020. Begge deler har påverke drifta og vi håper å starte opp igjen med dette så snart som mogleg.

Tvang og makt

For fleir av våre tenestemottakarar er det nødvendig med tiltak med bruk av tvang etter HOL kap 9. Det arbeidast kontinuerleg med å evaluere tiltaket og redusere behovet for tvang ved å ta i bruke andre løysingar. Ved tiltak etter HOL Kap 9 krevst det tett samarbeid med ulike instansar, til dømes Fylkesmann og spesialisthelsetenestene. Miljøterapeutane og avdelingsleiarane utarbeider vedtak etter kapittel 9. Vedtaket fattast av einingsleiar som har det overordna faglege ansvaret for tenestene. Vedtaket må fornyast og overprøvast av Fylkesmannen kvart år.

Postalt tilsyn frå Arbeidstilsynet ved Bu- og habiliteringstenestene 28.08.20

Det postale tilsynet dreidde seg om fysisk utforming av kvilerom ved ei av bustadane. § 4-4 i Arbeidsmiljøloven stiller krav til det fysiske arbeidsmiljøet. §4-4 (1) viser til at fysiske arbeidsmiljøfaktorar som bygnings- og utstyrsmessige forhold, inneklima, lysforhold, støy, stråling o.l. skal være fullt forsvarleg ut frå omsynet til arbeidstakarens helse, miljø, sikkerheit og velferd. I dialog med Arbeidstilsynet satt avdelingsleiar for bustaden inn midlertidige tiltak i påvente av ferdigstilling av ny bustad. Arbeidstilsynet sin konklusjon på tilsynet var følgjande «I tilsynet fant vi ikkje brott på regelverket vi meiner det er nødvendig å følge vidare opp». Bu – og habiliteringstenestene har ein etterkvart eldre bustadmasse, og det vil truleg vere behov for oppgraderingar også i åra framover.

Tilsyn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med kommunale helsetenester til personar som har ei utviklingshemming i Vestnes kommune 27. og 28. november 2019. Tilsynet hadde særleg vekt på legemiddelhandtering. Som eit ledd i å lukke dette avviket blei to miljøterapeutar frikjøpt hausten 2020 for å kartlegge og utarbeide nye tenestevedtak. Det har også vore ein stor jobb knytt til utarbeiding av nye rutinar og retningslinjer samt korleis implementere forbetningsarbeid i heile Bu – og habiliteringstenestene. Covid-19 har gjort dette arbeidet svært krevjande, og ved årsslutt var framleis ikkje tilsynet lukka.

Nye utfordringar

Bu- og habiliteringstenestene gir tenester til nye tenestemottakarar med eit anna utfordringsbilete enn det vi tradisjonelt har gjort. Vi ser ofte meir samansette og komplekse vanskar. Nokon har diagnose psykisk utviklingshemming, andre har ulike nevroutviklingsforstyrring. Vi ser også auka symptom knytt til psykisk vanskar. Dette heng

nok i stor grad sammen med eit auka fokus på den psykiske helsa, også hos personar med ei utviklingshemming/utviklingsforstyrning. Dette gjer at vi treng kunnskapsauke innafor nye fagfelt for å kunne møte dei behov vi ser kommer.

Eldre psykisk utviklingshemma

Aldringsprosessen hos personar med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar og endringar kan oppstå brått. Vi ser no at majoriteten av vertskommunebebuarane vert godt vaksne og det utfordrar oss når det gjeld uføresette hendingar. Utfordringane er store når vi skal skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/ sjukdom/ slitasje og grunnleggande vanskar med redusert nivå i forståing og prestasjonar. Kompleksiteten i aldersforandringar, psykisk sjukdom, somatiske lidingar og graden av utviklingshemming er ofte svært utfordrande og krev tett personaloppfølging for å trygge, behandle og redusere ytterlegare sjukdomsutvikling. Ein endring i tenestemottakars funksjonsnivå kan krevje endring i utforming av teneste og ressursbehov. Eit tett samarbeid med tenestekontoret og den einskilde avdelingsleiar er heilt naudsynt for å kunne gje rett tenester til rett tid.

Dagtilbod/tilrettelagt arbeid

Tenestemottakarane som tek i mot arbeidstilbod er i endring. Det blir kontinuerleg arbeidd med at tilbodet skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje meistrar ein tradisjonell kvardag. Vi trur at alle treng å kjenne på det å høyre til ein plass og at man er til nytte i kvardagen – og ser på det å ha gode tilbod på dagtid som svært viktig. Vi ser at dei eldste tenestemottakarane har behov for eit redusert og tilpassa arbeidstilbod ut i frå føresetnadane sine. Dette kan gi auka bemanningsbehov i bustadene.

10.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

- Dagleg drift i tråd med dei til gjeldande rutinar for smittevern
- Ulik opplæring knytt til smittevern, handtering av pandemi
- Gjennomført internt innføringskurs om psykisk utviklingshemming og rettsvern til gruppe ein yter tenester til for nyttilsette/ferievikarar
- Gjennomført førstehjelpskurs for faste tilsette og ferievikarane
- Delteke i CosDoc opplæring gjennom Tenestekontoret
- Delteke i IPLOS opplæring gjennom Tenestekontoret
- Fleire tilsette deltok på 2-dagars turnuskurs med Svein Arne Thrana
- Leiargruppa har delteke på fagdag med RVTS Vest med temaet målretta arbeid med førebygging av sjølvskading
- Bu- og habiliteringstenestene har kjøpt manualane til SexKunn og Kroppskunn. Avdelingsleiarane har delteke på opplæring i bruk av manualane.
- Konstituert einingsleiar har delteke på digital opplæring i Førebygging av sjølvskading og sjølvordsforebygging gjennom RVTS Øst
- Fagdag RVTS målretta arbeid med førebygging av sjølvskading og sjølvskading med RVTS
- Hatt fokus på det digitale samhandlingsverktøyet «Samspill»
- **Grunn – og vidareutdanning:**
 - Fire tilsette vert ferdig utdanna vernepleiar sommar 2020
 - Ein tilsett vert ferdig utdanna sosionom sommar 2020
 - Fire tilsette er i gang med 2. året vernepleier heiltid. Forventa ferdig sommar 2021.
 - Tre tilsette har starte på vernepleiar deltid – forventa ferdig sommar 2024.
 - Tre tilsett fullførte vidareutdanning i Habilitering – og miljøarbeid, Høgskulen i Molde
 - Ein tilsett har starta på leiing i helse – og sosialtenesta, Høyskolen i Volda

Ein tilsett har gjennomført AIM 3 Utredningskurs – utredning av ungdom med problematisk eller skadeleg seksuell atferd
 Ein tilsett er i gang med master i «Kliniske hjelperelasjonar ovafor sårbare grupper», Høgskulen i Molde

10.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

I Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 heiter det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- /aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit tilrettelagt tilbod. I 2020 har det vore svært vanskeleg å oppretthalde arbeids – og aktivitetstilbod. Det har vore jobba med alternative løysingar som har tilfredsstilt dei gjeldande smittevernsrutinar. Det har vore utfordrande at retningslinene har blitt endra på kort varsel etter smittestatus, og har gjort planlegging av fast aktivitetar krevjande.

Det har også vore krevjande og følgje opp tilsette og det psykososiale arbeidsmiljøet på ein god nok måte. Vi har ikkje kunne gjennomføre ulike tilstellingar og faste møter i bustadene har utgått. Der det har vore mogleg har vi nytta digitale løysingar til dømes Teams. Dessverre har ikkje dette fungert optimalt alle plasser. Kontakt med dei tilsette har elles gått gjennom informasjon på e – post, oppslag på arbeidsplass og SMS.

10.6 Økonomiske resultat 2020

Alle tal i 1000 kr Ansvaret (bueining)	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Avlastning PU >18 år/BPA	3 351	7 670	32	7 638	5 334	2 304	43,2
Vestneshaugen	5 538	6 127	653	5 474	6 798	-1 324	-19,5
Dagtilbud PU	6 951	7 461	1 650	5 811	6 509	-698	-10,7
Plassen	1 465			0		0	0,0
Skogheim	8 744	9 496	451	9 045	9 018	27	0,3
Skogvegen	9 097	12 204	719	11 485	10 420	1 065	10,2
Solstua	7 008	7 691	517	7 174	7 335	-161	-2,2
Skogly	5 007	6 070	490	5 580	4 940	640	13,0
Liaråket	16 528	18 950	903	18 047	17 637	410	2,3
Bakketun	14 584	15 164	358	14 806	14 644	162	1,1
Kariplassen A, B og C	45 374	51 574	2 890	48 684	46 726	1 958	4,2
Furulia	7 496	6 452	123	6 329	6 364	-35	-0,5
Administrasjon	4 516	5 247	687	4 560	5 097	-537	-10,5
Sum Bu- og hab. Teneste	135 659	154 106	9 473	144 633	140 822	3 811	2,7

- Antal brukarar innanfor ansvarsreforma er redusert med 4 i løpet av 2020. I 1992 når kommunen overtok dette ansvaret var det 115 brukarar, det er no att 36.
- Utgiftene auka med knapt 9,0 mill. kr. frå 2019 til 2020, tilsvarar 6,6%. Dette er mykje. Det er nok tilbod til brukarar som er «heimhøyrande» i Vestnes som er årsak til den store auken i utgiftene.

- Bu- og habiliteringstenestene hadde eit meirforbruk på 3,8 mill. kr, eller 2,7%. Meirforbruket skuldast i hovudsak ekstra utgifter til resurskrevjande brukarar, det gjeld spesielt avlastning for PU over 18 år og bueining Kariplassen.
- Eininga hadde over 5,0 mill. kr i overtid (+ sosiale utgifter), over det doble av budsjettert sum. Over halvparten av kommunen sine overtidsutgifter vert brukt innan bu- og habiliteringstenestene. Overtida tilsvarar over 10 årsverk. Det vart på slutten av året endre fleire turnusar for å tilpasse seg drifta og dermed hindre noko overtidsbruk.
- Avtalefesta tillegg, som er ei stor utgift på heile 21,5 mill. kr i 2020, har auka mykje siste åra. Det er noko vi ser i alle einingane innan pleie- og omsorg. Tillegga vert bestemt i sentrale lønsoppgjer, og her har det nok skjedd større auke enn det vi hadde fanga opp når budsjetta vart utarbeidd, og budsjettet var underbudsjettert.
- På bueining Skogvegen er det feilført fakturaer på vel 1,9 mill. kr som gjeld opphald for bebuar på institusjon, skulle vore ført på avlastning PU. Det betyr at Skogvegen i staden for stort meirforbruk hadde eit mindreforbruk på kr 869.000,-, og meirforbruk på avlastning PU er over 4,2 mill. kr.
- Mange av bueiningane hadde innsparing, eller berre eit lite meirforbruk. Det er positivt.
- Administrasjon har stor innsparing dette grunna mykje sjukefråvær.
- Covid-19 gjorde det vanskeleg om ikkje umogleg å gjennomføre gode prosessar for å avdekke og gjennomføre aktuelle tiltak.

Ein del av dei variable lønsutgiftene har auka mykje siste åra:

Alle tal i 1000 kr	Reknesk. 2015	Reknesk. 2016	Reknesk. 2017	Reknesk. 2018	Reknesk. 2019	Reknesk. 2020	Endring i % 2015 - 2020
Avtalefesta tillegg	15 383	15 833	16 668	18 708	20 099	21 484	39,7
Sjukevikarar	6 070	6 386	5 153	5 043	4 940	5 469	-9,9
Ferievikarar	3 527	3 646	3 891	5 349	5 040	5 288	49,9
Ekstrahjelp	1 524	1 073	1 448	865	1 127	1 112	-27,0
Overtid	1 937	2 649	3 305	3 318	4 649	5 045	160,5
Sum	28 441	29 587	30 465	33 283	35 855	38 398	35,0

- Overtida har auka mykje siste åra, spesielt i 2019 var det ein auke på over 40,0%. Auka også i 2020. Det kan være fleire årsaker til auken, men det er uansett ein altfor stor auke og bruken av overtid må reduserast.
- Bruk av ekstrahjelp og sjukevikarar er redusert. Det bør vurderast om ein kan bruke meir vikarinntak i staden for den store bruken av overtid.

Merk at det er ikkje direkte kostratal knytt til denne eininga. Desse kjem under same område som heimetenesta.

Kap 11 Teknisk tenester

Visjon:

Tekniske tenester legg til rette fysisk, slik at Vestnes blir ein endå meir attraktiv kommune for næringsutvikling og busetting.

11.1 Oversikt over sektoren

Tenester	Tal Årsverk 2019	Tal Årsverk 2020	Ev. merknader
Plan/byggesak Landbruk/miljø	5,0	5,0	
Drift/anlegg Oppmåling	Ca 13	Ca 13	Inkl. tiltak via NAV
Brann, redning og feiing	2,7	2,7	I tillegg til deltids brannmannskap

Eininga har ansvar for desse tenestene

- Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar
- GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing
- Saksbehandling av avløpsaker (utslepp og påslepp) og tilsyn med spreidd avløp
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gateløys
- Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging
- Kyrkjegardsgraving
- Utbygging av kommunale bustad- og industriområde
- Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering
- Ansvarleg for kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar
- Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen
- Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel; buss, båt, ferje
- Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker, vilt- og fiskeforvaltning
- Motorferdsel i utmark og forureining
- Rettleiing av bønder og andre om off. støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.)
- Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar
- Feiing og bustadtilsyn
- Branntilsyn på § 13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
- Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 3 stasjonar)
- Anna bistand ved krisesituasjonar (for eksempel ekstremvær)
- Brannøvingar for offentleg og privat verksemd
- Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne)

11.2 Resultatmål – Tekniske tenester

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2020	Resultat 2020	MÅL 2021
“opplevd kvalitet”	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2020. Men både saksbehandlarar og fagarbeidarar får ofte direkte tilbakemelding frå innbyggjarar – og desse er i stor overvekt positive.		-----	
Teneste	Vi har mål om å utføre alle forvaltningssaker med tidsfristar som fastsett i lov.	100 %	98 - 99 %	100 %
“objektiv kvalitet”	Også saker/oppdrag elles har vi mål om å utføre snarast råd.	100 %	90 %	95 %

11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Vi opplever auka krav og utfordringar knytt til meir ekstremvær/klimaendringar innafor både planlegging, kommunal drift og saksbehandling. Dette er tidkrevjande og stiller krav til utvida kompetanse innafor fleire fagområde. Kombinert med framleis stor etterspørsel av våre tenester medfører dette at kapasiteten på fleire områder er for liten.

Å vere ei eining med stor grad av forvaltningsoppgåver med tidsfristar (i høve lovverk) knytt til innbyggjarane og til dels næringsliv, samstundes som vegar og anlegg m.v. skal drivast er til tider krevjande. For lite ressursar administrativt resulterer i at viktig arbeid som burde ha vore gjort går på bekostning av «må-tiltaka».

Hjelvika og Vågstranda vart ein del av Vestnes frå årsskiftet, difor vart det brukt ein del arbeidstid siste del av 2020 å få kartlagd auka arbeidsoppgåver. Dessverre har vi ikkje funne plass til tilsvarende auke i budsjettet.

11.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

Sakstilfanget innafor forvaltninga er stort sett som tidlegare år. Generelt har vi i år også greidd å halde saksbehandlingstida på eit akseptabelt nivå. Fleire av saksområda våre har lovbestemte tidsfristar med mellom anna reduserte gebyr som konsekvens. Vi opplever at kundane i stor grad er fornøgd med tenestene dei får.

Kompetanseauke i form av kurs/utdanning av tilsette har det vore lite av i «koronaåret» 2020.

Sjølv om det tidvis er både stort snøfall og glatte vegar og det tek tid før vi rekk over alt, er inntrykket at innbyggjarane i stor grad har forståing og er tilfredse. Likeins har vi hatt lite brot og/eller tilstopping i avløpsleidningsnettet i 2020.

Eininga er også ansvarleg for å gjennomføre ein god del av kommunen sine årlege investeringar. Dette gjeld utbyggingsprosjekt innafor bustadfelt, vegar, trafikktrygging, industri-/ næringsområde, avløpsanlegg m.m. I tillegg vil det år om anna bli innkjøpt tyngre utstyr og spesialtilpassa køyretøy til fleire fagområde.



*Opprusting av Sjøgata
Foto: Tobias Hay Slinning*

Trass i for liten kapasitet har vi fått utført mange av dei planlagde prosjekta. Opprusting av Sjøgata, utviding av Misfjordskogen industriområde og ny bru over Vikeelva vart stort sett ferdigstilt. På Buktavegenprosjektet står det berre att å avslutte grunnerverv. Fjerde armen på rundkøyringa og parkeringsplass ved fotballbana vart stort sett ferdigstilt, og utbygging av rasteplassen er i rute (mars 2021). Det vart også innkjøpt og sett ut venteskur på fleire busstopp. I tillegg vart det utført asfaltering av utslitte kommuneveggar, litt gatelys- utbygging og fleire viktige avløpsprosjekt, mellom anna leidningsanlegg og slamavskiljar i Tomrefjord sentrum. Utbygging av avløpsanlegg med kommunal slamavskiljar i Fiksdal er under arbeid - som er eit samarbeidsprosjekt med private utbyggjarar av bustadfeltet.

På seinsommaren vart det utført eit "hasteoppdrag" – nemleg etablering av plass for Søbloomsten ved Kataholmen. Med herdetid på berre ei veke på betongplata, rakk vi det akkurat til galeasen "kom heim".



Vestnes brannvesen

Vi fikk i 2020 kjøpt inn ny bil til sjåførvakta. Denne er bygget og tilpasset til den brukte bilen er tiltenkt. Dette innkjøpet og midlene kom i «grevens tid», da den gamle vaktbilen havarerte mens vi jobber med å finne en ny.

Utført 2020:

- 850 røykløp er feia
- 212 bustadtilsyn
- Kontroll av sløkkemidler
 - Ca. 230 handslokkarar
 - Ca. 110 slangeskap
- Ingen besøk i eller av barnehagar. Det ble heller ikkje arrangert open stasjon.
- Berre 2 eksterne øvingar i form av sløkkeøving samt sertifiseringskurs varme arbeider.
- §13-tilsyn, 15 stk. der dei fleste blei gjennomført elektronisk.
- Vestnes brannvesen har tilpassa drifta/verkstaden, sertifisert kontrollørar samt søkt og blitt akkreditert som godkjent selskap for kontroll og service av handslokkemateriell av «Rådet for handslokkemateriell».
- Covid-19 har nok tatt noko tidsressursar.

Gjennomførte brannøvingar

Basisøvingar :

- Røykdykking – container i Misfjordskogen
- Redningsøving og trafikkulykke – klipping Misfjordskogen
- Overflateredning
- Bygningsbrann og kalde røykdykk i Skorgen.
- Årsavslutning - TEAMS

Ekstra øvingar:

- Intern-opplæring nye mannskap (to stk.)

Vestnes Næringsforum

Vestnes Næringsforum (VNF) er Interesseorganisasjon for næringslivet i Vestnes, og har ved utgangen av 2020 99 medlemmer med ca. 1810 årsverk. Pr. 31.03.2021 er det 103 medlemmer.

Generelt

Vestnes Næringsforum har tre hovudoppgåver:

1. Interesseorganisasjon for medlemmene.
2. Vere Hoppid.no kontakt for Vestnes kommune, med ansvar for gründerar og rettleiing for etablerarar
3. Samfunnsutviklar, som i samarbeid med Vestnes kommune og andre skal arbeide for å fremme eit konkurransedyktig og allsidig næringsliv i kommunen, både for eksisterande og nye aktørar

Hoppid.no og Hoppid.no midlar

Vestnes Næringsforum har også i 2020 bistått mange gründerar og søkarar av Hoppid.no midlar, samt arrangert bistandsmøte med Innovasjon Norge og fylkeskommunen. Vestnes fekk i 2020 innvilga kr 93.913,- i ordinær tildeling, og kr 80.811,- i covid-19 midlar. Det blei delt ut til saman kr 137.372 til 5 prosjekt. Dette er øyremarka midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til bruk i avklaringsfasen for oppstart av nye bedrifter/selskap.

Tettstadsutvikling; midlar frå M & R Fylke sitt tettstadsprogram

I samarbeid med Vestnes Kommune søkte vi om midlar til arbeidet med tettstadskoordinering. Vi fekk tilsegn på kr 1.400.000,- for perioden 01.01.21-31.12.2022. Tilsagnet er gitt til prosjektleiarstilling.

Prosjektleiar skal vere bindeledd mellom næringsliv, grunneigarar og innbyggjarar i Vestnes, samt støtte til delprosjektering av Sjøfronten del 3, komplettering av gangvegnett for Grøntaksen og Sjøgata, få fram idear for vidareutvikling av sentrumskjernen og etablere sentrumsorganisasjon.

GassROR Aktivetsmidlar

Vestnes Næringsforum tok ei aktiv rolle, søkte og fekk tildelt kr 160.000,- til arrangementet heimkomst Søblomsten i Vestnes 12.09.2020.

Arrangementet blei dreve av VNF i samarbeid med Vestnes Sentrumsforeining og Båtbyggermuseet. Det bidrog til at det blei ein «folkefest» for innbyggjarar i kommunen og til at Båtbyggermuseet sin Søblomst fekk ein flott tilbakekomst. Sermonien vart streama og filmen er lagra.

Kunnskapspark tilknytning

Vestnes Kommune inngjekk samarbeidsavtale med Ålesund Kunnskapspark (ÅKP) saman med omliggande kommunar om ei moglegheit for kompetansebistand for bedrifter i fasen vidare frå Hoppid i Vestnes. Vi handterer avtalen som gir oss moglegheiter inn mot verkemiddelapparatet via ÅKP sine rådgjevarar. Avtalen gjelder ut 2021.

Reiselivsutvikling – bedriftsnettverksmidlar frå Innovasjon Norge

Det er i mange samanhengar slått fast at utvikling av ny reiselivsnæring vil vere viktig for Vestnes. Vi søkte og fekk kr 100.000,- for å arbeide med kartlegging og mogleg utvikling i samarbeid med aktørane for Vestnes. Det vart halde fleire møte på forsommaren. Vi fekk satt dette i system i ein brosjyre samt «mata» Visit Northwest med Vestnes innhald. Vestnes Kommune betalar ein kontingent inn til destinasjonsselskapet. For at Vestnes skal bli synleg må det sendast oppdatert informasjon om tilbod i Vestnes, både med tekst og bilde.

Vestnes Kommune oppretta eit ad-hoc utval for satsing på reiseliv i Vestnes. Dagleg leiar har deltatt i utvalet.

Andre oppgåver

Vestnes Næringsforum arbeider med fleire strategiske oppgåver, mellom anna samferdselsløysingar, planlegging, opparbeiding av industri, næringsareal, samarbeid skule/næringsliv m.m..

VNF bidrar også inn mot iVESTNES.no portalen.

På grunn av Covid-19 situasjonen blei det få bedriftsbesøk i 2020 og Innovasjonscampen vart avlyst av skulane i kommunen.

11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettløysingar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelveggar/turvegar som motiverer til aktivitet. Syte for gate-/veg-belysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøing vere ein vesentleg faktor.



Arbeid med fjerdearm-prosjektet. Det var bygging av fjerdearm + parkeringsareal
Foto: Tobias Hay Slinning

11.6 Tal frå KOSTRA 2020

- teknisk	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Stranda	Molde	Hustadvika
Nto. Utg. Komm. veier pr. innb	1 993	1 369	1 218	1 764	2 255	1 437	1 295
Nto. Utg. pr. km komm. veg	138 798	124 125	155 523	114 104	134 760	164 176	90 768
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	1 022	1 074	894	1 489	1 927	1 161	1 000
Andel komm. vegar utan fast dekke	16	32,7	27,7	16,5	50,7	28,3	19,5
Årsgebyr for feiing og tilsyn	463	472	487	536	872	-	579
Årsgebyr avløp	2 865	3 256	4 321	3 329	4 045	2 419	3 080
Årsgebyr avfall	2 784	3 034	2 997	3 263	3 976	3 093	3 083

Utvikling 2015 – 2020

KOSTRA - tal - teknisk							Endring
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	i % 15 - 20
Nto. Utg. Komm. veier pr. innb	1 031	1 363	1061	1326	1662	1993	93,3
Nto. Utg. pr. km komm. veg	85 262	112 025	99475	108325	135713	138798	62,8
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	810	883	908	997	999	1022	26,2
Årsgebyr for feiing og tilsyn	360	376	415	463	463	463	28,6
Årsgebyr avløp	3 041	2 788	2788	2788	2788	2865	-5,8
Årsgebyr avfall	2 240	2 020	2219	2288	2288	2784	24,3

Tabellen under viser omdisponert dyrka og dyrkbar jord etter jordlova og areal vedteke i reguleringsplanar i heile daa.

År	Vestnes	Kostragruppe 11	Fylkesgjennomsnitt (M&R)
2016	67	1 156	459
2017	169	1 178	1 204
2018	25	1 049	415
2019	50	985	308
Sum	311	4 367	2 385
Gj.snitt	78	1 092	596

11.7 Økonomisk resultat 2020

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik 2020	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Administrasjon	765	786		786	790	-4	-0,5
Oppmåling	-148	1 230	522	708	88	620	704,5
Plan- og bygning	686	2 347	1 498	849	715	134	18,7
Landbruk	1 535	1 811	448	1 363	1 611	-248	-15,4
Renovasjon, kloakk, feiing	94	25 037	23 797	1 240	-15	1 255	-8366,7
Brannvern	5 533	6 532	946	5 586	5 555	31	0,6
Hamnevesen	34	147	97	50	0	50	
Parkvesen	1 320	2 431	1 161	1 270	1 469	-199	-13,5
Ekstra vedlikehald, Covid-19		2 000		2 000	2 000	0	
Flomsikring, ekstra tilskott		377	5	372	260	112	
Kommunale vegar	5 784	12 020	6 516	5 504	5 661	-157	-2,8
Sum teknisk sektor	15 603	54 718	34 990	19 728	18 134	1 594	8,8

- Eininga har eit meirforbruk på 1,6 mill. kr. Det meste gjeld avgiftskapittel.
- Alle avgiftskapitla vert budsjettert i 0. Det vert ført eigen etterkalkyle ved årets slutt for å sikre at gebyra skal dekke alle utgiftene samtidig som kommunen ikkje kan tene på gebyra. Difor vert det normalt enten positiv eller negativt resultat på avgiftskapitla når rekneskapen vert avslutta. I 2020 vart det eit meirforbruk vel 1,2 mill. kr, det er noko meir enn det som har vore vanleg.
- Mindreinntekt på oppmålingsgebyr skuldast redusert kapasitet.
- Mykje av utgiftene i sektoren vert dekkja av gebyr og andre inntekter. Brutto er utgiftene på nær 55,0 mill. kr, mens netto driftsutgift i sektoren er 19,7 mill. kr.
- Det aller meste av netto utgifter gjeld brannvern og drift av park og kommunale vegar.

Kap 12 Eining for eigedomsdrift

Visjon for Vestnes kommune si eigedomsdrift:

Gode bygg – gode tenester

12.1 Oversikt over sektoren

Ansvar	Tal Årsverk 2019	Tal Årsverk 2020	Ev. merknader
5000 – 5550 Eigedomsdrift	14,59	15,09	Med leiar har eininga 17 tilsette. Av dette blir 0,8 årsverk nytta til prosjekt. I tillegg blir ein mindre del bruk i andre einingar (reinhold og branntilsyn.)

Eigedomsdrift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Samla bruttoareal for kommunale bygg er om lag 74 800 m². Helsehuset Stella Maris utgjer nesten 9 000 m² av dette. Skorgen skule gjekk ut av kommunen si eigedomsportefølje i 2020 då denne vart avhenda til den lokale velforeininga.

Våre bygg består av kommunalt disponerte bustader og ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett. I tillegg administrerer vi ca. 2 400 m² til vidare utleige (Stiftelsen Vestnes Trygdebustader og innleigde flyktningbustader).

Eininga har ansvar for sal av kommunale bustad- og næringstomter. Vi gjennomfører kjøp av strategisk tomteareal som t.d. sikring av areal til friluftsmål, kjøp av nye felt for bustad- og næringsformål, nødvendig veggrunn, samt sal av diverse kommunalt tilleggsareal til både private og næringsdrivande. Kjøp/sal av kommunale bygg/bustader vert og utført av eininga.

Vestnes kommune har eit bevisst forhold til regelverket om offentlege anskaffingar. Eininga administrerer og innehar kompetanse på dette fagfeltet. I tråd med gjeldande regelverk nyttar vi det elektroniske konkurransegjennomføringsverktøyet TendSign.

Eininga har og ansvar for koordinering av kommunen sine forsikringsordningar, både når det gjeld ansvar, bygningar, bilar, tilsette, barn i skule, barnehage og kulturskule, samt barn som har oppfølging i regi av barnevernet.

Forvaltning av bustader

Type bustad/målgruppe	Tal bueiningar	Ev. merknader
Tilrettelagte omsorgsbustader for eldre, psykisk utviklingshemma mm.	97	Senior Plaza, Aktivitetssenteret, tidl. Hellandheim-området mm.
Andre utleigebustader	50	Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig 16 av desse bustadene, men kommunen har ansvaret for forvaltning og utleige av desse.

Saman med kommunen sin flyktingteneste har eininga i tillegg eit ansvar for innleige av mellom 15 og 20 bueiningar frå private huseigarar til busetjing av flyktingar.

12.2 Resultatmål – Eigedomsdrift

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2019	Resultat 2020	MÅL 2020
“opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøking på området, førebels			
“objektiv kvalitet”	Talet på klagesaker som går til KOFA (klagenemnd for offentlege anskaffingar) i samband med offentlege anskaffingar	0	0	0

12.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Eining for eigedomsdrift er sentral deltakar i fleire byggeprosjekt. Fleire av dei store prosjekta strekker seg gjerne over år og gjeld då alt frå planlegging, prosjektering, utføring og oppfølging i garantitida. Ved t.d. mindre ombygging ser vi at det kan vere vanskeleg å få tak i utførande og/eller at prosjektet ikkje har tilstrekkeleg finansiering. Ofte endrar behov seg slik at planlegginga/prosjekteringa må justerast ein god del.
- Helsehuset Stella Maris er det største byggeprosjektet eininga har vore involvert i. Byggeprosessen starta i mars 2019, og bygget blei overtatt etter planen – 14. desember 2020. Logistikken knytt til bygget (varer inn/ut) vil vere utfordrande fram til at parken og uteområdet er ferdig opparbeidd. Sjølv om det er gitt opplæring av dei tekniske installasjonane, vil det gå ei viss tid før vi har rasjonell drift av bygget. Mykje av tida mot slutten av året har gått med til å gjere seg kjent på bygget, og forberede bygget for drift ein gong på vårparten 2021.
- Over tid har eininga nytta investeringsmidlar til rehabilitering/oppgradering av fleire bygg. Det er framleis mange bygg som har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, både utvendig og innvendig. Det er behov for å gjere noko med uteområda rundt fleire av bygga våre.
- Fleire tenester melder om behov for å gjere endring med dei lokala dei disponerer. Det typiske er at lokala ikkje er tidsriktig for den tenesteproduksjonen som er nå, lokala manglar nødvendig fleksibilitet eller at bruken av lokala har endra seg. Eininga må prioritere mellom ulike oppgåver. Utvikling (betre tilrettelegging) av lokale kan vi berre sjå på viss det allereie er tiltak som skal gjerast.
- Våre bygg har ikkje tilstandsanalyser. Det er ikkje utarbeidd ROS-analyser, og det er ikkje utarbeidd vedlikehaldsplanar. På grunn av mange prosjekt har vi ikkje hatt kapasitet til å utarbeide desse. Brukaravtalane er under revisjon.
- I fleire av bygga våre er det tekniske installasjonar som er moden for utskifting, og å skifte ut og/eller oppgradere SD-anlegga (SD-anlegg er forkorting for Sentral Driftsanlegg eller sentralt driftsovervåkingsanlegg). Fleire gonger opplever vi at det er særst vanskeleg å få tak i deler til slike gamle anlegg.

- Kommunen har nokre bygg som av ulike årsaker ikkje har hatt vedlikehald på fleire år. Eigedomsdrift er uroa over desse bygga då dei i realiteten står til nedfalls og/eller kan vere utsett for skadeverk.
- Fleire av dei kommunale bygga er ført opp på ei tid då det var vanleg å nytte asbest i bygningsmateriale. Dette gjeld då bygg ført opp før 1986. Det er meir kostnadskrevjande å gjer tiltak, t.d. oppussing, i desse bygga. Tiltak kan berre gjerast av firma som har nødvendig løyve frå Arbeidstilsynet, og det er bestemte prosedyrekrav som må oppfyllest.
- Kommunen har eit system med tanke på energioppfølging. Men på grunn av mange prosjekt har ikkje vi hatt kapasitet til å prioritere dette slik som vi ønskjer.
- Kvart år dukkar det opp ulike «må-tiltak» som det ikkje er mogleg å planlegge for. Døme på slike tiltak er diverse innbrot/hærverk/uhell, teknisk anlegg - ofte av eldre dato- som må vi enten må reparere eller erstatte, taktekking, deponering av lagra avfall m.m. Ved skade på bygg kan det hende at tilfellet ikkje blir dekket av forsikring. Uansett har vi ein eigenandel på kr 50 000 i kvart tilfelle. Ein del av «må-tiltaka» kan vi sjå i samanheng med opprusting av t.d. kommunale bygg og kan då ta dei over investeringsbudsjettet. I alle andre tilfelle må vi belaste driftsbudsjettet.
- Når det gjeld offentlege anskaffingar, er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid med Ålesund kommune, som gjennomfører mange av dei rammeavtalene Vestnes er part i. Andre anskaffingar gjennomfører vi sjølv. Kommunen må følgje regelverket om offentlege anskaffingar. Sjølv om regelverket er blitt noko forenkla, er det likevel komplisert. Det går med mykje tid til å førebu og gjennomføre anskaffinga. I tillegg skal anskaffinga følgjast opp i kontraktstida. Eigedomsdrift har hatt ansvar for gjennomføring av ei rekke store anskaffingar til kommunen. Dette er krevjande for eininga, og det går ut over andre oppgåver skal gjerast.
- Manglar rammeavtar innanfor handverkstenestene.

12.4 Kva har vi oppnådd i 2020? Tenesteyting og kompetanseauke

Eigenkontrollar

I 2020 har vi gjennomført og dokumentert eigenkontrollar i FDV-systemet vårt, FamacWeb. Dette er eigenkontrollar innanfor branntekniske installasjonar, brann-avgrensande konstruksjonar, elektriske installasjonar og leikeplassar. FDV-systemet lettar arbeidet både for oss som bygningseigarar, brukarane av bygga og tilsynsmyndigheitene.

Kommunale utleigebustader, omsorgsbustader og bustader til flyktingar

Eininga har gode rutinar for å redusere betalingsmisleghald, og vi har eit godt samarbeid med rekneskapsavdelinga for å sikre desse inntektene.

Ved utflytting sjekkar vi behovet for vedlikehald/oppussing før neste leigetakar flytter inn. Utbetningsbehova kan t.d. vere alt frå lause dørvidarar til maling av veggflater og utskifting av kjøkkeninnreiing. I 2020 har eininga hatt avgrensa kapasitet til å prioritere dette mellom anna av omsyn til sterk medverknad i byggeprosjektet knytt til Helsehuset Stella Maris.

Vi hjelper flyktingtenesta med innleige av enkelte private bustader for busette flyktingar. Etter ei hektisk periode for nokre år sidan, med mykje innleige av bustader grunna stor tilstrøying av flyktingar, ser vi no at fleire av dei busette flyktingane finn seg eigen bustad sjølv, enten ved leige eller kjøp. Fleire har og flytta over i ledige kommunalt eigde bustader.

Dette har resultert i at vi har kunne utvikle flere leigeforhold der kommunen har leigd inn private bustader med dårleg standard.

Uteområde/leikeplassar, skule og barnehage

Helland barnehage, øvre og nedre:

Barnehagane har fått endra uteområdet slik at dei minste borna får eit området som er meir avgrensa og tilrettelagt for dei. Barnehagen har no fått eit «stakittgjerde» som dekker behovet for sikring og inngjerding av uteområda til dei to småbornsavdelingane.

Avgrensinga av området gir moglegheit til å lukke området ved behov. Det blei i tillegg sett opp leikeinstallasjon på småborn, ein stasjon og leikehus – dette gir samspel og rolleleik. Det blei satt inn flettverksporter, slik at ein lett kan opne og lukke området.



Foto: Kari Kvithaug



Foto: Kari Kvithaug



Foto: Kari Kvithaug

Ved Helland nedre er sovestallen utvida ved at ei utebod er omgjort til sovestall. Ny utebod er enno ikkje satt opp då ein ventar på at tiltaket med sikring av uteområdet blir ferdig først. Etter planen skal ny utebod settast opp i løpet av 2021.

Tresfjord barnehage:

Barnehagen hadde behov for ei oppgradering av uteområdet. Dei største borna trong leikeplassapparat som var meir retta mot motorikk og balanse. Det er montert opp seks nye installasjonar. Utearealet er også utvida. Det er utvida mot parkeringsplassen, og området rundt flaggstanga er tatt i bruk, og to av installasjonane er plassert på dette området.



Foto: Kari Kvithaug



Foto: Kari Kvithaug

Tomrefjord barnehage:

Barnehagen hadde ei huskestativ som det var store råteskader på, og dette er skifta ut med ei nytt stativ.



Foto: Kari Kvithaug

Sentrum

NAV-lokale

Det er etablert ein «Sikker sone» for personalet på NAV. I delar av lokalet er det sett opp veggjar – både med og utan vindauge.

Personalet har sine kontor i sikker sone, og publikum har tilgang til nødvendig areal i open sone. Det er etablert adgangskontroll på dører inn til sikker sone.

All belysning i taket er skifta ut med nye led-belysning. Alle vegger og lister er måla i publikumsarealet. Framstår no som lyst og fint.



Foto: Kari Kvithaug



Foto: Kari Kvithaug

Tømt loftet på sjukeheimen

Før delar av sjukeheimen kan rivast, må den tømmast for laust inventar og utstyr. Over mange år har loftet på sjukeheimen vore nytta som lager av gjenstandar som ikkje lengre har vore i bruk. Noko av dei gjenstandane som var lagra der, er tatt vare på. Det meste er likevel levert til gjenbruksstasjon. Før levering blei avfallet sortert i ulike fraksjonar.

Myrateigen

Arbeidet med å oppgradere/renovere fire leiligheiter og personalbase i dette bygget har tatt lang tid. Ei leigheit blei ferdig renoverert i 2018. Året etter bad kommunen om tilbod på utføring av resten av arbeidet. Det kom inn eit tilbod, og finansieringa var ikkje tilstrekkeleg. Konkurransen blei difor avlyst. Noko av arbeidet blei utført av egne handtverkarar i 2019. I 2020 er alt ferdigstilt.

I alle leigheitene er det gjort ei generell overflatebehandling. I tillegg er bad totalrenoverert med nytt golv og våtromsplater på veggane. Det er satt inn dusjkabinett og ny baderomsinnreiing. Også kjøkkeninnreiing og dører er skifta.

På basen til personalet er det skifta kjøkkeninnreiing. Badet er renoverert med nytt golv og våtromsplater på veggane. Det er også sett inn ny baderomsinnreiing og dusjkabinett.



Foto: Kari Kvithaug



Foto: Kari Kvithaug

Overdraging av eigedomar, kjøp/sal

Eininga har i 2020 gjennomført nokre mindre eigedomsoverdragingar knytt til makebyte, sal av tilleggsareal til privateigedomar og til utbygging av veg til privat bustadfelt. Det vart seld 2 bustadtomter i 2020 og det vart inngått avtale om sal av eit 8 dekar stort areal på Gjermundnes Industriområde. Slike eigedomsoverdragingar inneber tett samarbeid med kommunens oppmålingsansvarleg og planavdeling, samt arbeid knytt til økonomisk oppgjær og heimelsoverføringar.

I tillegg til gjennomførte kjøp/sal ser ein i mange tilfelle at dialog og forhandlingar med kjøparar og grunneigarar er tidkrevjande prosessar som kan gå over fleire år før endeleg kjøp eller sal vert gjennomført. I løpet av 2020 har vi mellom anna hatt drøftingar med ein privat utbyggar knytt til mogleg sal av fleire bustadtomter i Åsbygda. Det pågår forhandlingar med eit firma om kjøp av ca. 30 mål næringsareal på Gjermundnes og vi er i løypande dialog med Tomren Fish om sal av ytterlegare areal på Trohaugen industriområde i Tomrefjord. Vestnes kommune vart og fram i Tingretten med krav om tilbakekjøp av ei unyttta nærings-tomt ved Skorgenes Industriområde. Denne tomte vil bli klargjort og lagt ut for sal på ny.

Kart over aktuelle tomter til sals finn ein på heimesida til kommunen.

Offentlege anskaffingar

Forutan dei bygge- og renoveringsprosjekta som er beskrive tidlegare i avsnittet, har eininga i 2020 gjennomført desse anskaffingane (både for eiga og andre einingar i kommunen):

- innleige av prosjektleiar for planlegging av utviding/rehabilitering ved Helland skule
- innleige av rekrutteringsbyrå for tilsetjing av ny kommunalsjef økonomi
- nytt kunstgrasdekke ved Tomrefjord idrettshall
- reinhald i ca. 30.000 m² av kommunen si bygningsmasse
- Helsehuset Stella Maris: møblar og inventar til omsorgssenteret
- Helsehuset Stella Maris: møblar og inventar til øvrig areal
- Helsehuset Stella Maris: TV-skjermar og underhaldningspakke til bebuarrom, møterom mm.
- Helsehuset Stella Maris: sjukeheimssenger, madrassar og nattbord
- Helsehuset Stella Maris: gardiner, lamellar og forheng
- Helsehuset Stella Maris: lyd- og lysutstyr til sceneområde i bibliotek
- Helsehuset Stella Maris: inventar og utstyr til avdelingskjøkkene på omsorgssenteret
- Helsehuset Stella Maris: programvare og utstyr til «virtual reality»-pakke ved biblioteket
- Helsehuset Stella Maris: Dispensere – tørkepapir, toalettpapir, såper, sprit, søppel.

Kompetanseauke

På grunn av situasjonen rundt Covid-19, har ein ikkje hatt høve til å delta på eksterne kurs/kompetansetiltak. Dei kompetansetiltaka vi har hatt, har tatt omsyn til smittevernreglane. I 2020 var det nødvendig med kurs retta mot hms og forsikringsselskapet si tryggingforskrift om varme arbeider.

- Arbeid i høgda
- Personløftarkurs
- Stillasbyggarkurs
- Kurs i Varme Arbeider

I tillegg har det vore kompetansetiltak knytt til drift av Helsehuset Stella Maris.

Vi har deltatt på fleire kortare samlingar via Teams som er av relevans for vårt arbeid. I tillegg har vi i det daglege hatt fokus på kompetansedeling mellom alle i eininga.

12.5 Tiltak for å fremme folkehelse

- Regelmessige eigenkontrollar av bygg og installasjonar.
- Utvida uteområdet til Tresfjord barnehage og satt opp fleire nye installasjonar.
- Etablert eigne avgrensa soner for småborn ved Helland barnehage, øvre og nedre.
- Erstatte disse ved Tomrefjord barnehage

12.6 Tal frå KOSTRA 2020

KOSTRA - eigedomsdrift	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Stranda	Molde	Hustad- vika
Nto. dr. utg. til forvaltning av eiged. pr. innb.	478	512	323	221	13	279	235
Areal i m2 pr. innbyggjar	7,44	5,65	5,09	7,08	7,44	5,3	5,33
Energikostnad pr m2 (kroner)	94	85	99	81	74	107	48
Utg. til vedlikehald pr. m2	35	75	107	43	41	61	82
Komm disp. bustadar pr 1000 innb.	24	22	20	17	28	20	15

12.7 Økonomisk resultat 2020

Tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2020			Budsjett	Avvik	
	2019	Utgifter	Inntekter	Netto	2020	i kroner	og i %
Administrativ leiding	917	941		941	710	231	32,5
Kommunale bygningar	2 279	32 730	29 565	3 165	4 739	-1 574	-33,2
Kommunale utleigebygg	-41	2 443	2 417	26	-234	260	-111,1
Kommunale utleigebygg PU	-1 921	5 487	6 204	-717	-2 895	2 178	-75,2
Kommunale omsorgsbustadar	-1 526	2 237	3 771	-1 534	-1 251	-283	22,6
Utleige flyktningar	0	1 397	1 397	0		0	
Drift Myra området	-302	8 230	6 981	1 249	45	1 204	2675,6
Felleskostnadar vaktmeister m.m.	3 690	814	430	384	3 138	-2 754	-87,8
Ekstra vedlikehald, Covid-19		1 000		1 000	1 000	0	0,0
Bustad og industriområde	95	933	914	19	-63	82	-130,2
Sum eigedomsdrift	3 191	56 212	51 679	4 533	5 189	-656	-12,6

- Utgiftene auka med 1,3 mill. kr frå 2019, av dette utgjer ekstra tilskott til vedlikehald 1,0 mill. kr. Dette var eit av mange Covid-19 tilskott i 2020.
- Eininga har eit mindreforbruk på knapt 0,7 mill. kr.
- Energikostnadane som 2019 var høge grunna høg energipris, vart redusert frå 10,0 mill. kr til 7,5 mill. kr i 2020.

Kap 13 Politisk verksemd i 2020

Oversikt over møte i 2020

Utval	Tal på møte/saker i 2020
Kommunestyre	13 møte / 131 saker *
Formannskap	15 møte / 134 saker
Planutval	10 møte / 78 saker
Valstyre	Ikkje hatt møte i 2020
Administrasjonsutval	2 møte / 8 saker
Råd for funksjonshemma	6 møte / 22 saker
Eldreråd	6 møte / 21 saker
Ungdomsråd	7 møte / 28 saker
Næringsfondsutval	2 møte / 36 saker
Sakkunnig nemnd	2 møte / 9 saker
Sakkunnig ankenemnd	1 møte / 6 saker
Arbeidsmiljøutvalet	4 møte / 15 saker
Sentrumsnemnd	Ikkje hatt møte i 2020
Kontrollutvalet	6 møte / 41 saker **
Ad Hoc – Velkommen til Vestnes	4 møte
Ad Hoc – Turisme og reiseliv	3 møte

* 2 av desse var dialogmøte, 1 møte vart avlyst pga. Covid-19.

** 1 møte vart avlyst pga. Covid-19.

Følgjande leverer eigne årsmeldingar: Kontrollutvalet, Ungdomsrådet, Rådet for funksjonshemma og Eldrerådet.

Gjennomføring av politiske møte og Covid-19

Berre 2 møte vart avlyst pga. Covid-19, eitt kommunestyremøte og eitt møte i kontrollutvalet. Formannskapet hadde ei periode i mars/april møte kvar veke digitalt, der dei fekk oppdatering på status for pandemisituasjonen i kommunen. Eldrerådet, Råd for funksjonshemma og ungdomsrådet har alle hatt eitt møte kvar digitalt. Vi gjennomførte to kommunestyremøte digitalt. Totalt gjennomførte vi 10 møter digitalt. Ved resterande møte har vi retta oss etter føresetnadane for offentlege arrangement ift. i høve talet på deltakarar, liste over deltakarar og tilhøyrarar, avstand, reinhald og liknande. For å etterstrebe møteoffentlegheit, har vi ved nokre høve hatt streaming av lyd frå møta, noko som har vist seg og vere utfordrande med tanke på støy og lyd kvalitet. Vi har og hatt einskilde møte der vi har hatt enkeltmedlemmar som deltok digitalt. For å kunne overhalde krav til avstand mellom deltakarar i møte, har vi leigd lokale ved Idahall for å gjennomføre dei fleste av kommunestyremøta, eitt møte vart haldt ved Tresfjord Oppvekstsenter. Vi brukte også Myra kulturbygg for eit felles møte med planutval og formannskap i juni. Reglement for gjennomføring av politiske møte, vart revidert 17.09.2020 for å kunne halde fjernmøte. Heile reglementet vart vedteke på nytt 16.12.2020.

Arealplanar i 2020

Kommunestyret behandla ingen reguleringsplanar i 2020, men planutvalet vedtok 2 mindre endringar:

46/336 m.fl.*	Ramberget	20/00020	Vedtak 22.06.2020
44/6 og 11	Remmemsbukta	20/00008	Vedtak 19.05.2020

* Klagebehandling pågår

I tillegg har planutvalet i 2020 gjort delegerte vedtak og arbeid med følgjande reguleringsplanar, som er i prosess på ulikt stadium:

- Reguleringsplan Vike sentrum
- Reguleringsplan Vikfjorå
- Reguleringsplan Fiksdal småbåthamn – endring (utviding av hamna)
- Reguleringsplan Salmar Genetics
- Reguleringsplan Reistad Småbåthamn
- Reguleringsplan E39 – Romsdalsfjorden (Vik- Julbøen) (mindre endring)
- Reguleringsplan E390 Vik – Ørskogfjellet
- Reguleringsplan Stokkeland masseuttak

Kjøp og sal av næringsareal

Det har vore ein viss etterspurnad etter næringsareal i året som gjekk, spesielt på Gjermundnes og på Trohaugen i Tomrefjord. Mot slutten av 2020 vart det inngått avtale om sal av ei 8 mål stor tomt på Gjermundnes Industriområde. Mot slutten av året vart det og innleia drøftingar med ein større aktør om sal av eit areal på inntil 30 mål på Gjermundnes. Vestnes kommune håper å kunne slutføre salet av denne tomten i 2021.

På Trohaugen har det i 2020 ikkje blitt seld noko meir areal, nettopp av den grunn at vi ikkje har fått frigjort det bandlagte arealet som ligg innanfor den buffersona som Statens Vegvesen har sett av til utbygginga av Møreaksen. Vi er likevel i løypande dialog med Tomren Fish om sal av tilleggsareal både innanfor denne buffersona samt noko uregulert areal. Tomren Fish har frå før kjøpt eit areal på nesten 70 mål.

Vestnes kommune vant i 2020 fram i Tingretten med krav om tilbakekjøp av ei unyttta næringstomt ved Skorgenens Industriområde. Denne tomte vil bli klargjort og lagt ut for sal på ny.

Grensejustering Hjelvika og Vågstranda

Kommunal og Moderniseringsdepartementet avgjorde i mars 2019 at grensejustering skulle utgreiast. I samband med utgreiinga gjorde Vestnes kommunestyre følgjande vedtak den 23.mai 2019 i sak 41/2019:

1.

Vestnes kommunestyre rår til at det blir gjennomført ei grensejustering slik at grunnkrinsane Hjelvik og Våge i Rauma kommune blir overførte til Vestnes kommune.

2.

Vestnes kommunestyre ønskjer innbyggjarane i Hjelvik og Vågstranda hjarteleg velkomne som innbyggjarar i Vestnes kommune.

Det var laga eigen avtale med Rauma kommune kring grensejusteringa. Avtalen vart handsama i kommunestyret i desember 2020 i PS-130/20.

Vedtekne reglement i 2020

- Alkoholpolitisk handlingsplan for Vestnes kommune 2020 - 2024
- Strategisk kompetanseplan for Vestnes kommune 2019 – 2023
- Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2023
- Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2023
- Økonomireglement, inkludert finansreglement med rutinar
- Kommunedemmaplan – Idrett, friluftsliv og kulturbygg 2020
- Delegeringsreglement 2020 – 2024 for Vestnes kommune
- Reglement for gjennomføring av møte i kommunale organ i Vestnes kommune

Interpellasjonar og oversendingsframlegg 2020

Interpellasjonar:

- Frå AP – Framtidig trafikkavvikling på Furneset ferjekai etter innføring av Autopass
- Frå H – Velkommen til Vestnes
- Frå SV – Hent barna ut av MORIA NÅ!
- Frå AP – Eit Newtonrom vil styrke realfaga i Vestnesskulen

Oversendingsframlegg:

- Newtonrom ved Vestnes Ungdomsskule
- Søskenmoderasjon SFO

Kap 14 Økonomi og rekneskap

14.1 Innleiing

Rekneskapa for 2020 er ferdig avslutta, og er ein del av denne saka. Viser til årsrekneskapshefte til slutt i dette dokumentet og gjev mykje nyttig og utfyllande informasjon.

Administrasjonssjefen vil i årsmeldinga kommentere ein del forhold rundt drifta i 2020 og vise utviklinga på ein del område siste åra. Det vert også knytt ein del kommentarar til område der det er større avvik mellom budsjett og endeleg resultat.

14.2 Resultat 2020

Netto driftsresultat

Dette er resultat før bruk/avsetning til fond. Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren.

Netto driftsresultat 2020 vart:

- kr 14.694.086,- (negativt resultat)

Det utgjer eit negativt resultat på – 1,8 % av driftsinntektene (KOSTRA tal)

Teknisk berekningsutval rår til at overskott bør vere minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Vi burde etter det hatt eit positivt netto driftsresultat på 10,0 mill. kr.

Resultat samanlikna mot budsjett

Når vi ser på rekneskapsresultatet etter bruk/avsetning til fond m.m. får vi det resultatet som gjev rettast bilete av drifta i 2020 sett opp mot kommunestyret sitt budsjettvedtak.

- Det var budsjettert med eit resultat på 0, dvs. berre balanse i drifta.
- Rekneskapa viser eit meirforbruk (underskott) på kr 18.767.000,-
- Det er på drifta det var stort meirforbruk, vel 16,0 mill. kr. Dei fleste sektorar hadde meirforbruk, i prosent var meirforbruket størst i grunnskulen.

Inndekking av budsjettmessig meirforbruk

Etter ny kommunelov er det nokre endringar i reglane for inndekking av meirforbruk. Ved meirforbruk skal det no brukast alt frå disposisjonsfond før rekneskapen vert avslutta.


- Meirforbruk 2019
kommunestyret gjorde i sak KST 39/20 vedtak om at «ikkje inndekka meirforbruk» i 2019 skulle dekast ved bruk av disposisjonsfond.
Når vi også i 2020 får meirforbruk vart denne føringa strøken når rekneskapen vart avslutta. I kommunerekneskapen står det såleis ein sum «ikkje inndekka meirforbruk» frå 2019 på kr 1.660.000,-.
Denne må inndekkast innan 2021 for å unngå å bli innmeldt i ROBEK.
- Meirforbruk 2020
Meirforbruket var som nemnt kr 18.767.000,- .
Delar av dette vert dekkja ved bruk av det kommunen har på disposisjonsfond, kr 9.976.375,-. Sum ikkje inndekka meirforbruk i 2020 vert då kr 8.790.699,-.
Dette må dekkast inn innan 2022.
- Sum underskott frå tidlegare år som ikkje er inndekka vert då kr 10.450.699,-

14.3 Netto driftsresultat siste åra

År	Netto driftsresultat
2008	-51 758 000
2009	11 450 000
2010	16 430 000
2011	-8 320 000
2012	32 406 000
2013	-870 000
2014	6 631 000
2015	-4 894 000
2016	1 508 000
2017	4 611 000
2018	6 971 000
2019	-5 675 000
2020	-14 694 000

I 2008 var det eit negativt driftsresultat på heile 51,8 mill. kr. Det vert ofte vist til at det skuldast børsfall det året. Det faktiske forholdet er at 28,0 mill. kr skuldast børsen, medan resten nær 24,0 mill. kr gjaldt drifta elles, spesielt meirforbruk på drifta inkl. renter og avdrag.

Årsak til det “gode” resultatet i 2012 var at i samband med inndekking av tidlegare års underskott kjøpte Vestnes kommune aksjar for 32,0 mill. kr i VEAS, finansiert ved sal av aksjefond (investeringsrekneskapen). Som motyting fekk vi utbetalt tilsvarande sum i ekstraordinært utbytte, dette vart ført som inntekt i driftsrekneskapen. Dette er årsak til høgt netto driftsresultat, reelt sett var resultatet berre 0,4 mill. kr.



Figur nr 1: Netto driftsresultat 2009 – 2020

- **Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år, men siste 10 åra har vi hatt eit samla negativt resultat på nær 15,0 mill. kr. Ikkje sidan 2010 har vi ikkje hatt enkeltår med positivt netto driftsresultat som dekker kravet frå sentrale myndigheiter på 1,75%.**
- **Netto. driftsresultat er for svakt. Det må til kraftige endringar i drifta skal det vere økonomisk berekraftig.**

14.4 Inntekter

alle tal i 1000 kr	2 019	Resultat 2020		
		Rekneskap	Budsjett	Avvik
Statlege overføringar				
Skatt og inntektsutjamning	200 330	196 204	197 776	-1 572
Rammeoverføring	179 780	199 166	197 650	1 516
Vertskommunetilskott	104 750	105 036	105 500	-464
Integreringstilskot	11 708	10 683	10 500	183
Havbruksfond	3 218	6 220	8 000	-1 780
Komp. eldreutb./skule/kyrkje m.m.	1 564	1 486	1 500	-14
Statlege overføringar	501 350	518 795	520 926	-2 131
Andre eksterne inntekter				
Utbytte VEAS	4 900	3 500	4 700	-1 200
Eigedomsskatt	19 711	19 449	20 000	-551
Sum andre inntekter	24 611	22 949	24 700	-1 751
Sum eksterne inntekter	525 961	541 744	545 626	-3 882
Tilskott ressurskr. Brukarar *	34 894	38 711	38 000	711

* innt. Ført fellsutg. Pleie- og omsorg

Rammeoverføring

